

Presidenten vår-

HO CHI MINH

Livshistoria til Ho Chi Minh.
Laga av Komiteen for studium av historia til
Vietnams Arbeidarparti.



Oktober



Presidenten vår HO CHI MINH



Presidenten vår HO CHI MINH

*Rapport frå Komiteen for
studium av historia åt
Vietnams Arbeidarparti*



**FORLAGET OKTOBER A/S
OSLO 1976**

Presidenten vår

HO CHI MINH

Rapport frå Komiteen for studium av
historia åt Vietnams Arbeidarparti.

Omsett etter den engelske utgåva frå
Foreign Languages Publishing House, Hanoi 1970.

Originaltittel: Our president Ho Chi Minh

© Forlaget Oktober A/S 1976

1. opplag, mars 1976, 3000.

Trykt i offset hos A/S Duplotrykk, Oslo 1976.

ISBN 82-7094-115-8

INNHALD

Ho Chi Minh, ein stor revolusjonær. Før-	
ord fra forlaget	s. 6
Presidenten vår Ho Chi Minh	s. 9
I Den unge fedrelandsvenen	
(1890–1911)	s. 11
II På leit etter ein revolusjonær veg	
(1911–1924)	s. 15
III Partiskippinga (1924–1930)	s. 32
IV Dei fyrste slaga (1930–1939)	s. 42
V Å vinna att sjølvstendet	
(1939–1945)	s. 52
VI Den fyrste motstanden (1945–1954)	s. 68
VII Den sosialistiske revolusjonen og	
striden for å samla landet att	
(1954–1965)	s. 94
VIII Den nasjonale motstanden mot	
amerikanske åtak (1965–1969) .	s. 109
IX Onkel Ho vil alltid leva i hjarto våre	s. 120
Slutning	s. 132
1858–1975 – En oversikt over det viet-	
namesiske folkets seierrike kamp	s. 134
Kart	s. 69
Fotografi	s. 70

HO CHI MINH

EIN STOR REVOLUSJONÆR

— Føreord frå forlaget

Denne boka handlar om livshistoria til Ho Chi Minh, leiaren for den vietnamesiske revolusjonen og den første presidenten i den frie demokratiske republikken Vietnam.

Boka fortel om livet til ein stor proletarisk revolusjonær, den rakaste motsetninga ein kan tenkja seg til imperialismen og borgarskapet sine politiske førarar.

I ei bok han skreiv midt i 20-åra sette Ho Chi Minh opp desse kjennemerka på ein revolusjonær: Han må vera flittig og nøysam, via seg heilt til å gjera det beste for samfunnet og vera heilt usjølvisk, vera fullrådd på å retta feila sine, halda seg vekk frå fåfengd og hovmot, la gjerningane sine svara til orda, halda seg strengt til den revolusjonære trua si, vera reide til å tola offer og ikkje lata materielle interesser få noka makt over seg.

Slik var han sjølv heile livet.

Livshistoria til Ho Chi Minh er samstundes saga om det vietnamesiske folket i langvarig politisk og militær kamp — mot den franske kolonialismen, mot den japanske fascismen og mot ei av dei sterkaste utbyttermaktene gjennom tidene, USA-imperialismen. Det er ei søge om ustanslege sigrar

for folket i eit lite koloniland, og om uunngåelige nederlag for fiendane til folk over heile verda.

Bak i boka finn du eit oversyn over dei viktigaste hendingane i den vietnamesiske revolusjonen, fram til sigeren i Saigon i april 1975.

Alt dette er verket til det vietnamesiske folket under leiinga av det kommunistiske partiet som Ho Chi Minh skipa. På same tid er det ein del av verdsrevolusjonen, det er ein dyrebar eigedom for arbeidarklassen og alle underkua over heile kloden.

Sigrane kom ikkje av seg sjølv. Dei er heller ikkje berre bygt på at revolusjonære vietnamesarar som Ho Chi Minh har halde fast på å gje alt for folket og fedrelandet. Frå fyrste stund understreka Ho Chi Minh at det avgjerande er evna til *å forstå den marxist-leninistiske teorien og følgja den riktige revolusjonære lina og dei riktige metodane*, som han skreiv i boka »Den revolusjonære vegen».

Livssoga hans fortel om korleis dei revolusjonære i Vietnam fann fram til denne teorien, korleis dei utvikla han på sine tilhøve og måta han til ettersom vilkåra skifta.

Respekten for Ho Chi Minh og det folket han var leiar for, rekk vidare enn til dei som sjølv strir for den marxist-leninistiske teorien. Sigrane i Vietnam har gjeve mot til mange ærlege anti-imperialistar utover kommunistane sine rekkjer. Men også dei må vita at det som er vunne i Vietnam ville vore utenkjande utan at denne teorien hadde hatt føringa.

No veks kampen mot imperialismen i den tredje verda seg sterkare for kvart år. Av boka om Ho Chi Minh kan du lære meir om kva slag oppgåver folka strir for å løysa i desse landa, og kva veg det er som kan føra dei til siger. Det er den eine grunnen til at denne boka er viktig i dag.

Det er ein annan grunn til det og. Avstanden

mellom Noreg og Vietnam kan vera stor på kartet, og skilnadene i historie er også store. Men den som vil skapa revolusjon i Noreg og verja landet mot allslags åtak frå imperialismen, den må følgja dei same grunnsetningane som den vietnamesiske revolusjonen vart tufta på. Framom alt gjeld dette den marxistiske-leninistiske læra om folkekrigen. For arbeidarklassen og folket i baa landa er vegen med folkekrig det einaste som duger mot aggressive imperialistmakter, og sosialismen er det einaste som kan gjera folket fritt og tryggja fullt sjølvstende for nasjonen.

E. T.

*Forlaget Oktober
februar 1976*

PRESIDENTEN VÅR HO CHI MINH

Livet og arbeidet åt president Ho Chi Minh er nært knytt til det mest ærerike steget i saga om den vietnamesiske revolusjonen og den hardaste stridsbolken i verdsrevolusjonen.

Som ein ekte patriot som vaks til ein stor kommunistisk stridsmann, sette president Ho Chi Minh det marxist-leninistiske lyset på den vietnamesiske revolusjonsvegen. Han rettleidde heile partiet og folket vårt, og dei har stridd uredde og samla som ein mann. Dei har skrive dei mest ærerike bolkaner i saga om nasjonen vår, og ført landet vårt inn i ei tid med sjølvstende, fridom og sosialisme.

President Ho Chi Minh står fram som den fullkomne samordninga av fridoms- og sjølvstende-idealet og kommunismen, av brennande fedrelands-hug og proletarisk internasjonalisme. Han ervde og utvikla dei gjævaste tradisjonane den vietnamesiske nasjonen eig, og knytte dei i hop med den mest grunnleggjande revolusjonære ideologien i vår tid: marxismen-leninismen. Han grunnla og leidde partiet vårt, og herda det til eit ekte revolusjonært parti for arbeidarklassen. Han skapte Den nasjonale einskapsfronten, folkehæren, Den demokratiske republikken Vietnam, og freista utrøytande å gjera sitt for å styrkja den internasjonale solidariteten.

Han vigde omsut og omtanke til å øva og utdana kadrar og partimedlemer, og dreiv fram framtidige revolusjonære generasjonar utan stogg.

Saman med sentralkomiteen i partiet rettleidde president Ho Chi Minh to revolusjonar i landet vårt: den folkelege nasjonal-demokratiske revolusjonen og den sosialistiske revolusjonen. Han leidde to langvarige motstandskrigar mot framande åtaksmenn: mot dei franske kolonialistane tidlegare, og den som no er mot dei amerikanske imperialistane. Han leidde oppbygginga av sosialismen i nord, eit aktivt tilskot til striden folket i verda fører for fred, nasjonalt sjølvstende, demokrati og sosialisme.

President Ho Chi Minh er eit lysande døme på ein grunnleggjande revolusjonær hug. Han var djerv og uthaldande i strid, han vigde seg heilt til partiet, folket og revolusjonen. Oppglødd av offervilje arbeidde han all sin dag for fridom for arbeidarklassen, nasjonen og heile menneskeætta, for sjølvstende, fridom, sosialisme og kommunisme.

Dei gode eigenskapane hans var at han var trufast mot partiet, han elska folket, og var trottig og strevsam, sjølvstendig og heilhuga. Han ofra alt for det som tente folket, og krov ingen ting sjølv, han var ærleg, smålåten og levde einfelt. Han kjende ein djup kjærleik til det arbeidande folket, heldt nær kontakt med massane og hadde full tiltru til evnene og styrken i folket.

Lat oss gå over til livet og arbeidet hans, slik at me kan få eit klårt skjøn på kva han har gjort for den revolusjonære saka og læra av tenkinga hans, dei gode eigenskapane og arbeidsmåten.

I

Den unge fedrelandsvenen (1890—1911)

Som barn bar president Ho Chi Minh namnet Nguyen Tat Thanh. I mange år av sitt revolusjonære liv nytta han namnet Nguyen Ai Quoc. Han vart fødd den 19. mai 1890 i landsbyen Hoang Tru, fødestaden til mor hans. Han voks opp der far hans var frå, landsbyen Kim Lien i Nam Dan-distriktet som ligg i Nghe An-provinsen.

Han vart fødd inn i ein familie av fedrelandshuga lærde av bondeætt. Far hans heitte Nguyen Sinh Huy, eller Nguyen Sinh Sac (1863—1929). Sidan han hadde mist begge foreldra då han var barn, måtte Nguyen Sinh Huy arbeida for levebrødet medan han studerte. Takk vere at han var glad i å studera og hadde godt vit, og dessutan den omhugsame undervisninga til den lærde Hoang Duong, vart han Pho Bang (jfr.: dr. philos.). Hoang Duong gav han dottera si til ekte, og sidan levde han einfelt som lærar. Han innprenta borna sine kjærleik til arbeidet og oppmoda dei til å studera for å skjøna »den menneskelege moralen». Etter han hadde teke graden Pho Bang vart han offentleg tenestemann, etter stadig press frå styresmaktene. Men han la stadig for dagen ei avvisande og lite samarbeidsviljug innstilling. Han sa ofte: »Tenestemennene er slavar mellom slavar, og difor er dei

endå meir trællyndte». Han var ein fedrelandshuga og byrg mann og nekta å sleiska for dei franske kolonialistane, og difor fekk han avskil etter ei tid i teneste. Han reiste då til Nam Bo der han praktiserte tradisjonell medisin og levde eit einfelt og stilt liv til han døydde.

Mor åt president Ho Chi Minh var fru Hoang Thi Loan, ei snill og strevsam kvinne som vigde livet sitt til å dyrka jorda og oppseda borna sine.

Han hadde ei eldre syster som heitte Nguyen Thi Thanh, eller Bach Lien (1884–1954) og ein eldre bror som heitte Nguyen Sinh Khiem, eller Nguyen Tat Dat (1888–1950). Begge var med i striden mot den franske kolonialismen, og vart kasta i fengsel for kortare eller lengre tid.

President Ho Chi Minh var det tredje barnet i lyden. Då han var barn, var han ein gløgg og arbeidssam elev, ivrig etter å læra noko nytt. Attåt skulebøkene likte han å lesa fedrelandsvenlege romanar og dikt. Når han las soger om heltar frå staden, slike som Mai Hac Dê, Nguyen Quang Trung og andre, og når han lydde til samtalar mellom faren og dei fedrelandshuga venene hans, fekk han i seg kjærleiken til landet og folket endå han berre var gutungen. Han levde mellom folket, og var vitne til kvardagsnauda deira, når dei fekk pryl for dei ikkje greidde betala rentene og skattane og gjera pliktarbeidet. Han leid ved desse opptrinna, og i hjarta hans kveikte dei hatet til åtaksmennene og svikarane som var agentar for dei.

President Ho Chi Minh var fødd og voks opp i ein landslut med lang tradisjon i å halda ut i striden mot ein motviljug natur og i djerv motstand mot framande åtak. Nghe-Tinh var eit av dei fyrste områda til å reisa oppreistfana mot dei franske kolonialistiske inntrengjarane. Fedrelandshuga lærde i Nghe An, til dømes Tran Tan (Thanh

Chuong) og Dang Nhu Mai (Nam Dan) fylgde hærropet frå Van Than-rørsla, sette saman troppar og sette i verk oppreistar. Can Vuong-rørsla¹ åt Phan Dinh Phung og Dong Du²-rørsla åt Phan Boi Chau i Trung Bo, Dong Kinh Nghia Thuc³-rørsla og oppreistane og geriljakrigen bøndene førte under leiing av Hoang Hoa Tham i Bac Bo, framstøyten for reformar leidd av Phan Chu Trinh og at bøndene i Trung Bo nekta å betala skatt, alt saman verka sterkt på president Ho Chi Minh, særleg medan han studerte ved høgskulen Quoc Hoc frå 1905 til 1910. Såleis bar han i seg viljen til å jaga ut dei franske kolonialistane alt medan han var ungdom. Då han var 15 var han med i undergrunnsarbeid og gjorde teneste som bodberar for nasjonalhuga intellektuelle.

Dei nasjonale rørsleane me har nemnt mislukkast likevel, den eine etter den andre, fordi dei vanta ei rett line i striden. Leiarane deira skilde ikkje mellom dei franske kolonialistane på den eine sida og den franske arbeidarklassen og det franske arbeidande folket på den andre. Dei var ikkje på det reine med at den vietnamesiske revolusjonen hadde til oppgåve å sigra over dei franske imperia- listane og vinna nasjonalt sjølvstende, å velta dei føydale godseigarane og gje bøndene jord. Dei var ikkje medvitne om at dei mest talrike revolu- sjonære kreftene i folket vårt var bøndene.

Can Vuong-rørsla åt Phan Dinh Phung misluk- kast, for den føydale godseigarklassen hadde rotna og for det meste gjeve seg over til franskmennene. Dessutan kua godseigarane bøndene fælsleg, og Can Vuong-fana kunne difor ikkje brukast for å samla folkemassane, særleg ikkje bøndene.

1) Ei kongevenleg nasjonalrørse. (Vår merknad.)

2) Rørsla »Reis austetter» (til Japan). (Vår merknad.)

3) Skulen for fedrelandshuga opplæring. (Vår merknad.)

Bondeoppreistane Hoang Hoa Tham leidde mislukkast fordi dei vanta klårt framsette liner og politikk. Dessutan fekk dei ikkje til å organisera dei breie folkemassane, stridsmåtane var ikkje høvelege og det skorta på våpen.

Phan Chu Trinh krov berre reformar og gjekk ikkje inn for å ta makta frå dei franske kolonialistane og dei føydale agentane deira.

Phan Boi Chau leit på at japanarane skulle velta franskmennene, nær det same som å »få ein tiger ut hovuddøramedanduslepper ein panter inn bakdøra».

President Ho Chi Minh såg opp til Phan Dinh Phung, Hoang Hoa Tham, Phan Boi Chau og Phan Chu Trinh, men fylgde ikkje stemneleia dei streka opp. Han nekta å »reisa austetter» til Japan slik Dong Du-rørsla gjekk inn for, men vende seg i staden til dei vestlege landa; dei drog han med ideal om fridom, borgarrettar, demokrati og moderne vitskap og teknologi. Han vart og vis med at utdanningssystemet dei franske kolonialistane stelte til berre sikta mot å øva opp krypande handlingarar. Såleis slutta han skulen tidleg i 1911 og reiste til Phan Thiet der han underviste i ein privat skule som heitte Duc Thanh og var grunnlagd av nokre nasjonalhuga lærde. Litt seinare reiste han søretter til Saigon. Nam Ky sto under kolonistyre og var ikkje det minste ulikt Trung Ky og Bac Ky under protektoratet. Allstad var folket utsett for den same kuinga og utbyttinga, dei same elendige kåra og audmjukingane. Dette gjorde president Ho Chi Minh endå meir huga på å reisa til landa i Vesten for å sjå korleis folka der hadde greidd å verta sjølvstendige og sterke. Såleis kunne han hjelpa landsmennene sine å jaga ut dei franske kolonialistane når han kom att. Denne avgjerda opna nye voner for den striden folket vårt førte for nasjonal berging.

II

På leit etter ein revolusjonær veg (1911—1924)

Etter eit kort opphald i Saigon seint på året 1911 fekk president Ho Chi Minh arbeid som byssegut på S/S Admiral Latouche Tréville, under namnet Ba. Skipet tilhøyrdte det franske selskapet *Chargeurs Réunis*. Frå no av reiste han mykje, særleg til Frankrike. Inspirert av inderleg fedrelandskjærleik og djupt hat til kolonialistane heldt han ut alle prøvingar med stoisk ro. Han åtte ein fast vilje til å gjera alvor av dei vakre draumane sine.

President Ho Chi Minh kom til Frankrike på leit etter ein revolusjonær måte å fri landsmennene sine frå den franske kolonityngsla. Han budde, studerte og øvde seg innan den franske arbeidarrørsla, og attåt vitja han mange land i Europa, Afrika og Nord- og Sør-Amerika. Han livnærte seg med kroppsarbeid, og var gartner, brøytemannskap, kelner, gravør, fyrbøtar og ymse anna. I desse åra han heldt til mellom folket vart han grundig vis med urettvisa og vondskapen i det kapitalistiske samfunnet. Han vart hardt skaka av kor stor nauda var i livet for arbeidarklassen og det arbeidande folket i alle land, same kva hudfargen var. Då han vitja ein del koloniland i Afrika såg han klårt at tapet av nasjonalt sjølvstende førte med seg den same lidinga og krenkinga alle stader. Han kom til

ein viktig førebels konklusjon: Alle stader var kapitalismen fæl og umenneskeleg. Arbeidarklassen og det arbeidande folket var offer for barbarisk underkuing og utbytting, og kolonifolka hadde den same uforsonlige fienden, imperialistane og kolonialistane. Slik såg han klårt at *venene våre var arbeidarklassen og det arbeidande folket i alle land, og fienden vår var imperialismen, same kvar han fanst.*

Dette var eit stort vendepunkt i tenkinga åt president Ho Chi Minh. Litt etter litt lærde han folket vårt opp og fekk dei til å skilja mellom ven og fiende. Tidlegare hadde alle nasjonalrørsler i Vietnam meir eller mindre vore merkte av framandhat. No tok folket til å sjå at *den franske arbeidarklassen og det arbeidande folket var vener, medan dei franske kolonialistane og imperialistane var dei verkelege fiendane.* Dette hadde mykje å seia for strategien, ikkje berre for den vietnamesiske revolusjonen, men like mykje når det gjeld revolusjonen i andre koloniland.

I 1917 kom president Ho Chi Minh attende til Frankrike frå Storbritannia, og var ivrig med dei franske arbeidarane i striden. Han gjekk inn i Det franske sosialistpartiet og grunnla Laget for Vietnamesiske Fedrelandsvener til å driva propaganda mellom vietnamesarar som budde i Frankrike og opplysa dei. Jamsides den politiske verksemda arbeidde han hardt for levemåten. Stundom var han tilsett i ei fotoforretning, stundom måla han for ein som handla med »kinesiske antikvitetar». Men heile tida såg han lyst på framtida og tolma seg i all slags motbør. Han miste aldri or syne kva mål striden hadde. Han lærde å skriva avisartiklar og på massemøte delte han ut flogsetlar som fordømde brotsverka dei franske kolonialistane gjorde i koloniane. Han gjorde seg nytte av alle slag

talarstolar, frå folkemøte til ordskifte i forstads-klubbar for å få tilhøyrarane til å ansa på Indokina-problemet.

Det var nett då, midt i denne intense aktiviteten, at den russiske oktoberrevolusjonen skaka verda. Som eit torebrak om våren vekte denne revolusjonen arbeidarklassen, det arbeidande folket og dei underkua nasjonane i verda, og reiste dei til revolusjonær strid. Det opna ein ny tidbolk i saga åt menneskeætta, bolken då kapitalismen dett frå einannan og sosialismen sigrar i verdsmålestokk. *Den russiske oktoberrevolusjonen fekk avgjerande verknad på kamplivet åt president Ho Chi Minh.* Med eldhug og tiltru til at revolusjonen hadde ei lysande framtid i landet vårt og i verda, hadde han avgjort at han skulle fylgja leia den russiske oktoberrevolusjonen synte.

Verdskrigen enda i 1918. Året etter heldt dei sigrande imperialismaktene Versailles-konferansen i Frankrike med tanke på å dela opp verdsmarknaden på nytt. President Ho Chi Minh tok namnet Nguyen Ai Quoc, og sende konferansen det vidgjetne åttepunktts bønneskriftet »Dei nasjonale rettane» på vegner av dei vietnamesiske fedrelandsvenene i Frankrike. Her krov han at den franske regjeringa godkjende at det vietnamesiske folket hadde rett til fridom, demokrati, jamstelling og sjølvråderett. Dette var det fyrste slaget hans beint imot imperialisthovdingane. Men Versailles-konferansen var berre ein stad der dei sigrande kjeltringane delte rovet mellom seg. Heile bora skulle berast av folka i tapar-landa og dei underkua nasjonane. Av denne praktiske røynsla drog president Ho Chi Minh ein annan svært viktig lærdom: Imperialist-fråsegnene om fridom og demokrati var ikkje anna enn fine ord som skulle lura dei underkua folka. *For å få verkeleg sjølv-*

stende må dei fyrst og fremst lita på sin eigen styrke, vietnamesarane må frigjera seg med sitt eige arbeid.

Denne lærdomen fekk mykje å seia teoretisk og praktisk, for han kasta lys over vegen med revolusjonær strid for folket vårt og for andre kolonifolk. Striden president Ho Chi Minh førte ved Versailles-konferansen gav sterk atterljom hjå folket i Vietnam, i Frankrike og i andre franske koloniar. Franskmennene tykte det slo ned som ei bombe som skaka den franske folkemeininga. Vietnamesarane såg det som eit startskot som vekte folket vårt til revolusjonær strid. Kvar dei så møttest brukte vietnamesiske folk i Frankrike å tala om sjølvstende og sjølvråderett, og dei sa namnet Nguyen Ai Quoc med stor vyrdnad og godhug. Denne striden opna ein ny tidbolck i striden det vietnamesiske folket førte mot fransk imperialisme, for nasjonal frigjering. Folket vårt var byrge av og trudde på kamerat Nguyen Ai Quoc som leiar, ei stigande stjerne på den vietnamesiske himmelen.

Den russiske oktoberrevolusjonen vart fylgd av ei sterk utvikling i kommunistrørsla og arbeidar-rørsla i verda. Tidleg i 1919 heldt Lenin og marxistar som stødde synet hans ein kongress i Moskva for å grunnleggja Den tredje internasjonale, det vil seia den kommunistiske internasjonale, og lysa Den andre internasjonale daud. Då Den kommunistiske internasjonale såg dagslys var det ein stor siger for arbeidarrørsla og kommunistrørsla i verda, for han hadde vunne over den opportunistiske, reformistiske og sjåvinistiske lina hjå delar av Den andre internasjonale. Difor skunda det på skipinga av mange kommunistparti og voksteren i den revolusjonære rørsla i mange land i verda. Den kommunistiske internasjonale sa frå at han stødde

den nasjonale frigjeringsrørsla i Austen fullt ut. *Tesar om det nasjonale spørsmålet og kolonispørsmålet* av Lenin vart vedtekne av den andre kongressen i Den kommunistiske internasjonalen i 1920. Dei kartla den grunnleggjande stemneleia for den revolusjonære rørsla i kolonilanda og lydrika.

Den internasjonale arbeidarklassen hadde no ei revolusjonær borg, Sovjetunionen, og ei rett leiing i Den kommunistiske internasjonalen. Den verdsrevolusjonære rørsla krov at verkeleg marxistiske parti var i leiinga, det nye partislaget arbeidarklassen hadde fått. Som i mange andre arbeidartparti i Europa braut ein hard strid ut i Det franske sosialistpartiet for å verja marxismen mot revisjonistane. President Ho Chi Minh var med i ordskifta i grunnorganisasjonane i Det franske sosialistpartiet. På denne tida vart han kjend med *Tesar om det nasjonale spørsmålet og kolonispørsmålet* av Lenin. Han fekk hjelp frå slike franske revolusjonære som Marcel Cachin, Paul Vaillant-Couturier og Monmousseau, og såg klårare og klårare at Den tredje internasjonalen og tesene åt Lenin svara til dei høgaste vonene hans: Sjølvstende for landet og fridom for folket. Han sa: »Tesane åt Lenin gav meg slike kjensler, slik brennhug, opplysning og tiltru! Eg kom på gråten. Åleine på romet mitt sa eg høgt som om eg tala til massane: 'Underkua landsmenn! Dette er det me treng, dette er vegen vår til frigjering'! » Frå no freista han finna verka åt Lenin for å studera dei. Han hadde full tiltru til Lenin, og var utan atterhald for Den tredje internasjonalen. På den 18. kongressen i Det franske sosialistpartiet som vart halden i Tours (frå 25. til 30. desember 1920), fordømde han dei fælslege brotsverka dei franske kolonialistane gjorde i Indokina, og oppmoda den franske

arbeidarklassen og alle sanne marxistar til å arbeida på praktisk vis for å stø den revolusjonære striden det vietnamesiske folket og andre kolonifolk førte. Saman med dei beste av dei franske marxistane røysta han for skipinga av Den tredje internasjonale, og vart ein av dei som var med og grunnla Det franske kommunistpartiet.

President Ho Chi Minh var ein av dei fyrste medlemene i Det franske kommunistpartiet og samstundes den fyrste vietnamesiske kommunisten. Dette er ein svært viktig kjensgjerning i det stridande livet hans og i saga om den vietnamesiske revolusjonen. Medan striden han førte ved Versailles-konferansen i 1919 var signalet som eggja folket vårt til å stri mot fransk kolonialisme, var det at han var med å skipa Det franske kommunistpartiet i 1920 eit stort historisk vendepunkt i den vietnamesiske revolusjonen. Det var ei avgjerande hending, eit sprang frametter, eit kvalitativt skifte i hans eiga tenking og politiske standpunkt. Då fann han den rette revolusjonære vegen for det vietnamesiske folket, ein veg der klassestrid gjekk saman med nasjonal strid, og ekte fedrelandshug med proletarisk internasjonalisme. Dei to ideologiske straumane var langt frå motstridande, og gjekk i hop til ein heilskap og fremja voksteren hjå kvarandre.

I lys av *Vedtak frå Den kommunistiske internasjonale* og Lenin sine *Tesar om det nasjonale spørsmålet og om kolonispørsmålet* kjende president Ho Chi Minh at det trongst aktivt organisasjonsarbeid og propaganda for å skuva på den revolusjonære rørsle i kolonilanda. Med hjelp frå Det franske kommunistpartiet skipa han *Union intercoloniale* saman med ein del fedrelandsvener frå franske koloniar. Som utsending for det indokinesiske folket vart han vald til sentralkomiteen i

Unionen, og utnemnd til fast medlem. Då dette samlaget vart skipa var det ei svært viktig politisk hending for dei underkua folka. Det samla folka i kolonilanda i ein sams front mot imperialismen. På same tid bygde det opp ein kampdugande solidaritet mellom folket i dei franske koloniane og arbeidarklassen og det arbeidande folket i Frankrike. For å vekkje kolonifolka til å reisa seg og stø si eiga frigjering sende Unionen ut eit *Manifest* som sa: »For å seia det med orda Karl Marx brukte, me lyt fortelja dykk at berre gjennom eigen strid kan me ha von om å frigjera oss.» Med dette føremålet skulle Unionen leggja saka fram offentleg i avisartiklar og gjennom det tala ordet (med å halda føredrag, møte og slikt) og med å nytta alle hjelperåder som fanst for å føra den revolusjonære striden vidare.

I 1922 gav *Union intercoloniale* ut avisa *Le Paria* (Den heimlause). President Ho Chi Minh var samstundes utgjevar, redaktør og styrar. Med beinveges rettleiing frå han, berrla *Le Paria* den barbariske utbyttings- og underkuingspolitikken imperialismen førte i det store og heile, og særskilt den franske imperialismen, og vekte dei underkua folka til revolusjonær strid. Avisa naut godt av medhug og stønad frå arbeidarklassen og det arbeidande folket i Frankrike. Ho sende ein revolusjonær vind over Indokina og mange andre koloniar. Trass i alle hindringar kolonistyrsmaktene la i vegen vart eksemplar av *Le Paria* førte inn i landet vårt. Takk vere dette såg mange vietnamesiske fedrelandsvener endå klårare kva brotsverk dei franske kolonialistane gjorde, og byrja skjøna noko av den russiske oktoberrevolusjonen og Lenin. Attåt å driva *Le Paria* sende president Ho Chi Minh og artiklar til *l'Humanité*, hovudorgan for Det franske kommunistpartiet, *La*

Vie ouvrière (Arbeidarlivet), hovudorgan for det franske LO (CGT), og skreiv det vidkjende stridskriftet *Le procès de la colonisation française* (Fransk kolonisering på tiltalebenken)¹. I ein klår og einfelt stil og med uimotseiande argument og bitande satire var dette eit tiltaleskrift mot kolonialismen allment, og særskilt den franske, på alle felt: økonomi, politikk, kultur og samfunnstilhøve. Med handfaste prov synte skriftet fram imperialismen som kjelda til all underkuing og utbytting. Det berre nauda som vart større og større og den barbariske underkuinga arbeidarane og det arbeidande folket i koloniane vart utsette for. Det arbeidet president Ho gjorde her var eit knusande slag mot imperialismen og eit fyrste steg for å peika ut den rette revolusjonære vegen for folket vårt og for andre underkua folk. Det var ikkje berre eit dyrverdig historisk dokument om teori og ideologi, men det var stor skrivekunst samstundes, og trengde lett inn i tanke og hug hjå lesarane.

Ein gong i siste halvdel av 1923 reiste president Ho Chi Minh frå Frankrike til Sovjetunionen. Som utsending for bøndene i koloniane var han med på kongressen i Bondeinternasjonalen 1.–15. oktober 1923, og vart vald inn i eksekutivkomiteen.

21. januar 1924 stogga det store hjarta til Lenin. Det var med sterke kjensler president Ho Chi Minh kom for å syna Lenin den siste æra. Han skreiv artikkelen »Lenin og kolonifolka» der han sa: »Me er djupt sorgtyngde av dette ubotelege tapet, og me deler sorga med brør og systre i folket i alle

1) *Fransk kolonisering på tiltalebenken* var skriven av president Ho Chi Minh i 1921 og kom ut i Frankrike i 1925. Andre presseartiklar han skreiv i tida 1921–26 kom ut på forlaget *Su that* i to band: *Til fordøming av kolonialismen* (1959) og *Fransk kolonialist-rettferd i Indokina* (1962), begge på vietnamesisk mål.

land. Likevel trur me at Den kommunistiske internasjonale med avdelingar, mellom anna dei i kolonilanda, vil gjennomføra lærdomane og tilrådingane leiaren vår let etter seg.

Medan han levde var Lenin far, lærar, kamerat og rådgjevar. No er han stjerna me styrer etter, den som syner oss vegen til den sosialistiske revolusjonen.»

President Ho Chi Minh vart verande i Sovjetunionen ei tid. Han arbeidde for Den kommunistiske internasjonale og skreiv mange artiklar i *Pravda*, avisa åt Kommunistpartiet i Sovjetunionen, og i meldingsbladet Den kommunistiske internasjonale gav ut, *Internasjonal korrespondanse*. Her heldt han fram med å greia ut tankane sine om nasjonal frigjeringsrevolusjon i koloniane.

Han var offisiell utsending frå Det franske kommunistpartiet til den femte kongressen i Den kommunistiske internasjonale (17. juni – 18. juli 1924) i Moskva, og til dei fylgjande kongressane for internasjonale fagforeiningar, ungdom, kvinner og så bortetter.

På den femte kongressen i Den kommunistiske internasjonale la han fram ei viktig melding der han gjorde heilt greie for sine eigne standpunkt og synsmåtar og la fram ein frittalande og venleg kritikk av fleire kommunistparti for at dei ikkje la stor nok vekt på revolusjonen i koloniane. Han gjorde framlegg om tiltak som kunne setja fart i den revolusjonære rørsla i kolonilanda, og la særleg vekt på bondefrigjeringa i desse landa.

Dei revolusjonære ideane hadde teke form steg for steg hjå Ho Chi Minh sidan kongressen i Tours i 1920. Skriftene hans var fyndige og fulle av strids-hug. Særleg meldinga og talane hans ved den femte kongressen i Den kommunistiske internasjonale inneheldt dei grunnleggjande spørsmåla i strategi og

taktikk for revolusjonen i Vietnam og i kolonilanda i det store og heile.

President Ho Chi Minh var gjennomsyra av tankane som kjem fram hjå Lenin i *Tesar om det nasjonale spørsmålet og kolonispørsmålet*. Han hadde ikkje berre eit klårt syn for det nære tilhøvet mellom koloni-revolusjonen og den proletariske revolusjonen i »mor-landet», men såg dessutan klårt koloni-revolusjonen som ein uskiljande del av den proletariske verdsrevolusjonen. Han peika på *kor strategisk viktig koloni-revolusjonen var, han måtte sidestillast med den proletariske revolusjonen i imperialistlanda og ein måtte ikkje tru han var avhengig av revolusjonen i »mor-landa*». Dette synet låg i det livfulle og vidgjetne biletet: »Kapitalismen er ein igl med ein sugearm festa på proletariatet i »mor-landet» og ein på proletariatet i koloniane. Om me vil drepa denne iglen, må me skjera av begge sugearmane. Om berre den eine sugearmen vert avhogd vil den andre halda fram med å suga blod frå proletariatet, iglen vil leva framleis og den brotne sugearmen vil veksa ut att.»

Kapitalismen utbyttar arbeidarklassen i »mor-landet» grovt, samstundes med at han utbyttar arbeidarklassen og folket i koloniane hjartelaust. For å sopa vekk kapitalismen må arbeidarklassen i »mor-landet» føra revolusjonær strid og slå til mot sjølvte bølet medan arbeidarklassen og folket i koloniane må stri mot imperialismen for nasjonal frigjering. På dette viset vil det verta oppretta eit nært tilhøve mellom dei revolusjonære kreftene arbeidarklassen har i dei imperialistiske landa og kreftene hjå dei underkua folka. Desse to sameina kreftene skaper ein samla front mot imperialismen, for frigjering av arbeidarklassen i verda og dei underkua nasjonane. President Ho Chi Minh konkretiserte læresetningane Lenin laga om det

nasjonale spørsmålet og kolonispørsmålet. Med det han gjorde innan teori og praksis førte han ein målmedviten strid for å gjera alvor av det strategiske stridsropet etter Lenin: »Proletarar i alle land og underkua folk, gå saman! »

I 1913 gjorde Lenin ære på den revolusjonære stillinga dei austlege landa sto i og skreiv: »Men opportunistane hadde knapt ynskt seg sjølve til lukke med at 'samfunnsfreden' var innsett og med det at stormar ikkje trongst i 'demokratiet', då ei ny kjelde til store verdsstormar opna seg i Asia... Me lever no i denne tidbolken med stormar og med 'ringverknadene' dei har i Europa.»¹

Gjennomsyra med læra til Lenin sa president Ho Chi Minh i 1924: »Lagnaden for verdsproletariatet er for ein stor del avhengig av koloniane som forsyner dei store imperialismaktene med mat og folk. Om me vil slå imperialismaktene må me byrja med å ta ifrå dei koloniane.»² Desse orda uttrykkjer kva revolusjonære tiltak kolonifolka kan setja i gang. I tidbolken med imperialisme og proletarisk revolusjon, under innverknad av den russiske oktoberrevolusjonen, kan kolonifolka endå til vinna siger før arbeidarklassen i »mor-landet», berre dei veit korleis dei skal få dei revolusjonære tiltaka sine skikkeleg i gang. Då august-revolusjonen sigra i Vietnam i 1945, synte det at den revolusjonære synsmåten president Ho Chi Minh hadde var heilt rett.

Til vern om læresetningane om det nasjonale spørsmålet og kolonispørsmålet frå Lenin førte

1) Lenin, *Den historiske lagnaden for læra åt Karl Marx*, Moskva 1955, eng. utg. s. 20–21. (Sjå: »Karl Marx' lære og dens historiske skjebne» i Lenin: Marx Engels marxisme, Ny Dag, 1952, s. 53)

2) Nguyen Ai Quoc, *Tale på femte kongressen i Den kommunistiske internasjonale*, i *Internasjonal korrespondanse* nr. 41, 1923.

president Ho Chi Minh kvass strid mot rasefor-
domar og sjåvinistiske tankar som enno låg att i
den vest-europeiske arbeidarrørsla. Samstundes
heldt han fram den proletariske internasjonalsmen
for kolonifolka. Han rådde Den kommunistiske
internasjonalsmen og avdelingane sterkt til å fylgja
den nasjonale frigjeringsrørsla nøye. Dei måtte få
med medlemer og læra opp revolusjonære kadrar
or kolonifolka ved å senda dei for å studera ved
Orient-universitetet i Moskva, med å auka propa-
ganda-arbeidet i kolonilanda osb. Han sa: »Me er
læresveinar av Lenin og difor må me samla styrken
og energien vår om kolonispørsmålet likså vel som
om andre problem, og såleis føra læra hans ut i
praksis.»

President Ho Chi Minh vigde ikkje kreftene sine
berre åt den revolusjonære rørsla i landet vårt. Han
var og aktivt med i den internasjonale kommunist-
iske rørsla og den nasjonale frigjeringsrørsla. Den
politiske og ideologiske striden han førte då fekk
mykje å seia og tok sikte på å verja læresetningane
åt Lenin om det nasjonale spørsmålet og koloni-
spørsmålet. Meininga var å yta noko til å styrkja
kampsolidariteten mellom arbeidarklassen i »mor-
landet» og folket i koloniland og lydrike.

Så tidleg som i 1920 innsåg han at den nasjonale
frigjeringsrevolusjonen måtte gå vegen med
proletarisk revolusjon om han skulle vinna siger, at
nasjonal frigjering står og fell med klassefrigjering,
at nasjonal sjølvråderett ikkje kan skiljast frå sosia-
lisme og kommunisme. Dette er vegen til full-
stendig og grunnleggjande frigjering for arbeidar-
klassen og folket i kolonilanda. Han sa: *»Berre ved
å frigjera arbeidarklassen kan ein frigjera nasjonen;
begge desse frigjeringane kan einast gjerast gjennom
kommunismen og verdsrevolusjonen.»*

Den nasjonale frigjeringsfana president Ho Chi

Minh lyftar er ei fane for grunnleggjande revolusjon ved arbeidarklassen. Han var oppglødd av det marxist-leninistiske synet på uavbroten revolusjon. Såleis meinte han at i eit koloniland, eit tilbakeståande jordbruksland, må arbeidarklassen slå seg saman med bøndene og gå beint vidare til sosialismen når dei har vunne att nasjonalt sjølvstende. Dette er dei fullt ut i stand til, utan å gå vegen om den kapitalistiske utviklinga.

For å føra nasjonal frigjeringsstrid må kolonifolka ha eit klårt syn på *målet* for og *kreftene* i revolusjonen. President Ho Chi Minh peika på at hovudfienden for kolonifolka er *imperialismen* og *dei føydale agentane hans*. Dei må samla kreftene for å øydeleggja denne fienden. Medan han fordømde imperialismen, gløymde ikkje president Ho Chi Minh å klaga hjelparane, dei reaksjonære føydherrane. Då kong Khai Dinh kom til Frankrike for å vitja Koloniutstillinga i 1922, skreiv han skodespelet *Bambusdraken* og ei rad artiklar der han tukta denne sprellemannen av ein konge.

Som ein dom over imperialismen i det store og heile skreiv president Ho Chi Minh: »Soga om korleis europearane hærtok Afrika vart skriven med blodet åt dei innfødde folka frå fyrst til sist, til liks med soga om kva slag som helst annan koloni som vart underlagt.» Og han sende ut denne gripande bøna: »Lat ikkje kolonifolka måtte tola desse krenkingane lenger, lat dei reisa seg! »

I tidbolken med imperialisme og proletarisk revolusjon må den nasjonale frigjeringsrevolusjonen leiast av arbeidarklassen for å sigra. President Ho Chi Minh hadde tidleg vorte vis med den *historiske oppgåva den internasjonale arbeidarklassen har*, den einaste klassen som kan leia striden for klassefrigjering, nasjonal frigjering og frigjering av menneska frå kapitalistisk styre.

I kolonilanda og i lydrika må arbeidarklassen gripa tak i den nasjonale fana. Han tok lærdom av røynslene frå den tyrkiske arbeidarrørsla då han sa: »Det tyrkiske proletariatet som har gjort mykje for den nasjonale sjølvstendestriden, ser seg no tvinga til å føra ein annan strid, klassestriden.» Dette var ein lærdom som var sams for arbeidarklassen i koloniland og lydrike.

I landet vårt var arbeidarklassen enno ikkje så talrike den gongen og var enno ikkje noka sjølvstendig politisk kraft. Men president Ho Chi Minh peika på protestrørsla åt 600 fargarar i Cho Lon (Nam Bo) i 1922 og sa at det var eit teikn i tida, eit teikn på at arbeidarklassen hadde teke til å verta medviten om eigen styrke og evne.

For å fullenda den nasjonale frigjeringsoppgåva la president Ho Chi Minh vekt på at arbeidarklassen i kolonilanda må ha ein fortropp. Det vil seia at han må leiast av eit marxist-leninistisk revolusjonært parti.

I 1921 skreiv han: »Det indokinesiske folket er fylt med noko som kokar og durar, og når tida kjem vil det bryta ut med stor ofse. Dei som står i fremste lina må hjelpa til slik at høvet kjem. Ugjerningane under kolonistyret har laga marka i stand, det einaste sosialismen treng gjera er å så fridomsfrøa.» ¹

I kolonilanda må frigjeringa av nasjonen, i hovudsak bøndene, sigeren over imperialismen og det å vinna nasjonalt sjølvstende, gå hand i hand med det å velta dei føydale godseigarane og gje bøndene jord. President Ho Chi Minh vart tidleg klar over *kva bøndene kunne gjera og kor sterke dei var i den nasjonale frigjeringsrevolusjonen*. Han

1) Nguyen Ai Quoc, »Indochina», The Communist Review no 14, 1921.

fylgde nøye med bonderørsla i koloniland og halvkoloniar. Han peika på at i dei fleste franske koloniar kjende industrien mest inga utvikling og jordbruket var den viktigaste delen av økonomien. Difor sto og bøndene for 95 % av folkemengda. Imperialistane, dei føydale godseigarane og folk som løynde verksemda si bak religionen røva jorda frå dei, underkua og utbytta dei hjartelaust og gjorde dei til slavar. Han gjorde framlegg om at Den kommunistiske internasjonale skulle styrkja leiinga for og organiseringa av bøndene i kolonilanda: »I alle dei franske koloniane har nauda og svolten vesna og harmen veks. Oppreisten har mogna hjå dei innfødde bøndene. I mange koloniar har dei verkeleg gjort oppreist ved fleire høve, men oppreistane har vorte drukna i blod. Om bøndene har halde seg passive nett no, er det fordi dei vantar organisering og leiing. Den kommunistiske internasjonale burde gje dei leiarkadrar og føra dei mot revolusjon og frigjering.» Han gjorde og framlegg om at kommunistane i halvkoloniane skulle setja i gang ei brennande sterk rørsle for å utdana massane og få dei til å sjå styrken sin klårt, sjå sine eigne interesser og at dei kunne gjera alvor av stridsropet: »All jord til bøndene! » Det var klårt at synet hans var etter læra åt Lenin: »Bøndene i kolonilanda står framleis til attars, men dei kjem til å spela ei svært viktig revolusjonær rolle i dei komande stega i verdsrevolusjonen.»¹

Tidlegare hadde dei vietnamesiske fedrelandsvenene ikkje hatt noko verkeleg klårt syn på kva stilling og oppgåve bøndene hadde, endå dei leit på at dei hadde styrke til å stå imot framande åtak.

1) Lenin, *Den kommunistiske internasjonales tredje kongress*, 22. juni – 12. juli 1921. Melding om taktikken til RKP, 5. juli. (Samla verk, eng. utg., Moskva 1965, b.32, s.428)

President Ho Chi Minh var den fyrste i revolusjons-soga vår som lyfta bondespørsmålet opp på eit nivå som høvde med vekta det hadde. Det var eit stort spørsmål i den vietnamesiske revolusjonsstrategien. President Ho Chi Minh var gjennomsyra av synet marxismen-leninismen har på kva massane gjer i sogane. Difor såg han klårt den uovervinnelege revolusjonære styrken i massane, og leit fullt og fast på at dei skulle sigra over det franske kolonistynet med føydale hjelparar. Når han tala om massane la han stor vekt på kreftene hjå ungdomen og kvinnene. I 1924 rosa han den djervskapen 200 skule-elevar synte i ei protestrørslle i ein Nam Bo-provins, og meinte det var eit oppmuntrande teikn. Han hadde stor medkjensle med kvinnene som lei naud og vart krenkte i kolonilanda, og samstundes let han vel over føredømet dei vaknande kvinnene i Austen hadde synt.

For å vinna nasjonal fridom ville han reisa attende til landet, trengja inn i massane, organisera, læra, sameina og leia dei til strid for sjølvstende og fridom.

Dette er grunnspørsmåla når det gjeld strategi, taktikk og leiing for den vietnamesiske revolusjonen slik president Ho Chi Minh la det fram. Dette var svært viktige politiske og ideologiske førebauande steg som førte fram til skipinga av eit kommunistisk parti i landet vårt.

President Ho fann tidleg den rette revolusjonære vegen for det vietnamesiske folket. Denne vegen skulle føra den vietnamesiske revolusjonen i same leia som den revolusjonære rørsla i verda, og jamsides henne. Det revolusjonære arbeidet hans var fast knytt til tidbolken for proletarisk revolusjon som byrja med den store russiske oktober-revolusjonen. Då den russiske oktober-revolusjonen

sigra og Den kommunistiske internasjonale vart skipa hjelpte det han til å finna det marxist-leninistiske lyset tidleg. Kommunistrørsla og arbeidarrørsla i verda og den nasjonale frigjeringsrørsla gav han mykje røynsle i strid mot imperialismen. Han sank og røynsler frå nasjonalrørslene i folket vårt. Medan han var intenst verksam i utlandet, særleg etter fyrste verdskrigen, utvikla arbeidarrørsla og den nasjonale rørsla seg kraftig heime og. Han var den fyrste til å bringa det marxist-leninistiske lyset til folket vårt, og dei tok ivrig imot.

På leit etter ein revolusjonær veg for folket vårt hadde han gjeve seg til å tenkja sjølvstendig, og stadfesta at han hadde givnad både for gjennomtrengjande undersøking og gransking og for å reagere snøgt på det som hende. Men viktigast var det at han hadde gjennomgått ein prosess med krevjande studium, strid og opplæring i den internasjonale arbeidarrørsla. Vegen til marxist-leninistisk opplysning for han byrja med fedrelandshug. Ved å praktisera revolusjonær strid, ved å føra saman teoretisk studium med praktisk arbeid, fekk han litt etter litt viktige lærdomar som han samla til prinsipp og let dei leia verksemda. Som han sa: »Steg for steg i striden la eg saman teoretisk studium i marxismen-leninismen og praktisk arbeid. Slik skjønna eg litt etter litt at berre sosialismen, berre kommunismen, kan frigjera dei underkua folka og det arbeidande folket i verda frå trældomsåket.»

III

Partiskippinga (1924—1930)

Etter han hadde halde seg i Sovjetunionen ei tid for å studera styret og røynslene frå partibygginga etter Lenin si lære, reiste president Ho Chi Minh til Kanton i Kina midt i desember 1924. Her gjekk han under namnet Ly Thuy. Han sette seg i samband med vietnamesiske revolusjonære og førebudde politiske, ideologiske og organisatoriske saker med tanke på å skipa eit nytt slag parti for den vietnamesiske arbeidarklassen.

Berre nokre fåe månader tidlegare hadde den revolusjonære Pham Hong Thai kasta ei bombe mot Merlin, generalguvernøren i Indokina, som reiste gjennom Shamen (Kanton). Endå om bomba ikkje drap den gamle kolonialist-reven innvarsla ho ein tidbolk med nasjonal strid, slik ei svale varslar at våren kjem. President Ho Chi Minh verdsette fedrelandsorganisasjonen åt Phan Boi Chau, og Tam Tam Xa¹ som då var i aktive i Kina. Han tykte mun i fedrelandshugen deira, men såg klårt dei veike sidene hjå leiarane deira. Dei »visste lite om politikk og endå til mindre om å organisera massane».²

1) Tam Tam Xa (Hjarteunionen) var ein vietnamesisk revolusjonær organisasjon i Kanton.

2) Nguyen Ai Quoc, *Melding til presidiet i Den kommunistiske internasjonale*, 19. desember 1924.

Han gjorde eit utval av unge fedrelandsvener frå desse organisasjonane og mange andre mellom dei som kom frå Vietnam, gav dei politisk opplæring for å gjera dei til revolusjonære kadrar og sende dei attende for spreia marxismen-leninismen mellom arbeidarklassen og folket vårt. Han grunnla *Viet Nam Than nien cach mang dong chi hoi* (Det revolusjonære ungdomslaget i Vietnam). Det var ein organisasjon som bar bod om partiet, med ei kommunistisk gruppe som leiande kjerne. Han gav ut vekebladet *Than nien* («Ungdom»), organ for styret.

Han lærde opp åtte ungdomar, mellom dei var Ly Tu Trong, som vart den fyrste medlemen i Den kommunistiske ungdomsunionen. Han streid til siste andedrag for partiet, for folket og revolusjonen.

Ho Chi Minh var og med og skipa *Unionen av underkua folk i Asia*. Unionen hadde ei vietnamesisk avdeling, og sto for sams strid mot sams fiende: imperialismen.

Førelesingane han heldt ved dei politiske opplæringskursa i Kanton vart samla til ei bok som heitte *Duong cach mang* (Den revolusjonære vegen), utgjeven av propaganda-avdelinga i *Unionen av underkua folk i Asia*.

Strategien og taktikken for revolusjonen i Vietnam skriv seg frå boka *Duong cach mang*. Framfor alt sette president Ho Chi Minh *hugen til fullstendig revolusjon*. Han peika på at ein må føra revolusjon for å leva. Ikkje ein gong eit lite tiltak ville nokon gong lukkast utan det itaket som trongst. Så »korleis kan eit slikt ovstort tiltak som å fri landsmennene sine, fri menneskeætta, frå trældomslekkjene kunna lukkast utan at ein røyner seg så hardt ein kan?»¹ Summe misser motet når dei møter

1) Sitata i dette stykket er frå boka *Den revolusjonære vegen* av President Ho Chi Minh.

vanskar. Dei innser ikkje at »same kor vanskeleg eit tiltak er, kan det alltid gjennomførast om ein er fullrådd på å gjera det. Om det ikkje kan gjerast fordi det er for få folk, lat då mange vera med å draga lasset. Om det ikkje kan gjerast ferdig i denne generasjonen, kan den neste avslutta det.» For å gjera revolusjon må ein vera fast og halda ut, ein må ha offerhug og einskap. Difor må alle fyrst og fremst skjøna kvifor revolusjonen må gjerast, kvifor det ikkje kan vera annleis, kvifor alle må vera med å ta eit tak straks, utan å drygja.

President Ho Chi Minh førte saman hugen til fullstendig revolusjon med dei finaste tradisjonane i den vietnamesiske nasjonen når han skulle syne kva revolusjonær moral var. Det fyrste kapitlet i boka *Duong cach mang* (Den revolusjonære vegen) handlar om »korleis den revolusjonære er»: Han må vera trottig og sparsam, han må ofra seg heilt for det som kan tena alle og ikkje tenkja på eiga vinning. Han må vere reiug til å retta eigne feil, halda seg frå fåfengd og storlæte, og gjera som han seier. Han må halda fast på den revolusjonære trua si, vera reiug til å tola offer, ikkje lata seg påverka av materielle interesser og så bortetter.

President Ho Chi Minh meinte opplæring av revolusjonære kadrar i revolusjonær morallære var ei av dei fremst oppgåvene i den ideologiske og politiske førebuinga framfor skipinga av eit verkeleg revolusjonært parti for den vietnamesiske arbeidarklassen.

For å lukkast i revolusjonen måtte ein kader ikkje berre eiga revolusjonære dygder men og *skjøna den marxist-leninistiske teorien og fylgja den rette revolusjonære lina og framgangsmåten*. På fyrste sida i *Den revolusjonære vegen* talar president Ho Chi Minh om kor viktig den revolusjonære teorien er, og nemner desse udøydande orda etter

Lenin: »Utan ein revolusjonær teori kan det aldri finnast noka revolusjonær rørsle . . . Einaste eit parti med ein føregangsteori kan spela rolla som føregangsmann i striden.»

Tidlegare hadde folket i Vietnam sett i gang mange djerve oppreistar mot den franske imperialismen. Men alle desse mislukkast fordi dei vanta marxist-leninistisk teori, dei vanta den rette revolusjonære lina og framgangsmåten. Dei greidde ikkje skjøna stoda i verda eller slå fast eigen styrke og fiendestyrken. Dei åtte inga krigslist, kunne ikkje skjøna seg på taktikk og gripa det laglege tidspunktet. Dei mislukkast av di dei »handla til galen tid, medan dei ingen ting gjorde når tilhøva var leglege». Difor er det dei revolusjonære som må forklara folket den marxist-leninistiske teorien, situasjonen og røynslene frå verdsrevolusjonen.

Når det galdt *røynslene frå verdsrevolusjonen* tok president Ho Chi Minh lærdom av den russiske oktoberrevolusjonen og stødde seg til røynslene frå den franske og den amerikanske revolusjonen. Han såg dei siste som borgarlege revolusjonar, dei var ikkje gjennomgripande. Den russiske oktoberrevolusjonen var den mest fullstendige revolusjonen, for han førte med seg verkeleg fridom, likskap og lukke for det arbeidande folket. Dessutan hjelpste han dei underkua folka til å gjera revolusjon for å frigjera seg. Den russiske oktoberrevolusjonen lærde oss at skal revolusjonen lukkast må ein lita på folkemassane, særskilt arbeidarane og bøndene. Ein må ha eit marxist-leninistisk parti, fast og sterkt, samansveisa, reiugt til å gjera offer, eitt som syner seg urikkande og sterkt.

Gjennomsyra av det Lenin lærde om det nasjonale spørsmålet og kolonispørsmålet, staka president Ho Chi Minh ut vegen for den vietnamesiske revolusjonen: *Eit nytt slag borgarleg-demokratisk*

revolusjon (no kallar me det ein folkeleg nasjonal-demokratisk revolusjon) som veks vidare til *sosialistisk revolusjon utan å gå gjennom det kapitalistiske utviklingssteget*. På skapande vis måta han til røynslene frå den russiske oktoberrevolusjonen etter dei konkrete tilhøva i landet vårt. Han sa: Det trælbundne folket vårt kan ikkje lenger halda ut dei vilkåra det har. Lat dei vakna opp, slå seg saman og heller vilja døy som frie menn enn leva som trælar. Lat dei draga saman, velta underkuings-regimet og utbyttinga dei franske kolonialistane står for saman med dei føydale agentane sine. Lat dei frigjera nasjonen og vinna sjølvstende og fri-dom.

*Revolusjonen er ei sams oppgåve for folke-massane, ikkje eit privattiltak for nokre få folk. Dei franske kolonialistane har ein kløyvingspolitikk som set skilje mellom det vietnamesiske folket i nord, i sør og i områda imellom. Dei brukar religion og kultur til å lokka folket med, dei har lovar til å styra dei og makt til å kua dei. Difor må me fyrst av alt vakna opp, organisera oss, slå oss saman og gje dei ymse lag av folket leiinga. Men dei revolusjonære må vera heilt på det reine med at *arbeidarane og bøndene er kjernekreftene i revolusjonen*, for dei er hardast underkua og utbytta og er mest talrike. Såleis må det skipast masseorganisasjonar, fagforeiningar, bondelag, kvinnelag, ungdomslag og så bortetter.*

Om ein vil organisera og samla dei revolusjonære kreftene og arbeida ut den rette revolusjonære linja og framgangsmåten må ein fyrst av alt ha eit *revolusjonært parti*. Det skal reisa og organisera folket heime og knyta samband med dei andre underkua folka og proletariatet i andre land. Revolusjonen kan lukkast berre med eit stødige parti, nett som eit skip kan sigla over havet berre om det

har ein stø mann ved roret. Om partiet skal vera støtt, må det ha marxismen-leninismen i kjernen. Alle partimedlemer må skjønna og fylgja den marxist-leninistiske læra. Utan lære er partiet som ein mann utan hovud, som eit skip utan kompass. President Ho Chi Minh sa: »Det finst mange teoriar og lærer, men den ekteaste, den sannaste og mest revolusjonære læra er leninismen.»

President Ho Chi Minh la og vekt på at *revolusjonen i Vietnam var ein del av verdsrevolusjonen*, at han fylgde lina åt Den kommunistiske internasjonale, og heldt oppe nære band til den franske revolusjonen og den nasjonale frigjeringsrørsla i dei andre kolonilanda.

Boka hans *Den revolusjonære vegen* synte dei revolusjonære ideane han hadde hatt før og *la grunnen for partiprogrammet*. Boka hadde mykje å seia for revolusjonen i Vietnam.

Frå sist i 1924 til fyrst i 1927 spreidde president Ho Chi Minh marxismen-leninismen i Vietnam, frå Kanton. Hjelperådene var boka *Den revolusjonære vegen* og vekebladet »Ungdom».

Etter at Chiang Kai Shek-klikken gjorde kontra-revolusjon i Kanton i april 1927 reiste president Ho Chi Minh til Sovjetunionen. Dinest var han med på Konferansen mot imperialistisk krig i Bryssel, han reiste til Sveits, Italia og Siam (nå Thailand). Frå hausten 1928 var han verksam i Siam, lærde opp kadrar og dreiv propaganda-arbeid, opplæring og organisasjonsarbeid mellom vietnamesarar som budde der. Han gav ut avisa Than ai (»Venskap») for å breia ut marxismen-leninismen mellom dei, og avisa vart og sendt til Vietnam.

Han leit på si eiga røynsle som sann fedrelandsven som hadde utvikla seg til kommunistisk stridsmann, og lærde opp brennande unge revolusjonære. Gjennom dei spreidde han marxismen-leninismen

mellom arbeidarklassen og det arbeidande folket. Han let vera å senda ordrette avskrifter av klassisk teori inn i landet, men nytta marxismen-leninismen på dei konkrete vilkåra i landet vårt på skapande vis. Han arbeidde ut ei rett revolusjonær line og populariserte henne i boka *Den revolusjonære vegen* og i blada »Ungdom» og »Venskap». Den klåre og einfelte stilen i desse blada hjelpste lesarane til å skjøna dei snøgt, hugsa innhaldet og handla ut frå det. Framgangsmåten Ho Chi Minh nytta i dette arbeidet førte til at den revolusjonære hugen vakna snøgt hjå arbeidarane, bøndene og ymse småborgarlege lag. Dei tok lett til seg marxismen-leninismen og var aktivt med i revolusjonær verksemd.

Frå 1928 tok medlemer i *Det revolusjonære ungdomslaget i Vietnam* til å gjennomføra slagordet om »proletarisering». Dei reiste på arbeid i fabrikkar, gruver og på plantasar for å arbeida med propaganda og organisering mellom arbeidarane. Arbeidarrørsla som fyrst var spontan, lokal-orientert og spreidd vart litt etter litt medviten og organisert, fekk leiing og synte samordning mellom ymse greiner og område. Frå slutten av 1929 fekk arbeidarrørsla eit klårt sjølvstendig innhald og vart kjernen i den nasjonale frigjeringsrørsla i landet vårt. Arbeidarklassen vår synte seg å vera den verdigaste leiaren for folket vårt. Han var væpna med ei revolusjonær føregangslære og med røyntslene frå den internasjonale arbeidarrørsla. Han lei under den hardaste underkuinga og utbyttinga, og var kveikt av ein grunnleggjande revolusjonær hug. Han representerte den lengst utvikla produksjonsmåten og var symbolet på dei grunnleggjande og varande interessene for heile nasjonen.

President Ho Chi Minh og læresveinane hans spreidde marxismen-leninismen til Vietnam. Folket

her hadde ein tradisjon med ubøyeleg strid mot framande åtak. Landet hadde ein arbeidarklasse som ikkje var så talrik, men derimot oppglødd av ein grunnleggjande revolusjonær hug, fordi han var tredobbelt underkua og utbytta av imperialistane, føydalherrane og borgarskapet. I Vietnam hadde bonderørsla og nasjonalrørslene i dei andre laga av folket og gått djupt. Så snart marxismen-leninismen, det kvassaste ideologiske våpenet i vår tid, hadde vunne hjarto og tankane hjå dei vietnamesiske revolusjonære kunn inga vill fiendemakt halda han attende. På det politiske og ideologiske omkvervet dreiv han reformismen og den trongsynte nasjonalismen attende, og tok leiinga i den vietnamesiske revolusjonsrørsla. Arbeidarrørsla og den folkelege nasjonalrørsla krov leiing av eit parti or arbeidarklassen. Tilhøva hadde mogna for at eit slikt parti kunne skipast. Men då problemet var reist, var det ingen einskap i synsmåtar i *Det revolusjonære ungdomslaget i Vietnam*. Det vart ei usemje innan laget og i leiinga mellom dei som meinte at eit kommunistparti burde skipast i Indokina og dei som la imot at det ikkje trongst enno. Det var ein strid mellom det proletariske synet og det småborgarlege synet i laget, om det skulle skipast eit nytt slag parti for arbeidarklassen i Vietnam. Striden førte til siger for det proletariske synet og skipinga av *Det indokinesiske kommunistpartiet* i Bac Bo og *Det annamittiske kommunistpartiet* i Nam Bo. I denne stoda kunne *Tan Viet* ikkje lenger halda på den gamle organisasjonen sin, og vart til *Det indokinisiske kommunistambandet*. Alle tre organisasjonane gjorde krav på å vera verkelege kommunistiske og søkte godkjenning i Den kommunistiske internasjonale. Medan dei dreiv propaganda i massane og mobiliserte dei, kritiserte dei kvarandre og kava for å få meir å seia.

Stilt andlet til andlet med dette reiste president Ho Chi Minh frå Thailand til Hong Kong om hausten i 1929. Han hadde fått fullmakt til å representera Den kommunistiske internasjonale og kalla saman ein kongress til å skipa partiet 3. februar 1930 i Kowloon, nær Hong Kong. Med han som møteleiar vedtok kongressen å slå saman dei tre kommunistiske organisasjonane i Vietnam til eitt parti med namnet Kommunistpartiet i Vietnam. Dei vedtok *Programskisse*, *Strategiskisse* og *Partivedtekter*, etter framlegg frå President Ho Chi Minh.

Partiprogrammet og strategien bygde på det vietnamesiske samfunnet slik det var, ein halv-føydal koloni, og på innhaldet i *Den revolusjonære vegen*. Dei stadfesta at den vietnamesiske revolusjonen skulle verta ein borgarleg-demokratisk revolusjon av eit nytt slag (no kalla ein folkeleg nasjonal-demokratisk revolusjon) som skulle halda fram mot ein sosialistisk revolusjon. Oppgåvene var å velta dei franske imperialistane og den føydale godseigar-klassen, vinna fullt sjølvstende for Vietnam, gje bøndene jord, oppretta ei regjering av bønder, arbeidadarar og soldatar, gje folket demokratiske rettar og organisera ein arbeidar- og bondehær.

Skissene til program og strategi gjorde det klart at partiet var fortroppen i arbeidarklassen og heilt ut i stand til å leia massane. Det sto for solidaritet med frigjeringsrørsla hjå dei underkua folka og for nært samband med det internasjonale proletariatet, særleg den franske arbeidarklassen.

Skissene til program og strategi for partiet gav svar på dei store vonene i arbeidarklassen og folket vårt. Det er grunnen til at det greidde å samla dei fedrelandshuga og demokratiske kreftene rundt arbeidarklassen og ta leiinga i den vietnamesiske revolusjonen.

I høve partiskippinga sende presient Ho Chi Minh ut eit *Opprop* som var ei kjelde til kveik for heile partiet og folket: »Eit kommunistisk parti er grunnlagt i Indokina. Det er partiet åt arbeidarklassen. Det vil rettleia arbeidarklassen til å leia revolusjonen og stri for interessene åt heile det underkua og utbytta folket vårt. Frå no av må me slå oss saman med partiet, hjelpa det og fylgja det.»

Skipingsmøtet var like viktig som eit landsmøte, for det arbeidde ut strategien og taktikken for den vietnamesiske revolusjonen og grunnprinsippa i partibygginga. Dei kommunistiske organisasjonane i Vietnam sette i verk vedtaka. Innan stutt tid gjekk dei saman, oppretta ein mellombels sentralkomite og gav ei samla leiing til rørsla i heile landet. Slike resultat bygde på det at vedtaka på skipingsmøtet var eit høveleg svar på det den revolusjonære rørsla i landet trøng, dei kom av den kloke leiinga president Ho Chi Minh sto for, og av rettleinga og hjelpa frå Den kommunistiske internasjonale.

President Ho Chi Minh hadde kombinert marxismen-leninismen med arbeidarrørsla og nasjonalrørsla i Vietnam for å grunnleggja partiet vårt, partiet åt arbeidarklassen.

Partiet kom ikkje til ved ei slupelukke men var eit produkt som måtte koma ut or saga om revolusjonen i landet, og det var eit resultat av lang og strevsam førebuing president Ho Chi Minh hadde gjort.

Partiet er den grunnleggjande faktoren som avgjer alle sigrane i den vietnamesiske revolusjonen. Det har opna ein ny tidbolk i saga åt den vietnamesiske nasjonen, tidbolken med sjølvstende, fri-dom og sosialisme for landet.

IV

Dei fyrste slaga (1930—1939)

Takk vere at partiet hadde ei rett line kunne det organisera og leia ei revolusjonær flodbylgje nett etter det var skipa. Ingen hadde sett maken i vårt land tidlegare, og høgdepunktet var rådsrørsla i Nghe-Tinh.

For å styrkja leiinga i den sjodande revolusjonære rørsla i heile landet, heldt Sentralkomiteen sitt fyrste plenum i oktober 1930. Dei drøfta og godtok *Teser for den borgarleg-demokratiske revolusjonen* (no kallar me det folkeleg nasjonal-demokratisk revolusjon) etter framlegg frå kamerat Tran Phu. Han var den fyrste generalsekretæren i partiet, og ein av dei framståande læresveinane hjå president Ho Chi Minh. Plenumsmøtet vedtok og å brigda partinamnet til *Det indokinesiske kommunistpartiet*, og sette fram dei oppgåvene som hasta mest for partiet.

I 1930 og midt i 1931 heldt president Ho Chi Minh nært samband med rørsla heime. Endå han sto i med revolusjonært arbeid i Kina styrte han gjennomføringa av partilina, saman med Sentralkomiteen i partiet. Framfor alt let han vel over og oppmuntra rådsrørsla i Nghe-Tinh. Han sa: »Folket i Nghe-Tinh har ord på seg for å vera ubøyande. Nghe-Tinh fekk eit gjævt ord på seg under den franske hæertakinga og i den nasjonale revolusjons-

rørsla (1905–1925). I striden no har arbeidarane og bøndene i Nghe-Tinh halde på dei revolusjonære tradisjonane sine . . . Nghe-Tinh fortener verkeleg å kallast 'raud'.» På same tid sende han ei inntrengjande oppmoding til Orient-kontoret i Komintern for å få stønad til den indokinesiske revolusjonære rørsla i rett tid. Han framstilte den blodige underkuingspolitikken åt imperialistane og føydalherrane og framheva kor djerv stridshugen var hjå partimedlemene og i massane: »Kvit terror kan ikkje veikja revolusjonshugen hjå dei som slæst . . .»¹

Striden massane av arbeidarar og bønder førte vart villare og villare og krov at partiet leidde det heile på nært hald. Difor la president Ho Chi Minh vekt på at *partiet skulle konsoliderast og utviklast*. Mange partimedlemmer hadde vorte herda i den revolusjonære rørsla, men dei hadde ikkje hatt høve til å studera marxist-leninistisk teori, partipolitikken og partilina på systematisk vis. For å styrkja klassekarakteren i partiet og lyfta det teoritiske nivået hjå medlemene gjorde han for det fyrste framlegg om at Sentralkomiteen i partiet skulle setja saman ei nemnd som skulle ta ansvaret for propaganda og for opplæring av partimedlemene, og ta ansvaret for partiavisa. Der skulle det haldast stutte kurs med opplæring i partiprogrammet og partiskipnaden, og for å utdana og øva kadrane. På den andre sida minna han partimedlemene om at dei skulle arbeida i arbeidarrørsla og særleg leggja vekt på å rekruttera medlemmer mellom proletariatet. Han understreka at partiet nøye skulle fastsetja måten det leidde massane på. Partiet spreier lina si og politikken sin gjennom kadrane, og må nytta overtaling, ikkje ordrar. Partinemnder må sjå seg sjølve som rådgjevarar, lærarar og propagandistar, og bør ikkje kava seg opp med alt slag på ein stad.

1) Nguyen Ai Quoc: *Brev til Orient-kontoret*, 1931.

Kvar komite må nøye fastsetja konkrete oppgåver for kvart partilag, for kvar medlem. Pålegg sendt til partilaga må vera lette å skjøna slik at kameratane kan diskutera, studera og utføra dei. Partikomiteane må og ha oppsyn med arbeidet i dei lægre partiorganisasjonane. Han snakka om ansvaret ein partimedlem har, og peika på: »Alle partimedlemer, alle partilag, må drøfta pålegg og vedtak frå Sentralkomiteen. Dette må gjerast for å gjera partimedlemene betre og tryggja gjennomføringa av alle pålegg og vedtak, og tryggja einskap i tanke og handling hjå partimedlemene . . .» Han kritiserte og slike feil som formalisme i arbeidsstilen, slikt som var utan samsvar med røyndomen eller med konkrete og særlege situasjonar.

Den revolusjonære flodbylgja i 1930–1931 var i grunn og hått merkt av arbeidarane og bøndene, under leiing av partiet. For å styrkja og sveisa saman alliansen mellom arbeidarar og bønder, la president Ho Chi Minh vekt på at *fagorganisasjonane* og *bondeorganisasjonane* måtte utvidast.

President Ho peika på at i landet vårt er *fagorganisasjonen* åt arbeidarane ein revolusjonær organisasjon av arbeidande massar, men når ein skal rekrutera fagforeiningsmedlemer må ein ikkje krevja så høge kvalifikasjonar som for partimedlemsskap. Djervt måtte ein sleppa store mengder med arbeidarar, særleg unge, inn i foreiningane. Partiet ville læra dei opp vidare og gjera revolusjonære stridsmenn av dei.

Når det galdt rekruttering av fagforeiningsmedlemer, ba han om at partiet ikkje berre skulle styrkja propaganda-arbeidet mellom arbeidarane i gruvene og dei andre storindustriane. Det måtte og ansa på dei arbeidslause og handverkarane i byane og gardsarbeidarane. Fagforeiningane måtte organiserast nedanfrå og opp, frå grunnplan til leiarplan.

President Ho Chi Minh vurderte arbeidarrørsla og peika på at på grunn av den økonomiske krise hadde mange arbeidarar vorte arbeidslause eller halvt arbeidslause. Dei levde eit elendig liv, og difor reiste dei seg stadig til ville stridar. Desse stridane hjalp til å vekke arbeidarklassen, men resultatene var framleis små, for rørsla var enno ikkje fast og samanhengande, foreiningane var ikkje sterke nok, og partimedlemene var enno ikkje heilt på det rene med kva foreiningane hadde å seia. For arbeidar-klassen hang striden nært i hop med striden bøndene og andre arbeidande klassar førte. Difor understreka president Ho Chi Minh at fagforeiningane måtte halda kontakta med bondeorganisasjonane, at arbeidarane måtte stø stridane bøndene førte. Fagforeiningane måtte og gå inn i *Det anti-imperialistiske samlaget* (d.v.s. den anti-imperialistiske nasjonale einskapsfronten) som kollektivt medlem. Når dei gjorde dette miste dei ikkje sjølvstendet sitt, men kunne styrkje stillinga som fortropp i striden mot imperialismen.

For å reisa bøndene til endå hardare stridar, la president Ho Chi Minh vekt på at partiet skulle få dei til å skjønna lina si med jordbruksrevolusjon på kvart steg i revolusjonen. Partiet skulle leia bøndene i strid for fridom, sjølvstende, skattelette, oppheving av naseskatten (skatt pr. nase), lågare jordleige, og mot at bønder vart sende til å arbeida på plantasjar og på annan kolonijord, mot alle falske reformar og kvit terror osv. Økonomisk strid måtte gå saman med politisk strid. Bøndene vart tilrådde å skipa *sjølvforsvarings-einingar* til å stø stridane. Gjennom bonderørsla kunne partiet ha høve til å sveisa saman og utvida *bondelaga*. Rike bønder skulle haldast ute med fast hand frå fyrste stund.

President Ho Chi Minh tok lærdom av aksjo-

nane bøndene i Thai Binh sette i gang, og peika på desse feila: Dei hadde ikkje greidd å organisera reservestyrkar i grannedistrikta til å styrkja rørsle når det trongst, dei hadde ikkje greidd å forklara massane kva målet var med striden, dei hadde late politispionar orma seg inn i striden, og late massana kjenna alle leiarane, dei hadde ikkje makta å læra noko av stridane bøndene i Nghe An førte, osv.

President Ho Chi Minh gjorde framlegg for Orient-kontoret i Komintern om å skipa eit *Samband av bondelag i Indokina* for å sameina leiinga for bondelaga i heile landet. Dette var i samsvar med vedtaket i Sentralkomiteen i partiet om at bondelaga skulle vera organiserte frå grunnplan til sentrale plan. Her i landet hadde ikkje dei rike godseigarane og dei rike bøndene kontrollen over bondelaga som i ymse andre land.

Jamsides med samansveisinga og utvidinga av bondelaga og fagforeiningane måtte ein ansa på *Det anti-imperialistiske samlaget*, peika president Ho Chi Minh på. Ungdomsorganisasjonane måtte sameinast, og arbeida sjølvstendig. Fagforeiningane, bondelaga, ungdomslaga og kvinneorganisasjonane måtte gå aktivt inn i Det anti-imperialistiske samlaget i striden mot imperialismen. Når det galdt metodar for propaganda og agitasjon mellom fedrelandsvener, for å førebu skipinga av Det anti-imperialistiske samlaget, rådde president Ho Chi Minh ofta partimedlemene til å ikkje senda ut allmenne oppmodingar til arbeidarane og ikkje tala om proletariatet i trong meining. Den fyrste oppgåva som sto framfor oss var å velta dei franske kolonialistane og frigjera nasjonen, difor måtte me vekkja fedrelandskjensla i heile folket.

President Ho gjorde og framlegg for Orient-kontoret om at samordna tiltak skulle setjast i verk mellom partiet vårt og Det kinesiske kommunist-

partiet i dei strategisk viktige grenseprovinsane. Det skulle vera samordna propagandatiltak mellom arbeidarar og fiendestyrkar. Heile tida lærde han partikadrane som då arbeidde i Kina om proletarisk internasjonalisme og prinsipp for revolusjonært arbeid. Han rådde til at kadrane våre måtte agitera mellom vietnamesiske og franske soldatar i Shanghai. Når det galdt soldatane var det tilrådeleg å vekke lengten etter familien heime fyrst, og så kalla fram kjærleiken deira til landet og nasjonen.

I denne tida (1930–1931) gjorde president Ho Chi Minh mykje for å skapa revolusjonære rørsler i mange søraust-asiatiske land. Han var medlem av Orient-kontoret i Komintern, og ansvarleg for avdeling Sør.

Den revolusjonære bylgja i 1930–31 og rådsrørsla i Nghe Tinh kunne merkast over heile verda. Dette hang saman med den uredde og modige stridshugen folket vårt hadde, at president Ho Chi Minh og Sentralkomiteen i partiet leidde rørsla godt, og med hjelp frå Komintern. Seinare skreiv president Ho om kor mykje den revolusjonære bylgja i 1930–31 og råda i Nghe Tinh hadde å seia historisk: »Råda i Nghe Tinh vitna om motet og den revolusjonære styrken hjå det vietnamesiske arbeidande folket. Endå rørsla mislukkast smidde ho kreftene som seinare sigra i august-revolusjonen.»

Dei britiske imperialistane vart skræmde av den revolusjonære flodbylgja i 1930–31, og av korleis verksemda åt president Ho verka på landa i Sør-aust-Asia. I juni 1931 arresterte dei han ulovleg i Hong Kong, han brukte då namnet Tong Van So. Han vart sett i einecelle under elendige tilhøve, men han ottast ikkje lagnaden sin. Han visste at enten ville han verta ryddja bort av kolonialistane,

eller så ville han sleppa or lekkjene deira og koma seg attende til den revolusjonære verksemda. Natt og dag var han uroleg for den revolusjonære rørsla i landet. Men det han tok tyngst var: Kven skulle føra vidare det arbeidet han ikkje hadde avslutta? Korleis skulle han få overført noko av sine egne røynsler til andre kameratar? Kven skulle få i stand att dei kontaktane berre han kjende? Partiet var nyleg grunnlagt, men det var alt vel omtykt. Stridsrørsla hjå bøndene og arbeidarane voks og voks. Samstundes freista imperialistane av all makt å kua rørsla. Mange kameratar vart arresterte, sette i fengsel eller drepne, mange organisasjonar var øydelagde, så korleis skulle arbeidet førast vidare?

Då dei fekk vita at president Ho var arrestert, sende *Samlaget mot imperialismen, for nasjonalt sjølvstende* straks ut ei fråsegn med protest mot den britiske regjeringa og krov at han skulle setjast fri. Takk vera at han ikkje gav seg, takk vere stønaden frå Den internasjonale raude hjelpa som fekk tak i ein sakførar, og den heilhuga hjelpa og forsvaret frå advokat Loseby, ein mann som såg opp til han, vart president Ho sett fri våren 1933.

I tida han var i fangenskap fylgde ottefulle parti-kadrrar og -medlemer i inn- og utland, fengsla og på frifot, med i meldingane om den kjære og høgvyrde leiaren. Det sette ein stor kveik i alle då dei høyrde han var slept ut frå fengselet.

Etter han hadde fått sambandet i stand att med Det kinesiske kommunistpartiet reiste president Ho til Sovjetunionen. Han byrja på Lenin-universitetet, partihøgskulen for leiande kadrrar i kommunistparti i heile verda. Etter han hadde avslutta studia sine, arbeidde han i Komintern-instituttet for gransking av nasjonale problem og koloniproblem. Medan han var i Sovjetunionen heldt han eit nært samband med gruppa av vietnamesiske studentar der. Han

heldt auga med korleis dei vart opplærde i revolusjonær moral, samhaldskjensle, organisasjon og disiplin og proletarisk internasjonalisme. Han gav røynslene sine frå revolusjonær strid vidare til dei.

I juli 1935 kom ein delegasjon frå partiet vårt leidd av kamerat Le Hong Phong for å vera med på den sjuande Komintern-kongressen i Moskva. President Ho var med på kongressen som observatør, og nytta namnet Lin. Med ei sterk ansvarskjensle gjorde han alt han kunne for å hjelpa utsendingane frå partiet vårt å fullføra ærendet sitt ved kongressen.

Sumaren 1936 heldt Sentralkomiteen i partiet plenumsmøte leidd av kamerat Le Hong Phong, som den gongen var varamedlem i Eksekutivkomiteen i Komintern. Dei bygde på vedtaket frå den sjuande Komintern-kongressen og gjekk ut frå tilstandane slik dei var i partiet på den tida. Plenumsmøtet vedtok å skapa Den anti-imperialistiske folkefronten i Indokina (seinare endra til Den indokinesiske demokratiske fronten). Han skulle samla alle demokratiske og progressive krefter i striden mot fienden. Nett då var det dei franske fascistane og dei franske reaksjonære kolonialistane. Folkefronten skulle samla kreftene i striden for demokratiske rettar, for betring av levevilkåra for folket, til støe for den franske folkefronten, mot den åtakslystne fascismen og for verdsfred.

Etter at president Ho var attkomen til Kina i 1938, fylgde han den demokratiske rørsla i landet nøye. Han bygde på vedtaket i den sjuande Komintern-kongressen og på situasjonen i landet vårt, og sende eit brev til Sentralkomiteen i partiet med dei rette retningslinene. Tankane hans var samandregne i ein rapport til Komintern, som hadde med dei fylgjande spørsmåla:

Om slagord for striden:

President Ho peika på at nett no (dvs. i den tida folkefront-regjeringa sat i Frankrike) kunne ikkje partiet setja fram for store krav, slik som nasjonalt sjølvstyre, men skulle berre krevja demokratiske rettar og betringar i levevilkåra for folket, amnesti for alle politiske fangar og rett for partiet til å driva lovleg verksemd.

Om front-spørsmålet:

»Om måla ovanfor skal nåast må me streva for å få i stand ein brei nasjonal og demokratisk front. Denne fronten må ikkje berre femna om indokinesiske folk, men og om franske progressive i Indokina, ikkje berre arbeidsfolk, men og om medlemmer i det nasjonale borgarskapet.

Når partiet har med det nasjonale borgarskapet å gjera, må det ha ei klok og fleksibel innstilling. Ein må ta seg på tak for å vinna dei over og halda dei i fronten, få dei med i handling om det er råd, isolera dei politisk om det trengst. Ein må vera nøye med å ikkje lata dei stå utanfor fronten, for det vil seia at me skugar dei i hendene på dei reaksjonære og gjev dei større styrkar.

Når det gjeld trotskistane kan me ikkje søkja noko semje eller gje etter. Dei må for all del synast fram som agentar for fascismen, og må øydeleggjast politisk.»

Om partiet:

»Partiet kan ikkje krevja at fronten skal godta det som leiing, men må prova at det er den mest trufaste, mest aktive og ærlegaste delen av fronten.

Berre gjennom dagleg strid og arbeid, og når dei breie massane har godteke at partiet har ein rett politikk og er i stand til å leia fronten, kan det vinna ei leiande stilling.

For å gjennomføra desse oppgåvene må partiet gå klårt imot sekterismen, og må studera marxismen-Jeninismen systematisk for å betra det kulturelle og politiske nivået hjå partimedlemene. Kadrar utanfor partiet må få hjelp til å betra sitt eige nivå. Eit nært samband må haldast opp med Det franske kommunistpartiet.»¹

Dessutan minte president Ho Sentralkomiteen om at han skulle kontrollera partipressa for å halda politiske lyte borte. Partiet måtte vera på vakt mot planen dei japanske imperialistane hadde for åtak på Indokina, forlikshaldninga dei franske reaksjonære i koloniane synte mot dei japanske imperialistane.

Takk vere at president Ho og Sentralkomiteen i partiet leidde massekamprørsla for demokratiske rettar og betre levevilkår på ein rett måte, drog rørsla med seg millionar av folk og vekte det politiske medvitet deira. Partiet vart meir og meir omtykt vidt og breitt mellom folket vårt.

1) Nguyen Ai Quoc: *Rapport om den politiske stoda i Indokina frå 1936 til 1938*, sendt til Komintern (Partidokumenta, band 1935–39).

V

Å vinna att sjølvstendet (1939—1945)

Så tidleg som i 1924 meinte president Ho at Indokina og Stillehavsområdet ville verta ein brennande masomn i ein ny verdskrig. Då partiet vart skipa, la han fram ein analyse av motseiingane i imperialismen og spådde at ein andre verdskrig ville bryta ut.

I september 1939, då den andre verdskrigen braut ut, hadde partiet i tide drege seg attende til undergrunnsarbeid og flytta hovuddelen av verksemda til landdistrikta. I november 1939 heldt Sentralkomiteen i partiet sitt sjette plenum, leidd av kamerat Nguyen Van Cu, som då var generalsekretær. Dei vedtok å endra strategien, samla kreftene om nasjonal frigjering og å skipa Den indokinesiske anti-imperialistiske nasjonale einskapsfronten. I mellomtida var president Ho (no bar han namnet Ho Quang) attkomen til Sør-Kina for å få samband med Sentralkomiteen i partiet og førebu heimkoma si. Han meinte dessutan at sambandet med dei internasjonale organisasjonane måtte haldast ved like, at dei revolusjonære organisasjonane våre i utlandet måtte styrkjast og at ein måtte bu seg på å kunna ta situasjonen når »kinesiske troppar gjekk inn i Vietnam».

I juni 1940 gjekk dei tyske fascistane til åtak på Frankrike. Den franske borgarlege regjeringa over-

gav seg, og dei franske kolonialistane i Indokina var heilt forvildra. Presient Ho meinte at tida tok til å verta lagleg for den vietnamesiske revolusjonen. Endå han arbeidde i Kweilin i Kina, hadde han tankar om å skipa eit baseområde i Cao Bang. Der fanst det ein fast folkeleg underbygnad, og her ifrå kunne rørsla spreia seg til delta-området, medan dei kunne halda oppe sambandet med den internasjonale kommunistiske rørsla. Han sa ifrå til ein del partikadrar som då arbeidde i Kina, at dei måtte reisa heim og samla styrkar, medan dei venta på eit høve til å gripa makta.

Så tidleg som i 1939 hadde president Ho og Sentralkomiteen i partiet sett for seg at dei japanske imperialistane ville hærta landet vårt. Og dei så gjorde, i august 1940. Dei franske kolonialistane la seg flate og tilbød japanarane Indokina. Under ei dobbel bør var folket fullrådd på å reisa seg mot dei japanske og franske fascistane. I november 1940 heldt sentralkomiteen i partiet sitt sjuande plenum. Dei peika på at dei japanske og franske fascistiske imperialistane var våre to direkte fiendar, og slo fast at me måtte førebu ein væpna oppreist for å ta makta. Plenumet vedtok å halda opp geriljaeininga i Bac Son og byggja eit baseområde for revolusjonen.

Seint i desember 1940 kom president Ho til grensa mellom Kina og Vietnam og opna eit opplæringskurs for kadrar bygt på skriftet *Vegen til frigjering*. Den 8. februar 1941 kom han til Pac Bo i Cao Bong-provinsen. Her gjekk han under namnet Gamle Thu medan han kalla saman det åttande plenumet i Sentralkomiteen. Samstundes lærde han opp kadrar og leidde beinveges prøveplanen med å skipa lag for å berga nasjonen i Cao Bang. Han omsette og *Soga om Kommunistpartiet (b) i Sovjetunionen* og fekk utgjeve avisa *Viet Nam Doc Lap*

(avstytt til *Viet Lap*). Endå om han budde og arbeidde under uvanleg mødesame tilhøve, tedde han seg lettleg og roleg:

*Om morgonen sit eg ved bekken, om kvelden
i hola,
eg lever på mais-suppe og bambus-skot og er
alltid på vakt,
eg arbeider ved ein steinpult som ruggar medan
eg omset den sovjetiske partisoga,
for eit luksuliv for ein revolusjonær!*¹

Under den uovervinnelege marxist-leninistiske fana høglova president Ho motet og sjølvstillita hjå eit djervt folk med ei tusenårs-soge av strid og siger.:

*Fjell og elvar så langt auga kan sjå,
kva skal me med meir rom?
Her er Lenin-elva, her er Marx-fjellet,
me byggjer eit land med berre nevane.*²

I mai 1941 leidde president Ho det åttande plenumet i Sentralkomiteen i partiet som representant for Komintern. Plenumet gav ein vitskapleg analyse av stoda i verda og i landet. Dei peika på at om det sosialistiske Sovjetunionene hadde kome til under den fyrste verdskrigen, ville mange andre sosialistiske land koma til i denne andre verdskrigen. Revolusjonen ville sigra i mange land. Plenumet slo fast at *nasjonal frigjering var den viktigaste oppgåva revolusjonen i Indokina hadde*. Difor måtte særinteresser og klasseinteresser nett no vika for det som var aller viktigast for nasjonen. Fyrst av alt måtte ein vinna nasjonalt sjølvstende og fridom for folket.

1) og 2) Ho Chi Minh, *Poems*, Van Hoc Publications, Hanoi 1967.

Plenumet vedtok å skipa *Viet Nam Doc Lap Dong Minh* (Vietnamesisk sjølvstendesamband) eller avstytt *Viet Minh*. Det skulle samla store delar av folket, vinna til seg alle revolusjonære krefter som kunne vinnast og gå i brodden for åtak på hovudfiendane nasjonen hadde, dei japanske og franske fascistane. For å leggja vekt på nasjonal frigjering peika plenumet på at føremålet med masseorganisasjonane i fronten var å berga nasjonen, difor heitte dei alle »lag for å berga nasjonen.» Plenumet meinte at massane skulle reisast til revolusjonær strid i namnet åt Viet Minh-fronten, men partiet skulle framleis vera fortroppen. Når fronten vart breiare, måtte partiet grunnfesta og styrkja leiinga si.

For å få i stand ei vidare utskiljing i godseigar-klassen vedtok plenumet at slagordet om å ta jorda vederlagsfritt frå godseigarane og dela ho ut til bøndene skulle leggjast på hylla mellombels. Dei sette fram slike slagord som: Ta jorda frå imperialistane og landssvikarane og del ho ut til fattigbøndene, set ned jordleiga og gjeldsrentene, del opp sameigene på nytt og gjev jorda litt etter litt til dei som dyrkar ho.

Plenumet rådde til å løysa det nasjonale problemet i eitt for eitt av landa i Indokina. Såleis bytte dei slagordet »Skip ei demokratisk republikansk sambandsregjering for Indokina» med »Skip den demokratiske republikken Vietnam».

Plenumet vedtok og å skapa og utvikla militære og halvmilitære einingar, å styrkja leiinga dei hadde og førebu væpna oppreist. Dei skulle gå frå deloppreistar til allmenn oppreist for å gripa makta i heile landet.

Beinveges leidd av president Ho, hadde det åttande plenumet i Sentralkomiteen særskilt mykje å seia historisk. Vedtaka i plenumet tok grundig og

fullstendig for seg det nasjonale frigjerings-spørsmålet og synte eit nytt steg frametter i den vietnamesiske revolusjonen. det hadde avgjerande mykje å seia for at augustrevolusjonen seinare kunne sigra.

Etter framlegg frå president Ho valde møtet ein ny sentralkomite og utnemnde kamerat Truong Chinh til generalsekretær i partiet.

Etter plenumet sende president Ho ut eit opprop til heile folket for samhald i striden for å kasta ut dei japanske og franske fascistane:

»Nett no er den nasjonale frigjeringa det viktigaste. Me må slå oss i lag for å velta imperialistane og landssvikarane og berga nasjonen frå ein situasjon me ikkje kan halda ut.

Revolusjonære stridsfolk, tida er komen for frigjeringa! Lat oss lyfta sjølvstendefana og leia heile folket i striden for å øydeleggja den samse fienden. Det heilage fedrelandsropet ljomar i øyro våre! Blodet frå nasjonalheltane rusar rundt i årene våre! Nasjonen står klar til å slåst og ventar på at de skal ta leiinga!

Lat oss marsjera fram alle! Lat heile folket marsjera fram! Lat oss alle samlast og jaga ut frskmennene og japanarane!»

For å førebu væpna oppreist og gripa makta, gav president Ho frå 1941 og frametter pålegg om at væpna sjølvforsvarseiningar skulle skipast i Cao Bang. Han skreiv fleire viktige dokument om geriljatakikk: *Geriljastrid, røynsler fra den kinesiske geriljaen*. Attåt omsette han *Militærkunst* av Sun Tzu og ei bok av Chuke Liang om opplæring for militære sjefar. Denne sette han ny tittel på: *Opp-læring av militærkadrar*.

Etter det åttande plenumet i Sentralkomiteen vart saka om å »marsjera søretter» teken opp og gjennomført snøgt etter direktiv frå president Ho.

Han gav nokre kadrar ansvaret for å opna to vegar, ein frå Cao Bang til Lang Son, den andre frå Cao Bang til Bac Dan og Thai Nguyen, for å tryggja sambandet med Det faste utvalet i Sentralkomiteen og skapa gode vilkår for utviklinga av politiske basar og væpna styrkar til revolusjonen.

Heile partiet gjennomførte heilhuga vedtaket frå det åttande plenumet i Sentralkomiteen og den klårsynte lina president Ho hadde sett fram.

I august 1942 tok han namnet Ho Chi Minh og reiste til Kina for å få tak i anti-japanske krefter mellom vietnamesarane som budde der. Men då han kom over grensa vart han arrestert av dei lokale Chiang Kai-shek-styresmaktene og sat inne over eit år. I denne tida skreiv han diktsamlinga *Fengselsdagbok*. Han vart sendt fram og attende mellom dei 13 distrikta og 18 fengsla i Kwangsi-provinsen, og gjekk gjennom store påkjenningar. Han fekk korkje nok mat eller kledebyte. Han miste tennene, håret gråna og kroppen var i ein dårleg tilstand. Han levde »eit liv heilt utan menneskeleg innhald». Men tyngsler og fårar kunne ikkje rikka stålviljen hans.

...
*Eg er sta og tolmodig, gjev aldri etter ein
tomme,
om kroppen lir er hugen min den same.*

Han synte fast vilje, framtidstru og tiltru til at den nasjonale frigjeringsaka skulle sigra:

*Dauden er betre enn trældomen! Alle stader
i landet mitt
veiftar dei raude flagga att.
Å, kva det har på seg å vera fange i ei slik tid!
Kva tid skal eg setjast fri, for å ta min del
av striden?*

*Folk som kjem ut av fengselet kan byggja opp
landet.
Vanheppe er ei prøve på truskapen hjå folk.
Dei som tek til motmæle mot urettvisa er
verkeleg gagns menneske.
Når fengselsdørene opnar seg, vil den verkelege
draken flyga ut.*

Fengselsdagbok er ei diktsamling voven i stål, som innheld dei finaste tankane og kjenslene åt ein stor revolusjonær stridsmann. Ho har overlag stort verde som opplæring i revolusjonær stordom og moral for heile partiet og for heile folket.

I desember 1943, etter at president Ho var sett på frifot, kom han i kontakt med anti-japanske og anti-franske organisasjonar av vietnamesarar i Liuchow. Samstundes fekk han tak i partiet att så han kunne venda heim og halda fram med å leia rørsla.

Seint i 1941 og tidleg i 1942 var det geriljakrig i åtte månader i Vu Nhài i Thai Nguyen-provinsen. I 1944 utvikla den revolusjonære rørsla seg tolleg sterkt. I baseområdet Bac Son, Vu Nhài og Cao Bang loga rørsla opp og geriljaverksemd vart sett i gang. I juli 1944 heldt partikomiteen for Cao-Bac-Lang-provinsane eit møte for å vurdere situasjonen. Dei meinte at tilhøva var mogne for å byrja geriljakrig i desse tre provinsane. Komiteen skulle seinare ha eit siste møte for å ordna med uløyste problem og avgjera tida for reisinga. Nett då kom president Ho att til Pac Bo (Cao Bang). Då president Ho hadde høyrte meldingane om stoda og vedtaket i komiteen avgjorde han at oppreisten skulle utsettast, for vedtaket bygde berre på stoda i Cao-Bac-Lang-provinsane, og ikkje i heile landet. Det vil seia at komiteen hadde berre sett ein del, ikkje heile situasjonen. Det var mange område i landet som

ikkje var reiuge til oppreist. Det var langt mellom kadrar og våpen, og ein styrke som kunne vera ryggrada vanta heilt. Under slike vilkår ville geriljakrigen vera dømd til å mislukkast om han vart sett i gang i for stor skala, for imperialistane ville samla styrkane sine for å underkua han. President Ho meinte at tida med fredeleg utvikling i revolusjonen no var over, men tida for oppreist over heile landet var enno ikkje komen. Om me såleis gjorde noko berre på det politiske omkvervet, ville det vera for lite til å skuva rørsla frametter. Men om me sette i gang den allmenne reisinga straks, ville ho vera utsett for fiendetiltak. Det var tid for å føra striden vidare frå politiske til militære former, men enno var dei fyrste viktigare enn dei siste, og ei høveleg form måtte finnast om det skulle lukkast.

Slik sette president Ho fram regelen om å nytta begge kampformene, den politiske og den militære, for å skuva rørsla frametter og jamna vegen for ein oppreist som kunne ta makta. Han understreka at om dei væpna styrkane skulle utviklast måtte ein i hovudsak lita på folket, på den politiske striden massane førte. Til meir utvikla og samansveisa dei revolusjonære masseorganisasjonane var, og di hardare dei streid politisk, til fastare var grunnlaget for å skipa væpna strykar og føra væpna strid.

På grunnlag av dei væpna folkestyrkane som då tok form gav president Ho 22. desember 1944 pålegg om å skapa *Propagandabrigaden for frigjering av Vietnam* under kommando av kamerat Vo Nguyen Giap. Han peika på fylgjande:

» . . . Namnet Propagandabriganden for frigjering tyder at den politiske sida er viktigare enn den militære. Det er ei propaganda-eining. For å få i stand effektive militære tiltak er hovudprinsippet å konsentrera kreftene. Slik vil ei eining, ein hovudstyrke, verta skapt etter nye pålegg frå organisasjo-

nen, ved å velja ut dei mest heilhuga og ivrige medlemene og kadrane i geriljaeiningane i Cao-Bac-Lang og samla ein stor del av dei våpna som finst. Motstandskrigen vår er ein krig heile folket er med i, heile folket må reisast og væpnast. Difor må dei lokale væpna styrkane haldast ved lag, medan me samlar strykar til å skipa ei fyrst hæreining, slik at dei kan gjera sams sak og hjelpa til på alle felt. Omvendt har hovudstyrke-eininga plikt til å hjelpa dei lokale militærkadrane og gjeva dei opplæring og våpen om det er råd, slik at desse einingane kan veksa og veksa.»

For å føra væpna strid etter føresegnene og prinsippa som her er nemnde understreka han at ein må handla snøgt og vita kva ein vil. Etter brigaden var skipa må han gjera ting vel og den fyrste aksjonen må visseleg lukkast. I verksemda si må han ansa på dei lokale væpna einingane, han må senda øvde kadrar hit og dit for å skifta røynsler med andre, samordna aksjonane og halda sambandet med det leiande organet. Når det galdt operasjonstaktikk rådde han til å gjera som geriljaen. Løynde, pågåande og snøgge aksjonar, ikkje verta ovmodig eller undervurdera fienden, halda fienden i uvisse om kvar ein held til.

Desse pålegga frå president Ho tok for seg hovudspørsmåla i militærlina partiet hadde i den tida og endå til i den fylgjande perioden med langvarig motstand. Lina femnde om spørsmål som galdt motstand frå heile folket, spørsmåla om å reisa og væpna heile folket. Her var retningslinjer for å skapa tre slag troppar (geriljatroppar, landsdelstroppar og regulære). Lina sette i gang aksjonsforma som kombinerer militær og politisk strid ved dei væpna strykane, prinsippa i geriljaoperasjonar og taktisk osb.

Medan han passa på å byggja opp dei militære

og politiske styrkane, sende han eit brev til heile nasjonen der han slo fast at tida for nasjonal frigjering nærma seg. Han oppmoda alle parti og organisasjonar til å skunda på med å førebu Nasjonalkongressen:

»Åtakslægeret nærmar seg den dagen det skal øydeleggjast. Dei allierte kjem til å vinna den endelige sigeren. Innan eitt til halvtanna år vil høvet by seg så folket vårt kan frigjera seg. Det hastar, me må skunda på!

Eg vonar partia og organisasjonane verkeleg vil førebu seg og halda diskusjonar for å få samankalla ein *Nasjonalkongress* i år. På denne måten kjem me visseleg til å nytta godt av hjelp frå andre og den nasjonale bergingssaka vil visseleg sigra! »

Frå og med det åttande plenumet i Sentralkomiteen og særleg etter september 1944 meinte president Ho og Sentralkomiteen at dei japanske fascistane og dei franske kolonialistane ville freista verta kvitt einannan i alle fall. Slik gjekk det og. Den 9. mars 1945 gjorde japanarane kupp og kasta ut dei franske kolonialistane, slik at dei fekk udelt kontroll over Indokina. Frå 9. til 12. mars 1945 heldt Det faste utvalet i Sentralkomiteen i partiet eit utvida møte i Dinh Bang (Bac Ninh) for å drøfta stoda. Dei sende ut eit viktig direktiv med namnet *Striden Japan—Frankrike og aksjonen vår*. Møtet meinte at det japanske kuppet ville føra til ei djup politisk krise som ville gjera at vilkåra for ei allmenn reising mognast snøggare. Det slo fast at den direkte hovudfienden var dei japanske fascistane og agentane deira. Møtet gjorde det til ei oppgåve for heile partiet å setja i gang ei brei rørsle for kamp mot japanarane for å berga nasjonen, som eit førespel til den allmenne reisinga.

I mai 1945 reiste president Ho frå Cao Bang til Tan Trao (Son Duong, Tuyen Quang) for å ta over

føringa med den revolusjonære rørsla i heile landet direkte. Då han hadde høyrte detaljerte rapportar om stoda var han samd med direktiva frå Det faste utvalet i Sentralkomiteen og vedtaket på den revolusjonære militærkonferansen i Bac-Ky i april 1945. Dessutan la han til ei mengd viktige punkt, til dømes å oppretta *Det frigjorte området Viet Bac*, og å slå saman dei væpna styrkane i *Frigjeringshæren* (4. juni 1945). Straks etterpå sette han fram dei ti måla for *Det frigjorte området*: Jaga ut dei japanske fascistane og landssvikarklikken, ta eigedomane etter inntrengjarane og svikarane og dela dei mellom dei fattige, innføra allmenn røystrett og demokratiske rettar, væpna massane og eggja dei til å stø geriljaen og gå saman med Frigjeringshæren, få i stand nydyrking, oppmuntra til å produsera, nå fram til ein sjølvberga økonomi i det frigjorte området, ordna til trygder og gje hjelp til krigsoffer, dela opp sameigene på nytt, setja ned jordleigene og gjeldsrentene, og kunngjera utsetjing med avdrag på gjeld, ta bort skattar og pliktarbeid, læra folk lesa og skriva og gje militær og politisk opplæring til folket, tryggja jamstelling mellom ulike nasjonalitetar og mellom kvinner og menn.

Folket hadde stor framgang med å skapa det frigjorte området. Det var det revolusjonære baseområdet for heile landet, miniatyrbiletet av det nye Vietnam som skulle veksa fram. Det gav sterk inspirasjon og framskuv til den anti-japanske rørsla for å berga nasjonen.

Verdskrigen gjekk mot slutten. Dei tyske og dei italienske fascistane hadde overgjeve seg til Sovjetunionen og dei allierte, og dei japanske fascistane nærma seg og enden. I Indokina var dei japanske troppane i eit einaste rot. Den revolusjonære rørsla kokte meir enn nokon gong over heile landet. Vil-kåra for ein allmenn oppreist var mogna. President

Ho og Sentralkomiteen i partiet greip dette einestående høvet til å reisa heile folket i ein allmenn oppreist for å gripa makta i heile landet. Han streka under: »Denne gongen er både dei ytre og dei indre vilkåra uvanleg laglege. Difor må partiet for all del få folket med til å stri for sjølvstende, same kva det vil kosta. Endå om me kan måtta setja fyr på heile Truong Son-fjellet i striden må me stå fast på å vinna sjølvstende.»

Etter framlegg frå president Ho vart landsmøtet i partiet og Nasjonalkongressen, som hadde vore førebudde, haldne etter kvar andre i Tan Trao (Son Duong, Tuyen Quang) samstundes som den heltemodige sovjethæren nett hadde sopt bort hovudstyrkane dei japanske fascistane hadde i Nordaust-Kina.

Partilandsmøtet den 15. august 1945 vedtok å setja i gang ei allmenn reising. Måla med striden skulle vera »motstand mot åtak», »fullstendig sjølvstende», »folkemakt», og dei sette opp tre prinsipp for korleis striden skulle førast: Konsentrasjon, samla aksjon og val av rette tidspunkt. Åtak måtte gjerast over alt der sigeren var viss, enten det var på landet eller i byen. Politisk strid måtte kombinerast med militær strid for å undergrava fiendemoralen framfor åtaka. Når det galdt indre saker, sa landsmøtet klart at ein måtte ta seg av propaganda og organisering i massane. Landsmøtet vedtok det nasjonale flagget og nasjonalsongen for Den demokratiske republikken Vietnam. Det vedtok dei to store måla Viet Minh hadde, og rekna dei som dei grunnleggjande nære måla for heile partiet og folket. Utanriks måtte me draga nytte av motseiingane mellom den engelsk-franske gruppa og den med USA og Chiang Kai-shek, slik at me slapp ha fleire fiendar samstundes. Me måtte innsjå at fiendskapen mellom på den eine sida britane,

amerikanarane og franskmennene og Sovjetunionen på hi kunne få britar og amerikanarar til å semjast med franskmennene og lata dei venda attende til Indokina. Landsmøtet streka under at partiet måtte vera samansveisa politisk og organisatorisk, og at både høgre- og »venstre»-avvik måtte haldast borte slik at me kunne føra heile folket til å reisa seg og gripa makta.

Vedtaket på landsmøtet gav partiet og folket føreseigner og mål for den tilstundande allmenne oppreisten. Samstundes gav det dei ei leiing når revolusjonsmakta hadde sigra i heile landet.

Nasjonalkongressen vart halden etter partilandsmøtet, 16. august 1945, med Ho som møteleiar. Det var fyrste gongen utsendingar frå politiske parti, folkeorganisasjonar, ymse nasjonalitetar, religiøse grupper som kom frå nord, frå sør og frå dei midtre delane av landet og ei mengd utsendingar frå vietnamesarar i utlandet kunne møta president Ho, den vyrde og omtykte leiaren for heile folket vårt. Nasjonalkongressen stødde varmt det vedtaket partiet og Viet Minh-leiinga hadde gjort om allmenn oppreist. Kongressen sa seg fullradd til å vinna att sjølvstendet før allierte troppar kom til Indokina: »Landet vårt vert ikkje automatisk sjølvstendig når japanarane er slegne. Mange vanskar og hindringar vil dukka opp. Me må vera kloke og viljefaste. Me må vera kloke for å halda oss frå slikt som vil verta ulagleg for oss. Me må vera viljefaste for å nå fullstendig sjølvstende. Slik verda er etter denne krigen vil eit folk som samla og viljefast krev sjølvstende visseleg verta sjølvstendig. Me skal sigra.» Kongressen oppmoda inn-trengjande folket i heile landet og dei revolusjonære organisasjonane til å reisa seg i tide, til å stå saman og streva for å gjennomføra dei ti måla åt Viet Minh. For å tryggja ei leiing for den nasjonale

frigjeringsrevolusjonen fram til sigeren, nemnde kongressen ut *Den vietnamesiske nasjonalkomiteen for frigjering*, det vil seia *Den provisoriske regjeringa for Den demokratiske republikken Vietnam*, med kamerat Ho Chi Minh som president.

Over heile landet ljoma oppropet frå president Ho om allmenn oppreist:

»Kjære landsmenn!

... No har dei japanske troppane brote saman, rørsla for å berga nasjonen spreier seg over heile landet ...

Dette er lagnadsstunda for nasjonen vår. Lat folket i heile landet reisa seg, lat oss nytta vår eigen styrke til å frigjera oss. Mange underkua folk i verda kjeppest om å gå fram og vinna sjølvstende. Me kan ikkje sakka etter.

Fram! Fram! Lat folket vårt marsjera djervt fram under fana åt Viet Minh! »

Heile folket vårt fylgde oppropet. Frå nord til sør, frå slettene til fjella reiste millionar seg som *ein* mann i ein allmenn oppreist for å gripa makta i heile landet.

Augustrevolusjonen braut ut på eit lagleg tidspunkt, slik president Ho og Sentralkomiteen i partiet hadde tenkt seg det då den andre verdskrigen braut ut. Føregangsfolk måtte freista å framskunda dette laglege tidspunktet, slik president Ho hadde peika på då han fann den revolusjonære vegen for folket vårt.

Etter me hadde gripe makta i hovudstaden Hanoi, heldt Det faste utvalet i Sentralkomiteen eit møte der dei gjorde vedtak om viktige indre og ytre saker i den nye stoda. I samsvar med vedtaket i Det faste utvalet gjorde president Ho framlegg for Sentralkomiteen om at Den provisoriske regjeringa skulle utvidast, at ei *Fråsegn om sjølvstende* skulle

sendast ut og at eit stort folkemøte skulle ynskja den revolusjonære makta velkomen i hovudstaden.

Den 2. september 1945 las president Ho Chi Minh høgtideleg den historiske *Fråsegna om sjølvstende* på Ba Dinh-plassen i Hanoi, på vegner av Den provisoriske regjeringa. Han kunngjorde at Den demokratiske republikken Vietnam var fødd, at koloni- og føydaladministrasjon var rydja heilt or vegen, og sanna framfor folket vårt og folka i verda at den vietnamesiske nasjonen var fri og uavhengig.

»Eit folk som djervt har stått imot fransk overhøgdom i meir enn åtti år, eit folk som har stridd side om side med dei allierte mot fascistane desse siste åra, eit slikt folk må vera fritt og sjølvstendig.

Vietnam har rett til å vera fritt og uavhengig, og er det verkeleg alt no. Heile folket i Vietnam vil fullt og fast nytta heile sin fysiske og psykiske styrke, dei vil ofra liv og eigedom, for å vakta om fridomen og sjølvstendet.»

Fråsegna om sjølvstende var kjernen i tidlegare arbeid av president Ho, av partidokument og fråsegner frå nasjonalheltar og revolusjonære i tidlegare ættleder. *Fråsegna om sjølvstende* var ein særskild ærerik bolk i saga om den trottige og djerve striden det vietnamesiske folket har ført.

Den vellukka augustrevolusjonen innvarsla ein ny tid i saga åt det vietnamesiske folket, for han avla Den demokratiske republikken Vietnam, den fyrste folkedemokratiske staten i Sørøst-Asia. Augustrevolusjonen var ikkje berre eit resultat av den nasjonale frigjeringsrørsla i åra 1939–45. Det var og reslutatet av den lange og heltemodige striden folket vårt førte under leiing av partiet og president Ho.

Framgangen for augustrevolusjonen i Vietnam vitna om at lina president Ho hadde for å berga nasjonen var heilt rett. Ved å leia augustrevolusjonen fram til siger gjorde han sitt for verdsrevolusjonen. Han leidde folket då det braut den veikaste lekken i det koloniale systemet imperialismen hadde laga, og slik hjelte han til å setja i gang oppløysingsprosessen i kolonisystemet då oktober-revolusjonen hadde sagra og det sosialistiske verds-systemet tok form.

Framgangen for augustrevolusjonen prova at president Ho hadde nytta teorien frå Lenin om det nasjonale spørsmålet og kolonispørsmålet på skapande vis under dei særeigne tilhøva i Vietnam: I tidbolken med proletarisk revolusjon er den nasjonale frigjeringsrevolusjonen, det avgjerande fyrste steget i den folkelege nasjonal-demokratiske revolusjonen, fullt ut i stand til å sagra i eit koloniland eller eit halvføydalt land, når han er leidd av arbeidarklassen. Denne revolusjonen er nøye knytt til den proletariske revolusjonen i »mor-landet», men er ikkje avhengig av revolusjonen der. Tvert om kan han vera fyrst ute og vinna fram før arbeidarklassen kjem til makta i »foreldre-staten». Som president Ho sa: »Det var ein stor siger for det vietnamesiske folket og og den fyrste sigeren for marxismen-leninismen i eit koloniland.»

VI

Den fyrste motstanden (1945—1954)

Etter folket kom til makta, og utan at det fekk tid til å ordna og sveisa saman styrkane sine, måtte folket vårt sjå ein svært vanskeleg og innfløkt situasjon i auga. Den fæle hungersnauda dei franske kolonialistane og dei japanske fascistane hadde stelt til var ein fåre enno. Nasjonaløkonomien og pengekjeldene var oppøydde. Samstundes strøymde 200 000 Chiang Kai-shek-troppar inn i Vietnam i nord, etter amerikansk ordre, og med det påskotet at dei skulle avvæpna japanarane. I røynda var ærendet deira å freista øydeleggja partiet, knusa Viet Minh, hjelpa dei reaksjonære med å velta folkemakta og oppretta ei reaksjonær regjering under kontroll av USA og Chiang Kai-shek. I sør la franske kolonialistar seg i livda bak dei britiske troppane og laga i stand ei attkome. President Ho tok på seg den tunge plikta han hadde mot folket: »Skylnaden min er den rormannen har når han må sigla fedrelandsskipet trygt gjennom stormane og føra folket til lukkestranda.»

Han oppmoda folket til å styrkja samhaldet og slåst mot hungersnaud, analfabetisme og utanlandske åtak, og sette fram slagordet: »Motstand og oppbygging av landet må gå saman.»

Hovudoppgåva no var å halda oppe den revolusjonære makta, og president Ho gjorde framlegg



Ho Chi Minh på den 18. kongressen i Det franske sosialistpartiet i Tours, 1920



President Ho Chi Minh saman med delegatar frå Sør-Vietnam i 1949



Ved Dong Khe-fronten i 1950



President Ho Chi Minh arbeidar i ei grotte i Viet Bac (1951)

Bildet til høgre:

Etter sigeren i krigen med landsomfemnande motstand mot dei franske kolonialistane (1954)



President Ho Chi Minh saman med utsendingar til møtet den 3. mars 1951 der Viet Minh og Lien Viet vedtok å gå saman i ein front.





President Ho Chi Minh saman med heltar og framifrå stridande frå Sør-Vietnam i 1965



President Ho Chi Minh på kongressen for unge friviljuge i den patriotiske motstandskrigen mot aggresjonen frå USA (1967)

om å halda landsomfemnande val så snart råd var, velja ei regjering og kunngjera ei demokratisk grunnlov. Slik kunne folket få tiltru til det nye styret. Andsynes utanverda ville eit styre som var valt av folket ha lovleg grunnlag ingen kunne nekta for. Den 6. januar 1946 vart det gjennomført velukka val over heile landet. Heile folket vart synte si særlege tiltru til president Ho. Den 2. mars 1946, i det fyrste møtet i Nasjonalforsamlinga, vart han vald til president i Den demokratiske republikken Vietnam. Den 9. november 1946 vedtok Nasjonalforsamlinga den fyrste grunnlova for Den demokratiske republikken Vietnam. Ho slo fast at folket hadde rett til å vera herrar i sitt eige land og kunngjorde demokratiske rettar.

For å stetta dei nære interessene folket hadde i ein fart, og fyrst og fremst for bøndene og arbeidarane, gjorde president Ho ei rad med framlegg for regjeringa. Ho skulle avskaffa skattesystemet dei franske kolonialistane hadde laga til, kunngjera arbeidarvernlover, tryggja interessene for arbeidarane, påby 25 prosent nedskjering i jordleigene, dela ut jorda som vart teken frå dei franske kolonialistane og dei vietnamesiske svikarane og dela opp sameigene på nytt for dei jordsvultne bøndene. Han sette i gang ein kampanje for å *auka produksjonen* som eit naudstiltak i striden mot hungersnauda. Han oppmoda og innbyggjarane til å dela mat og klede med dei som trong, og gjekk sjølv føre i dette: »Når me tek ei skål ris,» sa han, »kan me ikkje hjelpa for at me kjem til å tenkja på dei fattige og svultne. Difor gjer eg framlegg til landsmennene mine i heile landet, og dette driv eg no med sjølv, at me skulle gå utan mat eitt mål kvar tiande dag, det vil seia tre mål kvar månad. Risen me sparar på dette viset skal gjevast til dei fattige.» I samband med *Gullveka* oppmoda han

alle delar av folket til å ofra og hjelpe regjeringa til pengar for nasjonalt forsvar.

President Ho la stor vekt på å betra den kulturelle tilstanden hjå folket. Han sette i gang rørsle for å *kvitta seg med analfabetismen*, han rådde folket til å ta opp eit *nytt levevis*. Han utdanna kadrane våre og folket og eggja dei til å syna trott, sparsamd, sjølvstende og rettvis, og kvitta seg med tilattarskomne tankar og skikkar som hang att etter koloni- og føydalsystemet. Slik kunne dei gjera seg verdige til eit uavhengig Vietnam. Han tok vare på dei unge skota i nasjonen. I breva han skreiv til skuleborn når nytt skuleår tok til og til alle born i samband med haustfesten, rådde han dei til å læra grundig slik at dei kunne vera med å byggja landet i framtida.

Etter opptak frå president Ho i mai 1946, vart Den vietnamesiske nasjonalunionen (Lien Viet) grunnlagd for å auka det nasjonale samhaldet i samarbeid med dei politiske partia og demokratiske einskildpersonar som nyleg hadde gått saman i den nasjonale einskapsfronten. Den fedrelandshuga tradisjonen i folket vårt vart kraftig styrkt. Heile folket vårt sa frå at dei stod solidariske med og tenkte som regjeringa med president Ho i brodden. Dette var ei uovervinneleg kraft i striden mot ytre og indre fiendar.

I tida etter augustrevolusjonen hadde president Ho og Sentralkomiteen i partiet fleire fiendar å hanskast med på ein gong. Dei innsåg at den farlegaste fienden då var dei franske kolonialistiske åtaksmennene. President Ho nytta ein svært klok taktikk som lett kunne endrast: Medan han heldt nøye på prinsippet med nasjonal sjølvråderett og sjølvstende, *gjorde han ei mellombels semje med Chiang-troppane* slik at han kunne halda på makta og ha frie hender til å ta seg av dei franske trop-

pane i sør. På den eine sida let me Chiang-troppane få visse politiske og økonomiske føremuner, på hi sida nytta me styrken i den nasjonale einskapsfronten til å bægja av alle dei skumle planane deira, og straffa agentane deira, Viet Nam Quoc Dan Dang, som hadde synt seg som kontrarevolusjonære. I mellomtida skunda president Ho og Sentralkomiteen i partiet på oppbygginga av dei væpna styrkane og reiste folket i heile landet til å stø motstanden frå landsmennene våre i sør. Seint i februar 1946 gjekk Chiang-troppane etter amerikansk ordre med på å lata franske troppar koma til Nord-Vietnam i staden for dei. For å sleppa strid med fleire fiendar i heile landet utan skikkeleg førebuing, gjekk president Ho over til ein politikk med *mellombels semje* med franskmennene ved å underskriva *Mellombelssemja* den 6. mars 1946. Takk vere dette kunne me jaga ut Chiang-troppane i nord og sopå vekk agentane deira, og på same tid gjera til inkjes planane USA-imperialistane hadde. Då me gjekk inn på mellombelssemja vart me og i stand til å vinna svært dyreverdig tid til å *byggja opp og sveisa saman styrkane våre og gjera allsidige førebuingar til motstand mot dei franske kolonialistane over heile landet*. Landsmennene våre i sør var flinke til å nytta dette høvet til å byggja opp og utvikla styrkane sine.

Den 31. mai 1946 la president Ho ut på ei vitjing til Frankrike som æresgjest hjå den franske regjeringa. Under opphaldet der tok han kontakt med ymse delar av det franske folket og folk frå Vietnam. Han freista få alle til å skjøna klårt at folket vårt førte ein rettviss strid, og såleis vinna godhug og støe hjå det franske folket og auka vyrnaden for Den demokratiske republikken Vietnam på den internasjonale arenaen. Han sa frå at folket vårt ynskde fred etter prinsippet med å

tryggja den nasjonale sjølvråderetten: »Nam Bo er ein del av Vietnam, ingen har rett til å skilja han frå, inga makt kan skilja han frå landet vårt.» Sidan dei franske kolonialistane hadde ei hardbarka og krigersk innstilling, førte dei offisielle samtalan mellom regjeringsdelegasjonen vår, leidd av kamerat Pham Van Dong, og den franske regjeringsdelegasjonen i Fontainebleau ikkje til noko. President Ho skreiv under ei førebels ordning med den franske regjeringa den 14. september 1946. Slik kunne han vinna tid til å byggja opp styrkane våre og førebu den landsomfemnande motstandsstriden han visste ville koma.

Andlet til andlet med sært alvorlege fårar sto president Ho i brodden for partiet som ein roleg, klårsynt, klok, modig og røynd rormann som styrte det vietnamesiske revolusjonsskipet trygt gjennom alle grunner og skjer. Røyndomen synte at den politiske lina hjå president Ho og Sentralkomiteen i partiet var verkeleg klårsynt: *Lit på styrken i det nasjonale samhaldet, hald fast på den strategiske leia, syn dykk faste i prinsipp og fleksible i taktikken, ver flinke med å draga nytte av motseiingane i fienderekkjeane slik at de kan kløyva dei, isoler dei farlegaste fiendane grundig, skap vilkår slik at de kan halda oppe og grunnfesta den revolusjonære makta, mønstra styrkar til den lange motstands-krigen mot dei franske kolonialistiske åtaksmennene.*

For skuld openberre åtak frå dei franske kolonialistane spreidde krigen seg over heile landet den 19. desember 1946. Den 20. desember 1946 sende president Ho ut eit *Oppprop om nasjonal motstand*: »Me vil ha fred, me har gjeve etter i sumt. Men til meir me gjev etter, til meir trengjer dei franske kolonialistane seg inn på oss, for dei er huga på å hærta landet vårt på nytt. Nei! Me vil heller ofra

alt enn å missa sjølvstendet vårt og koma i trælekår.

Landsmenn! Me må reisa oss!

Alle, menn og kvinner, gamal og ung, utan omsyn til religiøs overtyding, politisk tilhøyrslø eller nasjonalitet. Kvar einaste vietnamesar må reisa seg for å slåst mot dei franske kolonialistane og berga fedrelandet.

Lat oss bruka gevær og sverd om me har dei, og om dei vantar, lat oss nytta hakker, grev og stokkar til våpen, lat alle gjera det dei kan for å stri mot kolonialistane og berga landet! »

Dette eggjande oppropet frå president Ho berrla åtaksplanane dei franske kolonialistane hadde, gav uttrykk for folkeviljen til å slåst til siste slutt og peika på grunndragane i politikken med langvarig motstand og lina med folkekrig slik partiet hadde streka opp. Han slo fast at motstandskrigen ville verta lang og hard, men visseleg sigerrik. For å leia motstanden til siger, laut me lita på folket og gjera motstand med heile folket og på alle vis.

Tankane president Ho hadde om folkekrig kom klårt fram i direktivet om *Motstand frå heile folket* som Sentralkomiteen sende ut den 22. desember 1946. Kamerat Truong Chinh, generalsekretær i partiet, skreiv boka *Motstanden vil vinna* der han forklara partilina og motstandspolitikken (Folkekrigens vei, Oktober). Lina med langvarig, folkeleg, allsidig og sjølvberga motstand, og dei tre stega i motstanden: Forsvarsstid, aktiv strid som går att og fram, og storoffensiv vart forklara utetter til kadrane, soldatane og folket. Det hjelpte til å styrkja den faste viljen deira og trua på endeleg siger.

Etter sigeren i Viet Bac sende president Ho ut *Oppropet om kappestrid for fedrelandet* i juni 1948 med tanke på å vekkja alle motstandskrefte. Det var tevling i å få bort hungersnaud, anafa-

betisme og framande inntrengjarar, tevling i å gjera motstand med heile folket, allsidig motstand, i å slåst med fienden ved fronten, i å produsera og spara bak fronten og gjennomføra slagordet »alt for fronten, alt for sigeren«. Han oppmuntra alle delar av folket til å vera med i kappestridsrørsla:

*Lat kvar og ein og alle greiner
tevla med kvarandre
kvar dag.
Me er visse på å sigra,
fienden er viss på å tapa.*

Arbeidarklassen gjekk fremst i kappestridsrørsla for fedrelandet. Bøndene, som hadde ei eiga frontline, ville gjerne produsera og visa sparsemd slik at dei kunne gje fronten meir arbeidskraft og materielle ressursar. President Ho delte det harde livet kadrane, soldatane og folket levde. Han vitja og mota dei opp, gamle folk, kvinner, ungdomar, born, minoritetsfolk, intellektuelle, forfattarar, kunstnarar osb. til å tevla med kvarandre og via givnaden sin og kreftene til motstandssaka og oppbygging av landet.

Tevlinga for fedrelandet heldt fram samanhangande med liv og lyst. Det vart ei drivkraft som sette meir drette i folkemotstanden. Gjennom denne rørsla lærde president Ho opp og ol fram folk av eit nytt slag, til dømes heltar, stortevarar og mønsterkadrar. Dei var vene blomar i det revolusjonære heltemotet president Ho dyrka med omhug.

President Ho var alltid oppteken av å *sveisa saman og utvikla partiet*. Han samanlikna partiet med eit kraftverk og motstandssaka og oppbygginga av landet med elektriske lys. Di sterkare kraftverket er, di klårare er lysa. President Ho peika på at partiet måtte vera sterkt, reint og vera

eit føredøme om det skulle verta meir leiande. Alle medlemmer måtte stå samla i ideologi, organisasjon og handling. Kadrar og partimedlemmer måtte gjennomføra alle tiltak frå parti og regjering rett og viljefast. Dei måtte halda nært samband med massane og bruka masselina. Dei måtte praktisera kritikk og sjølvkritikk. For å nå det revolusjonære målet, er ikkje organisasjon nok. Kadrar og partimedlemmer måtte stå saman og beint ut syna at dei tykte om kvarandre, tena partiet og folket fullt og heilt og syna revolusjonær eldhug og gode moralegenskapar. I mars 1947 skreiv han eit *Brev til kameratane i Bac Bo* og sidan eit *Brev til kameratane i Trung Bo* og oppmoda kadrane og partimedlemmene til å via all sin moralske og materielle styrke til å leia folket mot dette eine målet: Å jaga ut dei franske kolonialistane og få sjølvstende og einskap att i landet vårt. Han kritiserte slike feil hjå kadrar og partimedlemmer som trong bygdepolitikk, sektetisme, militarisme, byråkatisme, trongsyn, formalisme, kontorpirk, skort på disiplin, eigenkjærleik og låk åtferd. I oktober 1947 skreiv han boka *Lat oss betra arbeidsstilen vår*. Det var eit dokument der kadrar og partimedlemmer kunne læra seg ideologi, moral og arbeidsstil. Han sette fram tolv punkt for å byggja opp partiet og fem punkt om revolusjonær moral: Menneskemilde, truskap, viljestyrke, mot og ærlegdom. »Elvar får vatn frå kjeldene sine og ville turka ut om dei vart avskorne. Tre må ha røter, og ville visna utan dei. Dei revolusjonære må ha gode moralske kvalitetar, utan det vil dei ikkje kunna leia folket same kor gåverikte dei kan vera.» Han peika på at revolusjonær moral er eit nytt slag moral, eit storfelt slag moral, som ikkje søker personleg heider men berre bryr seg om interessene partiet, nasjonen og menneskeætta har saman.

Dette dokumentet vart spreidd og studert vidt og breitt og gjorde mykje for å omforma kadrar og partimedlemmer ideologisk, og læra dei opp til revolusjonære som var trufaste mot partiet og folket. Dette hjelpte til å auka motstanden og skunda på bygginga av landet.

For å føra folkekrig sytte president Ho og Sentralkomiteen i partiet for å *byggja opp dei væpna styrkane* med tre slags troppar, regulære, områdetroppar og gerilja. Dette var kjernen i den væpna striden ved heile folket. President Ho streka under at militsen og geriljaen var strategisk viktige: »Militsen, sjølvforsvarseiningane og geriljaen er ei kraft frå heile nasjonen, ei uovervinneleg kraft, ein jernvegg om fedrelandet. Same kor vill ein fiende er vil han falla saman når han spring inn i denne styrken, denne veggen.» For å få sving på folkekrigen måtte dei tre slaga troppar lita på folket og halda seg til dei, og gå inn i nært samordna aksjonar. Dei væpna styrkane måtte stri mot fienden både med militær styrke og med politiske og økonomiske hjelperåder.

Når han bygde opp hæren, la president Ho stor vekt på politisk og ideologisk opplæring, slik at han kunne gjera hæren vår til ein verkeleg folkehær, som kunne ha tiltru, vyrnad og kjærleik hjå folket. Han sa ofte: Hæren kjem frå folket og slæst for folket, »hær og folk er som fisk og vatn». Difor skulle hæren verja liv og eigedom for folket, ikkje ta noko, ikkje ein gong ei nål eller ein trådstubb, frå folket. Alle stader der hæren er stasjonert skal han hjelpa dei som bur der med å auka jordbruksproduksjonen. Når troppane våre slæst må dei syna mot, dei må vera rådsløge og snarrådige. Dei skal kappast om å drepa fienden med våpen dei har teke frå han, sopa vekk dei viktigaste styrkane hans og utvikla vår eigen styrke. President Ho vitja mange

hæreiningar, var med på møte som summerte opp røynsler frå felttoga, og sende oppmuntrande brev til kadrar og soldatar. Om det var vanskar, peika han på korleis dei kunne løysast. Når troppane sigra rådde han dei til å ikkje verta sjølvnøgde, men streva for å betra desse sigrane og vinna større. Han var stadig oppteken av det materielle og moralske livet hjå troppane våre. Han sette i gang rørsle med å »selja ris for å traktera troppane», med tanke på å mobilisera folket til å tena fronten og hæren og skuva motstanden frametter. Han tok seg av vanføre soldatar og huslydane til dei som døydde i krigen, gav pålegg til styresmaktene og oppmoda folket til å hjelpa dei i dagleglivet. Takk vere opplæringa og omsuta frå president Ho og Sentralkomiteen i partiet vaks folkehæren frå berre ein liten styrke i byrjinga til ein sterk hær som gjorde alle fiendeplanane om inkje.

Saman med sigrane folket og hæren vann på det militære feltet, *festa folkemakta seg og tok opp den historiske skyldnaden med arbeidar- og bonde-diktatur*, og synte stor livskraft. Ikkje berre i dei frie områda, men og i områda fienden heldt sette folket si lit til »regjeringa hans onkel Ho». President Ho meinte at administrasjonen verkeleg skulle tilhøyra folket, veljast av folket og tena folket. På den eine sida måtte partiet styrkja leiinga i administrasjonen. På dei ymse nivåa skulle det vera det rette talet med arbeidar- og bonderepresentantar. På hi sida måtte dei administrative organa visa fram at dei inneheldt ein brei front som representerte ymse delar av folket. Han rådde administrasjonssjefar og tilsette til å te seg både som representantar for folket og som trugne tenarar, å via seg heilt til å tena folket, å vera eit føredøme i å gjennomføra regjeringstiltak, og betra sine eigne moralske eigenskapar: Trott, sparsemd, ærlegdom og rettvise.

Dei måtte via seg heilt for fellesinteressene og vera utan eigenkjærleik, dei måtte gå imot byråkratisme, sløsing og korrupsjon. Han minna og dei som hadde embete i regjeringa om at dei måtte studera hardt og utan stogg betra sine eigne politiske, kulturelle og faglege eigenskapar slik at dei kunne tena folket stadig betre.

Motstandskrigen folket vårt førte var ein fast del av den verdsrevolusjonære rørsla. Difor tala president Ho alltid for å *styrkja den internasjonale solidariteten*. Han peika på at det vietnamesiske folket måtte gå saman med den franske arbeidar-klassen og folket, få godhug og stønad frå Sovjetunionen, Kina og andre sosialistiske land, frå folk i koloniland og fredelskande folk over heile verda. Den 14. januar 1950 sa president Ho frå at me sto klare til å oppretta diplomatisk samband med alle land som ville respektera retten til jamstelling og sjølvråderett for Den demokratiske republikken Vietnam. Straks etter godkjende Sovjetunionen, Kina og dei andre folkedemokratia landet vårt etter tur, og oppretta diplomatisk samband med oss. President Ho lærde opp kadrane våre og folket vårt til å kombinera ekte fedrelandshug med proletarisk internasjonalisme, å auka og styrkja innstillinga med sjølvtilitt, drivkreftene, tiltakslysta og skaparevna i folket og hæren i strid og i produksjon, og til å gå imot passiv tiltru til hjelp utanfrå.

På grunnlag av den framgangen som var nådd og med det for auga at dei skulle grunnfesta og utvida baseområdet Viet Bac, og setja landet vårt i samband med broderlanda, vedtok president Ho og Sentralkomiteen i partiet i september 1950 å setja i gang grensefelttoget. Det var fyrste gongen hæren vår tok i ferd med eit felttog i så stor skala. Han påla dei væpna strykane å kappast om å «øydeleggja fienden og gjera stor-

verk» og vera fullrådde på å vinna siger. Han reiste mil etter mil sjølv for å koma til fronten og var beinveges med og leidde operasjonane. Det at han var ved fronten var ei stor kjelde til å setja mot i hæren og folket så dei kunne gå fram og fullføra den ærefulle oppgåva si.

Etter grensesigeren, og for å styrkja leiinga partiet skulle ha på alle felt for å auka motstanden, vart *det andre partilandsmøtet* kalla saman i januar 1951 i baseområdet Viet Bac. President Ho peika på dette: »Dette landsmøtet er eit motstandslandsmøte. Den politiske skylnaden det har er å føra motstanden til full siger og byggja opp Det vietnamesiske arbeidarpartiet.»

• I den *politiske landsmøtemeldinga* summerte president Ho opp røynslene partiet vårt hadde gjort frå det vart skapt og rekna opp dei ærerike historiske stadia det hadde gått gjennom. Han framheva dei viktigaste døma på framgang i verdsrevolusjonen i den fyrste halvta av det tjuande hundreåret, og dei lyse utsiktene for revolusjonen i landet vårt.

President Ho stadfesta at partilina i motstandskrigen var heilt rett. Han peika på både gode sider og feil hjå kadrar og partimedlemer, og kritiserte galne tendensar slik som pessimisme og vonløyse eller sjølvnøgje og bråhug. Meldinga framstilte planane USA-imperialistane hadde for å blanda seg meir inn i Indokina, og sette opp denne hovudparolen: »Sop ut dei franske kolonialistane og slå USA-intervensjonistane, nå fram til samhald, fullt sjølvstende og vern om verdsfreden.»

President Ho gav ein analyse av den nye stoda og oppgåvene. Han la vekt på at me måtte utvikla kreftene våre på alle omkverve, særleg styrkja det nasjonale samhaldet og styrkja den heimlege fedrelandshuga tradisjonen slik at me kunne leia mot-

standen til siger. Han sa: »Folket vårt er glødande av fedrelandshug. Dette er ein dyrverdig nasjonal tradisjon. Om fedrelandet vert hærteke bylgjar denne fedrelandshugen opp og veks til ei kraftig bære som stig over alle farar og vanskar og dukkar alle svikarar og åtaksmenn under.»

President Ho peika og på at me måtte utvikla venskapsband med broder-landa og framstegsvenlege folk i verda, gjera oss føre for å hjelpa til i motstanden for å berga nasjonen som folka i Kambodsja og Laos gjer. Me måtte ha for auga at me skulle skipa ein front av det vietnamesiske folket, Khmer-folket og det laotiske folket. For å løysa desse oppgåvene var den avgjerande viktige oppgåva å streva for å sveisa saman og utvikla partiet, få det fram i lyset og framheva kva det gjer; dette ville føra motstanden og oppbygginga av landet til full siger.

Det politiske programmet for Det vietnamesiske arbeidarpartiet landsmøtet vedtok var eit samandrag av hovudtankane i den *politiske meldinga* frå president Ho Chi Minh og meldinga *Om revolusjonen i Vietnam* ved kamerat Truong Chinh. Det stadfeste lina med folkeleg nasjonaldemokratisk revolusjon som går vidare til sosialistisk revolusjon i Vietnam. Landsmøtet valde ein ny Sentralkomite og valde samrøystes president Ho Chi Minh til formann i partiet. Kamerat Truong Chinh vart attvald som generalsekretær i partiet.

Viet Minh og Lien Viet gjennomførte politikken med å utvida og *styrkja det nasjonale samhaldet* og heldt eit møte den 3. mars 1951. Her vart det vedteke at dei skulle gå saman i ein front. Spørsmålet om nasjonal einskap var avgjerande viktig for sigeren i den anti-franske motstanden. Til hardare og villare motstanden vart, til meir måtte

den nasjonale einskapsfronten vera samansveisa og utvida med grunnlag i eit fast samlag mellom arbeidar og bonde. President Ho tala for å sameina oss med alle folk me kunne, å vinna til oss alle me kunne, samla alle delar av folket, alle politiske parti, massseorganisasjonar, alle nasjonalitetar, religiøse samfunn og fedrelandshuga einskildpersonar innan ein brei nasjonal einskapsfront. Han understreka at frontmedlemer skulle stå for nær og varande einskap, praktisera kritikk og sjølvkritikk, gje kvarandre venehjelp slik at alle kunne ha framgang. Den nasjonale einskapsfronten bygde på eit fast samhald mellom arbeidar og bonde og var ein av dei avgjerande faktorane for at motstanden skulle sigra. Då han oppsummerte røynslene med å gjennomføra politikken med brei nasjonal einskap, laga president Ho det vidgjetne slagordet:

*»Einskap, einskap, brei einskap,
framgang, framgang, stor framgang»*

Under leiing av president Ho og Sentralkomiteen i partiet vart nasjonalt samhald den beste hjelpa for det folkedemokratiske styret. Samstundes vaks det til stålmoskar som la seg rundt imperialistane og handlangarane deira. Då president Ho tala på dette historiske landsmøtet sa han mellom anna: »Dette er ein lukkeleg dag for heile folket og for dette landsmøtet, men for meg er denne lukka på ein gong lett å skjøna og vanskeleg å skildra. Som ein som har streva i årevis for brei nasjonal einskap saman med framståande utsendingar som er her, ser eg no ein hage av einskap som blømer, ber frukt og slær røter djupt og vidt i heile folket. Han vil nå den evige våren.»

Frå 1951 og utetter vaks motstandskreftene våre på alle vis, særleg på det militære omkvervet.

Hæren og folket sette i gang storstila felttog som skuva fienden langt inn i ein stilling der han berre kunne verja seg passivt. Fienden tydde då til svikråder for å fri seg frå knipa. Då motstanden gjekk inn i ein avgjerande fase, vedtok president Ho og Sentralkomiteen i partiet i 1952 å setja i gang *ein rettingskampanje i partiet, i hæren og massearbeidet*. Føremålet var å betra det politiske og ideologiske nivået hjå kadrar og partimedlemer, i hæren og i masseorganisasjonane, og gje dei ei rett forståing av lina med folkeleg nasjonal-demokratisk revolusjon, lina med langvarig motstand og sjølvberging. Dei skulle gjerast i stand til å draga ei klår line mellom oss, venene våre og fienden, vinna over individualismen og otten for offer og hard og langvarig strid, osb. President Ho var sterkt oppteken av rettingsundervisninga. Han heldt talar og skreiv brev der han minna alle om å studera hardt og syna fast vilje til å omforma seg slik at ho eller han kunne verta verdig tiltrua åt partiet og folket og verta i stand til å føra motstanden til siger og oppbygginga av landet til framgang.

Medan president Ho og Sentralkomiteen i partiet auka motstanden la dei stor vekt på å ala fram kreftene i folket, fyrst og fremst hjå bøndene, for »bøndene er ein stor styrke for nasjonen, dei er trugne stridsfelagar for arbeidarklassen.»

»Skal motstanden og oppbygginga av nasjonen ha framgang, skal me nå røyneleg sjølvstende og einskap, då må me lita på bondekreftene.»

Medan motstanden vara, gjekk president Ho og Sentralkomiteen i partiet inn for ein politikk med å minka jordleiga og rentene, og andre saker, særleg jordbruksskatten, som skulle korta av på utbyttinga for dei store jordeigarane, som skulle utvikla bondekreftene og grunnfesta ein fast base for motstanden i dei bakre rekkjene.

Men med kvart som motstanden nådde det avgjerande trinnet, måtte slagordet »jord til dei som dyrkar» gjennomførast for å styrkja og grunnfesta samlaget av arbeidarar og bønder, utvikla styrken i folket og føra motstanden til siger. I 1953 vedtok Sentralkomiteen i partiet og president Ho å setja i verk massemobilisering, minka jordleigene og rentene så det mona, og ta til med jordreforma endå til medan motstanden sto på. I desember 1953 vedtok nasjonalforsamlinga med president Ho i brodden *jordreformlova*. President Ho tala om kva jordreforma hadde å seia, og peika på: »Bøndene må frigjerast frå det føydale åket, styrken deira må utviklast slik at me kan reisa heile denne store krafta til teneste for motstanden og vinne siger.» President Ho og Sentralkomiteen fastsette partilina i klassespørsmålet på landsbygda under jordreforma såleis: Å lita heilt på fattigbøndene og dei jordlause, å knyta seg nært til mellombøndene, søkja samlag med dei rike bøndene, å øydeleggja systemet med føydal utbytting steg for steg og med omtanke, å auka produksjonen og strykja motstanden.

Takk vere denne rette politikken vart millionar av bønder kraftig mobiliserte til motstand, samlaget arbeidar-bonde vart styrkt, den demokratiske folkeadministrasjonen og den nasjonale einskapsfronten vart grunnfesta, jordbruksproduksjonen auka og kampkrafta i folkehæren voks som aldri før.

Drivne fram av sigrane våre vinteren 1953 og våren 1954, samla folket og hæren strykane sine og gjekk til åtak på fienden i mest alle operasjonsområde. Det gjekk frå det nordre deltaet gjennom Binh-Tri-Thien og den femte mellomsona til Nam Bo, og knuste planen fienden hadde om å ta att initiativet. For å knusa »siste skanse»-tiltaka dei

franske kolonialistane og USA-intevensjonistane hadde, vedtok Politisk utval i Sentralkomiteen i partiet, der president Ho var formann, å sopa vekk det forskansa lægeret Dien Bien Phu. President Ho påla kadrar og soldatar å gjennomføra føreskriftene om »å vera aktive, tiltaksføre, rørlege og fleksible» og »slåst med visse om å vinna». Han skreiv brev for å mota opp soldatane og dei friviljuge berarane, og passa på alle førebuingane til felttoget. Den strategiske avgjerda president Ho og Sentralkomiteen hadde teke utvikla seg såleis til vilje og gjerning for heile partiet, heile hæren og heile folket.

Medan troppane våre heldt Dien Bien Phu i ei skruestikke, visste president Ho at åtakslysta hjå dei franske kolonialistane hadde vorte skaka. Den 26. november 1953 sa han i eit intervju med ein svensk journalist at me var reiuge til å tinga med den franske regjeringa om ei politisk løysing på Vietnam-spørsmålet, med grunnlag i ærleg vyrdnad for verkelege vietnamesisk sjølvråderett hjå den franske regjeringa. Sigrane hæren og folket vårt vann på slagmarka skapte laglege vilkår for diplomatiske tiltak. Den franske regjeringa vart tvinga til å tinga med regjeringa vår på Geneve-konferansen om Indokina.

Den 7. mai 1954 ljoma den store sigeren for hæren og folket vårt ved Dien Bien Phu utover Geneve-konferansen, og styrte han i ei lei som hōvde. Samstundes heldt Sentralkomiteen i partiet sitt sjette plenum (juli 1954) med tanke på å førebu heile partiet, hæren og folket ideologisk, politisk og organisatorisk for det nye vendepunktet i revolusjonen. På møtet peika president Ho på at USA-imperialistane heldt på å verta den direkte hovudfienden for folket vårt. Han gjorde framlegg om å byta ut slagordet »motstand til siste slutt» med »fred, samhald, sjølvstende og demokrati».

Han skildra oppgåvene for heile partiet, hæren og folket slik: Å vinna og grunnfesta freden, å få samhald, sjølvstende og demokrati, å knusa alle sabotasjeplanar USA-imperialistane hyste.

Den 20. juli 1954 var Geneve-konferansen om Indokina slutt. Den franske regjeringa måtte skriva under ein våpenkvildavtale på grunnlag av vyrdnad for sjølvstende, sjølvråderett og integritet for Vietnam, Laos og Kambodsja, og at landa ikkje kunne delast. Endå dei var huga på sabotasje, måtte USA-imperialistane og lova høgtideleg å respektera Geneve-avtalen om Indokina.

Som sjela i den heilage motstandskrigen nasjonen vår førte ol president Ho fyggjestrengt fram faktorane som tryggja sigeren i motstanden og utvikla dei. Saman med Sentralkomiteen i partiet streka han opp ei rett og skapande line for motstandskrigen, medan han tok på seg å leia folket beinveges og gjera det mogleg for dei å utføra ærerike våpenbragder med ein topp i Dien Bien Phu, som gjorde ende på krigen. *For fyrste gong i saga vann eit lite og veikt koloniland over ei mektig kolonimakt, og hjalp til å skunda på nedbrytningsprosessen i det imperialistiske kolonisystemet. Det var ein ærefull siger for folket vårt, og samstundes ein siger for fredskreftene, dei demokratiske og sosialistiske kreftene i verda.* »Vietnam – Dien Bien Phu – Ho Chi Minh» vart såleis hærropet for dei underkua folka, og folka i verda tykkjer det er gjævt og er byrge når dei seier det.

VII

Den sosialistiske revolusjonen og striden for å samla landet att (1954—1965)

Sigeren ved Dien Bien Phu og den vellukka utgangen på Geneve-konferansen om Indokina i 1954 opna ein ny bolk i saga om den vietnamesiske revolusjonen. Freden var oppretta på nytt i Indokina. Nord-Vietnam var frigjort frå det imperialistiske åket. I lyfta stemning samla folket vårt seg på den historiske Ba Dinh-plassen 1. januar 1955 for å helsa president Ho Chi Minh, Sentralkomiteen i partiet og regjeringa. Dei var no alle attende i hovudstaden etter fleire års hard og heltemodig motstand. Frå 1955 freista USA-imperialistane det dei kunne å jaga ut dei franske kolonialistane. Dei hadde i tankane å gjera halve landet vårt til eit nytt slag amerikansk koloni og militærbase, bygja krigen att og gå til åtak på Den demokratiske republikken Vietnam og det sosialistiske lægeret. USA-imperialistane og handlangarane deira vart den farlegaste og leiaste fienden for folket vårt.

Andsynes den nye situasjonen sette president Ho Chi Minh og Sentralkomiteen i partiet fram to strategiske oppgåver som måtte gjennomførast samstundes: Å byggja opp Nord-Vietnam, føra landet til sosialismen, og å få samla landet att og fullføra den folkelege nasjonal-demokratiske revolusjonen i heile landet. Begge oppgåvene hadde same sikte-

målet: Å grunnfesta freden, samla landet att på grunnlag av sjølvstende og demokrati, gjera noko praktisk for å styrkja det sosialistiske lægeret og tryggja freden i Sørøst-Asia og verda.

Etter at Nord-Vietnam var heilt frigjort, laut landet gjennomføra den sosialistiske revolusjonen og byggja opp sosialismen. Dette er ei lov for den utviklinga revolusjonen i nord lyt gå igjennom, og trengst og i striden for å samla landet på nytt. Det var grunnen til at president Ho Chi Minh og Sentralkomiteen i partiet vedtok at oppgåva for heile partiet og for heile folket var å byggja Nord-Vietnam snøgt ut til ein sterk base for revolusjonen i heile landet.

President Ho Chi Minh fekk folket vårt til å sjå klårt at striden for å samla landet att ville verta lang og hard, men ville sigra med visse.

Då Nord-Vietnam hadde fullført den folkelege nasjonal-demokratiske revolusjonen og gått vidare til steget med sosialistisk revolusjon, sa president Ho Chi Minh: »Det viktigaste særdraget i denne overgangsbolken er at landet vårt går frå å vera eit tilattersståande jordbruksland beinveges til sosialismen, utan å gå gjennom stadiet med kapitalistisk utvikling.» Med styrken i dette særdraget la president Ho Chi Minh og Sentralkomiteen i partiet vekt på at den viktigaste oppgåva for folket vårt var å byggja det materielle og tekniske grunnlaget for sosialismen. Steg for steg skulle dei føra Nord-Vietnam inn i sosialismen, med moderne industri og jordbruk, og høgt utvikla kultur og vitskap. I den sosialistiske revolusjonen må me omskapa den gamle økonomien og byggja ein ny, ein sosialistisk økonomi.

President Ho Chi Minh sa: »Den sosialistiske revolusjonen siktar mot å gjera ende på at menneske utbytta menneske og gje heile folket ei

sømeleg utkome. Dette er den største og mest ærerike revolusjonen i menneskesoga, men og den stridaste, mest mangfelte og vanskelegaste.» Han oppmoda heile folket til å streva for å auka produksjonen, syna sparsemd og gjera alt i samsvar med slagordet »meir, snøggare, betre og meir økonomisk», for å oppfylla og overoppfylla statsplanen. Han var sjølv eit føredøme på trott og einfelt levevis, var den fyrste til å tenkja på arbeid og den siste til å moroa seg. Både i dei åra som kom etter at freden var oppretta og i åra med motstand mot franskmennene arbeidde han alltid hardt, målmedvite og grannsam, og var alltid glad i kroppsarbeid. Han levde alltid einfelt. Han budde i eit lite hus, gjekk største delen av tida kledd i brune bomullsklede og gummisandal. Når han var på reis eller tok mot gjester tok han på seg ein einfelt khakidress av same slaget som den han gjekk med då han las Fråsegna om sjølvstende etter bruset i dagane rundt augustrevolusjonen. Han vitja mest alle provinsane i nord, frå gruvdistriktet i Quang Ninh til dei sjølvstyrte områda Viet Bac og Tay Bac. Han snakka med arbeidarar som bygde nye fabrikkar og demningar, auste vatn saman med bøndene, planta tre under Tet-festa og så bortetter. Han var ei kjelde til stor oppmuntring for folket vårt der dei sleit for å vinna over alle vanskaner og byggja eit nytt liv.

Etter sigeren i motstanden mot dei franske kolonialistane måtte Nord-Vietnam gå gjennom ein *økonomisk atterreisingsperiode* (1955–57). I denne tida vart krigssåra lækte, økonomien stabilisert og dei fyrste tiltaka gjorde for å betra levevilkåra for folket. President Ho Chi Minh og Sentralkomiteen i partiet peika på at ei av hastesakene nett då var å fullføra jordreforma. Med den faste viljen i partiet og hjå heile folket var jordreforma i nord i hovudsak fullført i slutten av 1957. Presi-

denten sa: »Dette er ein stor siger. Han opnar vegen for bøndene våre til å byggja seg eit skikkeleg liv, gje eit verdfullt tilskot til atterreisinga og utviklinga av økonomien, gje Nord-Vietnam eit godt grunnlag å stå på og gjera det til ein sterk base for striden for å samla landet att.»

For å draga full nytte av sigeren i det nye steget i revolusjonen, understreka president Ho Chi Minh at den breie einskapen i heile folket vårt måtte styrkjast endå meir. Med tanke på den nye stoda og nye oppgåver, og at nye våpenbrør måtte samlast i fronten, vedtok president Ho Chi Minh og Sentralkomiteen i partiet å gjera om *Lien Viet-fronten* til *Den vietnamesiske fedrelandsfronten*. Dei gjorde framlegg for fronten om eit nytt handlingsprogram som tok sikte på å kjempa for fred, nasjonalt samhald, sjølvstende og demokrati i heile landet. På skipingsmøtet for Den vietnamesiske fedrelandsfronten i september 1955 synte president Ho Chi Minh fram korleis USA-Diem-regimet eigentleg var. Han brukte eit livaktig bilete og samanlikna det med ein kampestein i vegen, om me tok i i lag ville han visseleg verta skuva til sides, same kor stor han var. Han innprenta folket at sidan me hadde slik brei einskap og fast vilje til å tryggja Nord-Vietnam og gjennomføra programmet åt Fedrelandsfronten, laut USA-Diem-regimet heilt sikkert gje seg endå om det nekta å rikka seg.

I tida med sosialistisk oppbygging i nord og strid for å samla landet att la president Ho Chi Minh og Sentralkomiteen i partiet vekt på at den leiande rolla arbeidarklassen hadde i den folkedemokratiske staten måtte grunnfestast utan stogg. Dette galdt og styrkinga av samlaget arbeidar-bonde, grunnlaget for staten. Ein måtte lita på massane, særleg arbeidar- og bondemassane, for å byggja sosialismen. President Ho Chi Minh peika på

at den viktigaste oppgåva for arbeidarklassen og det arbeidande folket i nord var å styrkja og tryggja det *folkedemokratiske diktaturet som bar i seg den historiske skyldnaden åt proletardiktaturet*. Dei skulle ha for auga ei sosialistisk omforming av jordbruket, handverket, den kapitalistiske industrien, og handelen og småhandelen, å byggja sosialismen og forma det nye sosialistiske mennesket. For å gje fullt uttrykk for dei sosiale omskifta som hadde gått føre seg i Nord-Vietnam og framgangen mot sosialismen og rikssamlinga, utnemnde nasjonalforsamlinga i januar 1957 ei nemnd for grunnlovsbrigde med president Ho Chi Minh som formann. Etter tre år med førebuingar og studium la president Ho Chi Minh framlegget til endra grunnlov fram for nasjonalforsamlinga i desember 1959. Nasjonalforsamlinga vedtok den endra grunnlova samrøystes. Det var ei *sosialistisk grunnlov* som svara til den sterke lengten i folket og peika på den ærerike vegen dei hadde valt.

Då den økonomiske atterreisinga var vellukka gjennomført, leidde president Ho Chi Minh og Sentralkomiteen i partiet folket vidare til *den sosialistiske omskapingsfasen, og det innleiande steget av økonomisk og kulturell vokster* (1958–60). I den sosialistiske jordbruksomskapinga rådde president Ho Chi Minh inntrengjande til at kadrane måtte gå ihuga fram, men samstundes med stor varsemd og omtanke. Dei skulle forvissa seg om å gjera godt arbeid, ha streng vyrdnad for prinsippet med fri vilje, og hjelpa samyrkelaga med skiping og styring. Den 3. august 1959 oppmoda han bøndene til på den eine sida å arbeida for å utvikla og grunnfesta samarbeidslag og samyrkelag, og på hi sida tevla med kvarandre i å gjera teknikken betre. Det var desse tiltake som var dei »to føtene» jordbruket skulle stå på for å få snøgg framgang.

I slutten av 1960 var jordbruket i hovudsak vorte omskapt ved å skipa einfelde samyrkelag. Kampanjen for å omskapa den privatkapitalistiske industrien og handelen og handverket på sosialistisk vis hadde gjeve gode resultat. Med framgang på desse felta var sosialistiske produksjonstilhøve oppretta i heile norddelen av landet.

President Ho Chi Minh oppmoda folket til å lita hovudsakleg på eigne krefter i arbeidet med å byggja landet, samstundes som han sette stor pris på stønad og hjelp frå broderlanda. Han gjekk alltid sterkt inn for at folket skulle *para ekte fedrelands-hug med proletarisk internasjonalisme* både i den folkelege nasjonal-demokratiske revolusjonen og i den sosialistiske revolusjonen. Då president Ho Chi Minh gjesta Sovjetunionen, Kina og Mongolia i juni 1955, og dei andre sosialistiske landa i 1957, ynskte folka i broderlanda han hjarteleg velkomen. Dei synte at dei stødde heilhjarta opp om den sosialistiske oppbygginga folket vårt dreiv i nord, og striden for å samla landet att.

President Ho Chi Minh la stor vekt på å utvikla venesamband med nasjonaliststatar i Asia, Afrika og Latin-Amerika, særleg med grannane Laos og Kambodsja. Han minna oss oppatt og oppatt på at Den demokratiske republikken Vietnam og det vietnamesiske folket hadde plikter mot folka som streid mot kolonialisme i ei eller anna form, og for nasjonal frigjering.

Framstegsfolk i verda tykte stor mon i vengjestingane regjeringsutsendingar gjorde med president Ho Chi Minh i brodden til India, Burma (februar 1958) og Indonesia (februar 1959). Dei såg på dei som store tilskot til utviklinga av venskapsband mellom fredselskande land i Asia og til vernet om freden i Asia og i verda.

Partidelegasjonen vår til dei to internasjonale

konferansane mellom kommunistparti og arbeidarparti i Moskva i november 1957 og i november 1960 var leidd av president Ho Chi Minh. Dei gav verdfulle tilskot til oppsummeringa av dei strategiske og taktiske spørsmåla i verdsrevolusjonen og til å fastleggja dei allmenne lovene for sosialistisk revolusjon og oppbygging. President Ho Chi Minh var djupt uroa av usemja i den internasjonale kommunist- og arbeidarrørsla og gjorde det han kunne for å verja samhaldet mellom broderparti og broderland med grunnlag i marxismen-leninismen. Samstundes var han nøye med å læra opp kadrane våre, partimedlemene og folket. Han eggja dei til å halda på sjølvstendetrongen og hugen til sjølvråderett, utvikla ekte fedrelandshug og proletarisk internasjonalisme, verna samhaldet i den internasjonale kommunistiske rørsla, og verja Sovjetunionen, Kina og dei andre sosialistiske broderlanda. Standpunktet hjå president Ho Chi Minh var uttrykk for standpunktet og innstillinga partiet vårt hadde når det galdt internasjonale spørsmål: Å stri trottig for å halda marxismen-leninismen rein, gå imot moderne revisjonisme, hovudfaren, og på same tid gå mot dogmatisme og sekterisme. Han trudde alltid at meiningsskilnadene i den internasjonale kommunistiske rørsla ville verta løyste, at marxismen-leninismen visseleg villa vinna og at det sosialistiske lægret og den internasjonale kommunistrørsla ville reisa samhaldet sitt att, verta sterkare og sterkare og skuva den revolusjonære saka for arbeidarklassen og det arbeidande folket i heile verda kraftig framover.

Tidleg i 1960 var landet merkt av at heile folket vårt kjeptest ihuga for å helsa trettiårsdagen for partiskippinga og partilandsmøtet som skulle koma. Då skreiv president Ho Chi Minh ein artikkel som heitte *»Tretti års partiverksemd»*. Dette er eit histo-

risk oversyn over partiveksemnda i tretti år med uredde strid og ærerike sigrar. I denne viktige artikkelen streka han opp det grunnleggjande i parti-strategien og partitaktikken i dei ymse stega i revolusjonen. Oversynet viste ein skapande bruk av marxismen-leninismen på dei konkrete tilhøva i Vietnam. Han analyserte årsakene til den tidlegare framgangen på mange felt i den vietnamesiske revolusjonen, og peika på dei avgjerande drivkreftene som låg bak sigeren i den folkelege nasjonal-demokratiske revolusjonen og den sosialistiske revolusjonen.

Andlet til andlet med dei stor oppgåvene på denne tida understreka president Ho Chi Minh kor naudsynt det var å halda sterkt fram *den leiande rolla for partiet* og å styrkja det ideologisk og gjera organisasjonen betre. Partiet vårt sit med makta og lyt ikkje berre stella med store problem i til dømes økonomisk og kulturell oppbygging, men og dei småe problema folket møter i kvardagslivet. President Ho Chi Minh la stor vekt på den politiske og ideologiske opplæringa av kadrar og partimedlemmer, å auka rettskjensla og betra arbeidsmåten deira for å gjera dei til verdige leiarar og trugne tenarar for folket. Ved kvart vendepunkt i den revolusjonære striden brukte han og Sentral-komiteen i partiet å skipa til rettings- og opplæringskurs for å lyfta det politiske og ideologiske nivået hjå kadrar og partimedlemmer og stetta krava frå nye revolusjonære plikter i tide. Ofte gjekk han hardt på kadrar og partimedlemmer for at dei skulle studera marxismen-leninismen, grunnfesta det proletære standpunktet sitt, verta glade i arbeid og syna streng arbeidsdisiplin. Han tvinga oss til å kvitta oss med borgarlege og småborgarlege tankar og individualisme. Han tvinga oss til å reinska dei revolusjonære eigenskapane våre, utvikla samlags-

kjensla, og viljen vår til organisering og disiplin. Han gjekk og hardt på kadrar og partimedlemmer for at dei skulle betra seg kulturelt, vitskapeleg og teknisk, for å kunne gje positive tilskot til å byggja landet.

President Ho Chi Minh minna ofte partiavdelingar og lag på at dei måtte auka medlemstalet jamt og med omtanke. Dei måtte leggja stor vekt på å auka talet på medlemmer med proletarisk opphav, og samstundes ansa nok på dei nye kreftene, ungdom, kvinner, folk fra etniske minoritetar osv. Han lærde kadrar og partimedlemmer at samhald og tanke-einskap i partiet måtte styrkjast, slik at det kunne verta ein sterk fortropp som leidde arbeidar-klassen og folket vårt mot siger i sosialistisk oppbygging og i striden for å samla landet att. Han sa:

*»Partiet fører med seg dygd og daning
samhald og sjølvstende,
fred og velferd.»*

I september 1960 heldt partiet *det tredje landsmøtet* i Hanoi. I opningstalen peika president Ho Chi Minh på: *»Dette landsmøtet er eit landsmøte for sosialistisk oppbygging i nord og fredeleg sameining av landet.»* Han verdsette det som var oppnådd og drivkreftene i framgangen allment, særleg dei store omskifta som hadde kome i landet sida det andre landsmøtet. Framgangen prova at partilina var rett og at partiet heilt ut fortente tiltrua frå heile folket vårt frå nord til sør. Han fastsette offisielt dei to strategiske oppgåvene for den vietnamesiske revolusjonen i nord og i sør i denne perioden, og fekk fram det nære sambandet mellom den vietnamesiske revolusjonen og verdsrevolusjonen. Han hylla varmt kjenslene av proletarisk internasjonalisme som gav liv til dei sosialistiske

landa og dei kommunistiske partia og arbeidarpartia i verda. Dei sameinte kreftene sine i striden for fred og tryggleik for alle folk, og for sosialismen. Han sa:

*»Heile verda er ein einaste huslyd,
proletarar alle stader er brør.»*

President Ho Chi Minh la vekt på å tryggja sigeren for den revolusjonære saka. Klasseinnhaldet og fortroppkarakteren i partiet måtte styrkjast meir, det ideologiske opplæringsarbeidet i partiet måtte kvessast, og me måtte gjera oss stor umake med å læra frå røynslene broderpartia hadde gjort og nytta dei på skapande vis. Han oppmoda heile partiet til å halda tett saman og gje heile folket ein kraftig og fast vilje til å fullføra dei ærerike oppgåvene som venta oss.

På landsmøtet la kamerat Le Duan fram ei *Politisk melding* frå Sentralkomiteen i partiet. Denne var like eins som *lansmøtevedtaket* eit kraftig fyr som synte vegen til sosialismen og til å samla landet att.

Landsmøtet godkjende retninga og oppgåvene i den fyrste fem-årsplanen for sosialistisk utvikling av økonomi og kultur. Dei gjorde vedtak om tiltak for å konsolidera partiet, godkjende dei nye parti-vedtektene og valde ein ny sentralkomite. President Ho Chi Minh vart attvald til formann i Sentralkomiteen, og kamerat Le Duan vart vald til fyrstesekretær i Sentralkomiteen i partiet.

Vedtaket på det tredje partilandsmøtet auka eldhugen og tiltrua hjå folket i nord. Dei førte den sosialistiske revolusjonen og den sosialistiske oppbygginga frametter, og arbeidde for å gjennomføra den tredoble revolusjonen: I produksjonstilhøva, i dei tekniske hjelperådene, i ideologi og kultur. Saman med Sentralkomiteen i partiet gjorde presi-

dent Ho Chi Minh seg stor umak for å leggja ut stillingen for, samanhengen i og verknadene av desse tre revolusjonane, og peika på at den tekniske revolusjonen var avgjerande.

President Ho Chi Minh la særleg vekt på den ideologiske og kulturelle revolusjonen som sikta på å utdana og omskapa dei arbeidande massane og laga menneske med sosialistisk kraft, produksjonsdugleik og store vitskaplege og tekniske kunnskapar. Han sa: *»For å byggja sosialismen og kommunismen lyt me laga sosialistiske, kommunistiske menneske.»* Han lærde oss at me må verta betre revolusjonære, stri fast mot individualismen, dyrka hugen til kollektiv leiing, syna trott og sparsemd for å byggja landet, halda god massekontakt og av heile vårt hjarta tena dei fremste interessen åt revolusjonen, åt fedrelandet.

President Ho Chi Minh meinte det var svært viktig å utdana ungdomen, dei som skulle halda fram med revolusjonen, som skulle styra samfunnet i framtida. Dessutan har dei ansvaret for å rettleia borna. Då president Ho Chi Minh opna »treplantingsnyttåret» våren 1960, samanlikna han treplanting og skogreising med å stella dei »unge skota» i nasjonen: *»For å tena interessene våre om ti år må me planta tre, for å tena interessene våre om hundre år må me ala fram menneske.»* Han tykte stor mun i rolla kvinnene spela, ei stor kraft i sosialistisk oppbygging. Han gav seg ikkje på at me måtte ha vyrdnad for kvinnene og vera takksame mot dei vietnamesiske mødrene som hadde oppseda borna sine til å vera nasjonalheltar. Han minna og kvinnene om at dei burde stri for å få same rettar som menn, kvitta seg med mindreverdskjensla og tilviket med å lita på menn. Dei burde utvikla sjølvstendehug og tiltru til seg sjølv, og ta på seg pliktene med å rå i landet.

Medan folket i nord jamt og trutt bygde seg eit godt og lukkeleg liv, streid folket i sør stadig hardare mot USA-imperialistane og lakeiane deira, og vann fleire og fleire sigrar. For å styrkja einskapen i heile folket endå meir og eggja kreftene i folket vårt sterkare med vellukka gjennomføring av dei næraste oppgåvene, kalla president Ho Chi Minh saman ein *særskild politisk konferanse* 27. mars 1964.

I meldinga sin til konferansen tala president Ho Chi Minh om den heltemodige striden det arbeidande folket i nord hadde ført for å byggja opp landet dei siste ti åra. Dette synte kor glimrande det sosialistiske styret verka, og styrkte striden for fedrelandet mellom landsmennene våre i sør. Han høglova den faste og ubøyelege stridsviljen og helsa hjarteleg sigrane Den sørvietnamesiske hæren og folket hadde vunne. Under leiing av Den sørvietnamesiske nasjonale frigjeringsfronten slo dei harde slag mot USA-imperialistane og lakeiane deira, dei synte seg verdige til nemninga »Massingveggen rundt fedrelandet». Han høglova dei mange lysande sigrane dei sosialistiske landa og folka i Asia, Afrika og Latin-Amerika hadde vunne i striden mot imperialismen, med USA-imperialismen i brodden.

Oppmodinga hans »Lat kvar og ein av oss streva endå hardare for å syna takksemnda vår mot våre slekningar og grannar i sør» har vorte ein handlingsparole som eggjar heile folket vårt til å gå viljefast frametter mot endå større sigrar.

Medan han rettleidde folket i nord med å byggja eit godt sosialistisk styre, hadde president Ho Chi Minh alltid landsmennene våre i sør i tankane. Folket i heile landet vil aldri gløyma det han sa: »Så lenge landet ikkje er samla att, så lenge lidingane held fram for landsmennene våre, kan eg korkje

sova godt eller eta med nemnande mathug.» Han er symbolet på den faste viljen folket vårt har til å samla landet att, og han sa det i desse takande orda: »Nord og sør høyrer til same huslyden, dei er blodsbrør og kan aldri skiljast.»

Likevel har USA-imperialistane frå 1954 gjennomført ein politikk med innblanding og aggresjon i Sør-Vietnam, dei har sabotert Geneve-avtalane om Vietnam og om å samla landet att. Dei har oppretta ein fascistisk og diktatorisk marionettadministrasjon og underkua alle som elsker landet, freden og demokratiet, i ein freistnad på å tvinga folket i Sør-Vietnam til å godta nykolonialismen deira. På den kjære sør-vietnamesiske jorda har dei gjort brotsverk som »korkje himmel eller jord kan tilgje».

Når stoda var slik hadde folket i Sør-Vietnam ikkje anna val enn å ta til våpen med fast vilje og slåst for å overleva. Endå til i dei mørkaste åra under det fascistiske terrorstyret åt USA-imperialistane og lakeiane deira heldt landsmennene våre i sør fast på tiltrua til president Ho Chi Minh og Sentralkomiteen i partiet. Tankane deira gjekk alltid til det sosialistiske Nord-Vietnam.

Medan fienden underkua revolusjonen vilt, budde dei revolusjonære leiarane i sør seg aktivt og reiste massane til småe oppreistar som knuste den veikaste lekken i administrasjonssystemet at fienden, landsby-administrasjonen. Tidleg i 1960 byrja samordna oppreistar å bryta ut. Dette var eit viktig sprang frametter og førte til skipinga av *Den sør-vietnamesiske nasjonale frigjeringsfronten* 20. desember 1960.

USA-imperialistane vart skræmde av den uminka kraftige striden dei væpna styrkane og folket i Sør-Vietnam førte, og i 1961 byrja dei ein »spesialkrig», ein del av den verdsomfemnande stra-

tegien deira. Folket i Sør-Vietnam har nytta røynslene frå augustrevolusjonen og motstanden mot dei franske kolonialistane og slegest med uvanleg heltemot. Dei har knust alle krigsplanar og manøvrar USA-imperialistane og marionettane deira har hatt, velta det fascistiske diktaturet åt Diem og Nhu, og dei har skuva dei amerikanske åtaksmennene djupt inn i ein tunnel der dei ikkje ser enden. President Ho Chi Minh fylgde den sigerrike striden åt dei væpna strykane og folket i Sør-Vietnam nøye og sette mot i dei. Han sa: »Stoda i Sør-Vietnam no syner klårt at USA-imperialistane ikkje kan sleppa unna usiger i denne 'spesialkrigen'. Når dei fyrst vert slegne attende i 'spesialkrigen' dei eksperimenterer med i Sør-Vietnam, vil dei verta slegne kvar som helst elles. Så mykje har fedrelandsstriden landsmennene våre i Sør-Vietnam fører å seia internasjonalt, når det gjeld den nasjonale frigjeringsrørsla i verda.»

I årevis var biletet av det kjære Sør-Vietnam støtt i hjarta hjå president Ho Chi Minh. Kjærleiken hans til folket i Sør-Vietnam var verkeleg grenselaus og kom fram i mykje av det han gjorde, frå omsuta og omtanken han hadde for borna som var flytta frå Sør-Vietnam til ihugen han synte når han stelte mjølk-epletreet landsmennene i sør hadde gjeve han. Han fekk tårer i augo når han høyrde om at USA-imperialistane og lakeiane deira hadde massemyrda landsmennene våre i sør. Han var djupt rørt då han omfamna dei fyrste utsendingane frå Den sør-vietnamesiske nasjonale frigjeringsfronten som gjesta Nord-Vietnam i oktober 1962. Det var fordi han tenkte på Sør-Vietnam at president Ho Chi Minh ikkje tok mot gullstjerne-medaljen, den høgaste utmerkinga i Den demokratiske republikken Vietnam, som nasjonalforsamlinga gav han 8. mai 1963. Han sa han vona at etter

at landet på nytt var samla og nord og sør sameinte att, ville landsmennene våre i sør gje han denne store æra.

Sidan han kom att til landet hadde president Ho Chi Minh ikkje hatt høve til å vitja landsmennene våre i sør, men biletet hans var i hjarto til alle fedrelandshuga sør-vietnamesarar, frå byfolka til fjellfolka i Tay Nguyen, frå menn og kvinner som sat i mørke fengsel til dei stridande på logande slagmarker. Ein gamal fjellbygg som døydde i ein konsentrasjonsleir heldt eit bilete av president Ho Chi Minh fast i handa, og ba borna og borneborna sine fylgja president Ho til siste slutt. Ein unggut i sør som vart skoten ned av fienden då han heldt på å hjelpa revolusjonære kadrar med å røma, ropte »Lenge leve onkel Ho! » då han fall. Ei kvinne som sto framfor ein avrettartropp ropa: »President Ho Chi Minh vil alltid vera i hjarto våre! » President Ho Chi Minh har gjeve det sør-vietnamesiske folket opplysning, styrke, mot og tru, og fått dei til å merkja seg ut med lysande singlar. Som svar på oppmodinga hans har dei 14 millionane sørvietnamesarar sleg seg saman til ein stål-einskap og knust alle åtaksoperasjonar frå USA-imperialistane og lakeiane deira. Dei har hatt den faste viljen at dei skulle gjennomføra det president Ho Chi Minh ville:

»Folket vårt er eitt folk, Vietnam er eitt land. Folket vårt vil visseleg vinna over alle vanskar og nå fram til rikssamlinga same kva det kostar, og sameina nord og sør under same taket.»

VIII

Den nasjonale motstanden mot amerikanske åtak (1965—1969)

Då USA-imperialistane såg at dei kunne koma til å tapa åtakskrigen sin i Sør-Vietnam, byrja dei som galne med luft- og sjøkrig mot Nord-Vietnam for å øydeleggja landet, og skifta hastig frå »spesialkrig» til »avgrensa krig» i sør. Dei trudde dei kunne skræma folket vårt med bomber og granatar og skaka sund den faste viljen vår til å stri mot amerikansk aggresjon, for nasjonal berging. Men dei tok alvorleg feil!

For å ta hand om den alvorlege stoda dei nye krigsplanane og krigshandlingane åt USA-imperialistane skapte, vedtok president Ho Chi Minh og Sentralkomiteen i partiet å reisa kreftene i heile partiet, heile hæren og heile folket. Dei skulle stri mot den amerikanske imperialistiske åtakskrigen og gje han usiger i alle høve, for å verja Nord-Vietnam, frigjera Sør-Vietnam, fullføra den folkelege nasjonal-demokratiske revolusjonen i heile landet og gå frametter mot å samla fedrelandet på nytt.

President Ho Chi Minh og Sentralkomiteen peika på at oppgåva som hasta for revolusjonen i nord var å gjera eit omskifte i tide både i tenkje-måte og skipnad når det galdt å byggja økonomien og styrkja det nasjonale forsvaret. Slik kunne Nord-Vietnam verta sterkt nok til å stetta det landet

trong til sitt eige forsvar, medan det kunne gje hjelp til revolusjonen i sør og samstundes halda fram med å byggja det materielle og tekniske grunnlaget for sosialismen. Oppmodinga frå president Ho Chi Minh »Stå fast på å slå dei amerikanske åtaksmennene» ljoma på nytt som hornsignal til åtak og mana heile folket til å reisa seg og slåst for å verja sjølvstendet og fridomen for fedrelandet, og tryggja dei heilage kulturelle og åndelege verdiane folket eig.

»Krigen kan koma til å vara i fem, ti, tjuе år eller meir. Hanoi, Haiphong og ei mengd byar og fabrikkar kan verta øydelagde, men det vietnamesiske folket vil aldri lata seg skræma! Ingen ting er meir dyrverdig enn sjølvstende og fridom. Etter sigeren skal me byggja landet vårt oppatt, og gjera det endå meir storfelt og vakkert! »

Atter fekk president Ho Chi Minh mange svevn-lause netter. Han fylgde framgangen dei stridande og folket gjorde ved fronten, og på same tid tok han seg av dei tusen oppgåvene bak fronten. Han minna kadrane om at dei måtte leggja tilstrekkeleg vekt på å byggja luftvernrom og evakuera gamle folk og born. Han vitja stader der fiendefly hadde gått til åtak og sytte for at folkelivet kom attende til det vanlege. Han vitja sjøstridskrefter og flyvåpen-einingar, sende nyttårsblomar til soldatar i stridsstillingar. Han var symbolet på jernviljen og det urikkande samhaldet i hæren og folket vårt.

Som grunnleggjaren av Den vietnamesiske folkehæren fylgde president Ho Chi Minh nøye med i voksteren i dei væpna folkestyrkane. Dei aller fyrste dagane etter freden var oppretta att understreka han at plikta hæren og folket var saman om, var å arbeida for å styrkja dei væpna styrkane for å verja fedrelandet og verna freden. Med tanke på dette måtte hærfolka kappast i politiske og tekniske

studium, leva med streng tukt og alvor, og samstundes vera aktivt med i produksjonsarbeid og godviljug hjelpa innbyggjarane med å byggja økonomien og styrkja dei attarste linene. President Ho Chi Minh fortalde hærfolka våre omatt og omatt at for å byggja ein moderne regulær hær, måtte dei ved hjelp av studium og øvingar meistra teknikkane med moderne våpen og krigsgreier. Men han gjorde det klart at den grunnleggjande drivkrafta for siger i folkekrigen er mennesket, den politiske og moralske faktoren, partilina med å føra folkekrig og byggja dei væpna folkestyrkane.

Dei væpna styrkane våre var heilt førebudde ideologisk og organisatorisk og var alltid på vakt. Dei var heilt stridsbudde og slo hardt attende mot fienden i dei aller fyrste stridane. Folkekrigslina partiet og president Ho Chi Minh hadde knesett vart utvikla på eit nytt grunnlag og i nye former, for å hanskast med øydeleggingskrigen USA-imperialistane førte på sjøen og i lufta. Det krov at heile folket deltok i striden mot fiendefly og krigsskip, i sivilforsvarsarbeid, i transport og samferdsle osv. Det eggjande banneret med innskrifta »Fullrådd på å sigra over dei amerikanske åtaksmennene» som president Ho Chi Minh frå mars 1965 gav til einingane som gjorde dei største bragdene i ein viss periode, har stimulert heile hæren og heile folket til å gjera lysande storverk. Med fast vilje til å slå fienden ned og storma frametter, har hæren og folket vårt avgjort å gjera det president Ho Chi Minh har lært dei: »Ver tru mot partiet, brennhuga for folket, reiug til å slåst og gjera offer for sjølvstendet og fridomen for fedrelandet og sosialismen. Løys alle oppgåver, vinn over alle vanskar, slå alle fiendar.»

Den sosialistiske oppbygginga i nord vann over alle krigsvanskane og heldt fram med å gjera faste

steg framover. Den økonomiske styrken vår vart auka, dei nasjonale vernestyrkane våre vart utvikla som aldri før. Det sosialistiske systemet førte med seg nye vokstervilkår, veldige kraftkjelder til folkekrigen. I det arbeidande folket vart politisk og moralsk einskap meir og meir grunnfest. Det var saga om det ofselege heltemotet, det skapande arbeidet og vitet hjå det vietnamesiske folket. Det var arbeidet åt millionar av arbeidsfolk, resultatet av heltegjerningar med å gjera den daglege skyldnaden. President Ho Chi Minh ansa vel på desse gjerningane og rosa dei straks. Endå dei kunne vera lite med når ein såg dei ein for ein, synte dei likevel fram stor revolusjonær kraft, verdig den byrge tradisjonen folket vårt eig. Frå 1959 gav han tusenvis av trøyemerke med biletet hans til å mota opp folk som fortente det og som oppmuntring til storverk i alle samfunnsgreiner, i alle sosiale lag, på alle stader i Nord-Vietnam. Som eit vidaregåande opplæringstiltak sette han midt i 1968 ei rørsle i gang der fagnafolk og gagns verk vart tekne hand om og sette opp som føredøme. Dette skulle verta eit grunnleggjande tiltak for å øva opp nye folk, sosialistiske menneske, som kunne slå åtaksmennene og temja naturen.

President Ho Chi Minh størte motstandskrigen for å verja nasjonen mot den amerikanske aggresjonen kraftig. Samstundes heldt han fram med å utdana kadrane våre, partimedlemene og folket for å auka den revolusjonære styrken deira og den sosialistiske moralen. Tidleg i 1969 skreiv han ein viktig artikkel som heitte *Auk den revolusjonære styrken, fei bort individualismen*. Han påla heile partiet, hæren og folket å para studium med ein gjennomgang av eigne tankar og gjerningar i åra som var lidne, utvikla sine gode sider og verk, vinna over feila i si eiga tenking, i moral og arbeidsstil, og

gjera seg føre for å nå endå større sigrar for revolusjonen.

Med tanke på å utvikla styrken i det store baktroppsområdet i motstandskrigen mot det amerikanske åtaket og for å berga nasjonen, la president Ho Chi Minh stor vekt på å grunnfesta dei sosialistiske produksjonstilhøva på landsbygda og gjera dei så gode som råd. I april 1969 vedtok nasjonalforsamlinga *Reglar for høgt utvikla samyrkelag i jordbruket*, og påbaud at dei skulle gjennomførast. Dette viktige dokumentet samla lina, politikken og grunnprinsippa partiet og staten hadde for å tryggja kollektiv styring for bøndene i samyrket. Då desse reglane vart utarbeidde påla president Ho Chi Minh dei ansvarlege organa å syta for demokratiske diskusjonar, å høyra etter kva bøndene meinte og få dei til å kjenna at desse reglane var noko dei hadde laga sjølve. Sjølv gjorde han rettingar i utkastet til Reglar om jordbruks-samyrke og skreiv ei innleiing til dette dokumentet som vart spreidd vidt og breitt i landet. Han fylgde utbreiinga av reglane og tiltaka som vart gjorde for å gjennomføra dei og påla partinemnder og regjeringsorgan på ymse nivå å gje samyrkelaga hjelp som mona for å setja dei nye reglane i verk.

Ved femtiårsdagen for den store sosialistiske oktoberrevolusjonen (i oktober 1967) skreiv president Ho Chi Minh ein artikkel som heitte *«Den store oktoberrevolusjonen opna vegen til frigjering for folka»*. Dette var eit av dei viktige arbeida av president Ho. Her tala han om dei rike røynslene frå oktoberrevolusjonen som opna vegen til frigjering av dei underkua folka og menneskeætta, og innleidde ein ny historisk periode, med overgang frå kapitalisme til sosialisme og kommunisme. Frå det Lenin hadde lært og dei rike røynslene frå oktoberrevolusjonen tok president Ho Chi Minh

allmenngyldig lærdom i form av grunnsetningar. Dei skulle tryggja fullstendig frigjering for arbeidar-klassen og dei underkua folka.

Dette var lærdomar i å byggja *eit ekte revolusjo-nært parti or arbeidarklassen*, eitt som veit å nytta marxismen-leninismen på ein sjølvstendig og ska-pande måte på dei konkrete tilhøva i landet vårt. Partiet må byggja *samlaget arbeidar – bonde under leining av arbeidarklassen* og på dette grunnlaget skal det samla alle revolusjonære og framstegsvenlege krefter i ein *brei nasjonal einskapsfront* for å stå mot den samse fienden. I striden mot klassefienden og fienden av nasjonen *må me stilla opp revolu-sjonær vald mot kontra-revolusjonær vald, gripa makta og halda på ho, kombinera væpna strid med politisk strid og føra ein lang, strid og djerv folke-krig for å slå åtaksmennene*. Etter maktovertakinga er den viktigaste oppgåva for arbeidarklassen å *styrkja proletardiktaturet* utan stogg for å fullføra den historiske skyldnaden revolusjonen har. Partiet må heile tida lyfta merket for revolusjonært helte-mot, odla *ein stø revolusjonshug* og slåst til siste slutt for nasjonalt sjølvstende og sosialisme. *Me må para fedrelandskjærleik med proletarisk in-ternasjonalisme* både i den nasjonale frigjerings-revolusjonen og i den sosialistiske revolusjonen, og setja i verk det heilage oppropet etter Lenin: »Proletarar i alle land og underkua folk, slå dykk saman!»

Dette var lærdomane ein fekk frå den harde og sigerrike striden folket vårt førte, i lyset frå den store oktoberrevolusjonen. Artikkelen »Den store oktoberrevolusjonen opna vegen til frigjering for folka» var eit viktig tilskot til den teoretiske skat-ten den vietnamesiske revolusjonen og verdsrevolu-sjonen eig. Han sette klårt fram den strategiske og taktiske tenkinga åt president Ho Chi Minh, lina

hans med gjennomgripande revolusjon som har ført det vietnamesiske folket inn i den mest ærerike bolken i soga deira, bolken med sjølvstende, fridom og sosialisme.

Medan dei kvesste og utvida åtakskrigen mot Vietnam har USA-imperialistane skrike opp om sin eigen »fredsvilje», at dei var viljuge til å tinga utan førehandsvilkår osb. Dette var ein freistnad på å lura folkemeininga i verda og i Sambandsstatane. President Ho Chi Minh berrla svikarrådene åt den amerikanske regjeringa utan å stussa. Han fordømde politikken deira som gjekk ut på »å tinga ut ifrå ei sterk stilling», ein politikk som skulle tvinga folket vårt til å strekkja våpen og gje opp dei lovlege krava sine. Han sende eit brev til dei øvste statsleiarane i dei sosialistiske landa og i fleire andre land 24. januar 1966, og eitt til det amerikanske folket dagsett 23. desember 1966. Her peika han på at åtaket frå Sambandsstatane var den einaste kjelda til og den direkte årsaka til den alvorlege situasjonen i Vietnam og i Sørøst-Asia. Han synte seg både fast og tøyelig, og synte klårt at folket vårt hadde eit rettvisst standpunkt. Oppatt og oppatt gjekk han laus på USA-imperialistane på den diplomatiske fronten, og pressa dei attende til ei meir og meir passiv og vanskeleg stilling. Motstandskrigen folket vårt førte fekk aukande aktiv støe hjå den progressive opinionen over heile verda. I sjølve Sambandsstatane vart den åtakshuga herskarklikken meir og meir isolert.

Folket vårt fører ein motstandskrig mot amerikansk aggresjon, for å berga nasjonen. Såleis står dei i frontlina i striden arbeidarklassen og folket i verda fører for fred, nasjonalt sjølvstende, demokrati og sosialisme. President Ho Chi Minh peika på at dei revolusjonære og fredselskande kreftene i verda hadde vakse seg sterkare enn dei imperialis-

tiske åtakskreftene. Han slo fast: »Det er klart at dei amerikanske imperialistane taper!»

Samstundes med at president Ho Chi Minh mana folket til strid for sine heilage nasjonale rettar, minna han oss om pliktene me hadde som internasjonalar. Difor har me vunne oss heil-hjarta hjelp og stønad frå folka i dei sosialistiske landa, folka i verda og framstegsfolk i Sambandsstatane. På vegner av det vietnamesiske folket bar president Ho Chi Minh ved mange høve fram takk for denne hjartelege stønaden. Ein samla front av folket i verda som stør det vietnamesiske folket mot dei amerikanske åtaka har vorte skapt. Vietnam har vorte ei samvitssak for vår tid.

Etter alvorlege tilbakeslag i begge sonene i landet vart den amerikanske administrasjonen tvinga til å setja stogg utan vilkår for bombinga og granatelden mot heile landområdet i Den demokratiske republikken Vietnam. Dette byrja 1. november 1968, og dei måtte gå inn i samtalar med utsendingar frå Den demokratiske republikken Vietnam og Den sør-vietnamesiske nasjonale frigjøringsfronten i fireparts-konferansen i Paris. Etter fire år med utifrå heltemodig strid hadde hæren vår og folket vunne ein siger dei hadde ære av. Den amerikanske øydeleggingskrigen mot norddelen av landet vårt var slegen. Presidenten sa: »Dette er ein siger for den rette revolusjonære lina partiet har, for den brennande fedrelandshugen vår, for samholdet i folket og den faste viljen til å slåst og vinna, ein siger for det gjæve sosialistiske styret vårt. Dette er ein sams siger for dei væpna styrkane og folket vårt både i nord og sør. Dessutan er det ein siger for folket i broderlanda og for venene våre over heile verda.» President Ho Chi Minh mana hæren og folket vårt i begge sonene til å vera endå meir på vakt, auka styrken sin, setja i gang saman-

hangande åtak og vinna full siger: »Så lenge det finst ein einaste åtaksmann på jorda vår må me slåst for å feia han vekk.»

Medan dei amerikanske imperialistane førte øydeleggingkrig mot Nord-Vietnam, kvesste dei krigen i sør. Men folket i Sør-Vietnam heldt fast på den offensive stillinga si og utvikla ho vidare. Alle strategiske motåtak frå fienden slo dei, det eine føre og hitt etter. President Ho Chi Minh stadfesta at folket vårt fullt og fast ville vinna over den amerikanske utsende styrken, og sa det slik: »Endå om amerikanarane kjem til å senda hundretusenvi fleire soldatar til landet og draga meir satelitttroppar inn i denne kriminelle krigen, vil hæren og folket vårt slå dei.»

I august 1967 var det omframnt landsmøte i Den sør-vietnamesiske nasjonale frigjeringsfronten. Møtet vedtok eit *politisk program* med tanke på å gjera den nasjonale einskapsfronten mot den amerikanske aggresjonen endå breiare og vinna full siger for den revolusjonære saka åt folket i sør. Ho Chi Minh fagna denne politiske hendinga og sa: »Dette er eit program for brei nasjonal einskap, eit program for heilhuga strid for å slå dei amerikanske åtaksmennene heilt, og like eins tenarane deira, svikarane.»

Heile utviklingsgangen i folkestriden gjennom ymse steg førte til ein allmenn offensiv og oppreist som fekk jorda til å rista, i Tet i året Mau Than, det vil seia tidleg i 1968.

Som president Ho Chi Minh hadde sagt i nyårshelsinga si: »Denne våren vil skina bjartare enn alle de har sett.» Hæren og folket i Sør-Vietnam slo avgjerande slag mot dei amerikanske styrkane og marionettstyrkane og vann sigrar meir lysande enn før på alle omkverve. Dette var eit vendepunkt i den store folke-motstandskrigen.

Då desse storoffensivane og oppreistane var på det høgaste vart Den vietnamesiske alliansen av nasjonale, demokratiske og fredshuga krefter skipa. President Ho Chi Minh meinte dette var »ein stor siger for politikken med nasjonal einskap mot amerikansk aggresjon, for å berga nasjonen. Det fører til at dei verkelege eigenskapane hjå USA-imperialistane og lakeiane deira kjem betre fram, det syner dei fram som åtaksmenn og sykarar og driv dei djupare inn i isolasjonen.»

Hæren og folket i Sør-Vietnam nøytt desse sigrane med fleire åtak. Dei øydela dei strategiske opplegga for fienden og skuva han djupare inn i ei passiv forsvarsstilling. Dei omringa han og gjekk til åtak på alle frontar. Den 6. juni 1969 heldt dei fedrelandshuga kreftene eit møte av utsendingar frå det sør-vietnamesiske folket og valde ei *Provisorisk revolusjonær regjering i Republikken Sør-Vietnam* og eit *Regjeringsråd*. Dette var eit svar på dei umåtelege krava krigen stilte og vonene hjå heile folket. I ein bodskap dagsett 11. juni 1969 sende president Ho Chi Minh og statsminister Pham Van Dong helsingar på vegner av regjeringa i Den demokratiske republikken Vietnam til Den provisoriske revolusjonære regjeringa og Rådet: »Tilskipinga av utsendingsmøtet for folket i Sør-Vietnam og opprettinga av revolusjonær makt over heile det sør-vietnamesiske landområdet provar at landsmennene våre i sør står fast på at dei vil styrkja samhaldet seg imellom, at dei vil stri uthaldande for å verta herrar over eigen lagnad, skapa nye laglege tilhøve og gå frametter mot full siger.

Denne viktige historiske hendinga er til stor hugnad for landsmennene våre, heime og ute og styrkjer tiltrua deira endå meir. Brør og vener over heile verda stør oss endå sterkare.»

Or dei store sigrane hæren og folket vann i fleire

tiår med strid, fulle av motgang og offer, drog president Ho Chi Minh ein viktig lærdom: *»Når tilhøva er laglege for den revolusjonære rørsla i denne tidbolken kan kva nasjon som helst, endå til ein liten ein, slå kva imperialistisk åtaksmann det skal vera, medrekna føraren, dei amerikanske imperialistane. Vilkåret er at nasjonen er godt sameina og strir utan å stussa etter ei rett politisk og militær line og får aktiv hjelp og stønad frå det sosialistiske lægeret og dei revolusjonære folka i verda.»*

Striden folket vårt fører kjem til å måtta røyna fleire vanskar og tyngsler. Nixon-administrasjonen er svært krigshuga og hardbarka. Heile partiet, hæren og folket må styrkja samhaldet seg imellom, gjera den revolusjonære aktsemda betre, auka stridshugen og trottig halda fram med motstandskrigen til dei vinn full siger. I oppropet president Ho Chi Minh sende ut 20. juli 1969 sa han:

»Det er klårt at dei amerikanske imperialistane taper, men dei har ikkje gjeve opp den vondkynde planen om å klamra seg fast i sørluten av landet. Hæren og folket reiser seg som ein mann og syner revolusjonært heltemot. Dei let seg ikkje skræma av tyngsler og offer og er fullrådde på å halda fram og styrkja motstandskrigen. Me skal slåst til den siste amerikanske soldaten er dregen attende, til marionetthæren og administrasjonen som høyrer til har falle heilt saman. Dette gjer me for å frigjera landsluten i sør, verja den i nord og nå fram til å få samla landet på nytt på fredeleg vis.»

IX

Onkel Ho vil alltid leva i hjarto våre

Medan folket vårt både i sør og nord noterte seg for store bragder i striden mot den amerikanske aggresjonen, fekk me spørja syrgjeleg nytt: President Ho Chi Minh var vorten sjuk!

I siste luten av livet sitt var han heilt klår og gjorde sitt med å leia partiet og staten, trass i alderen og sviktande helse. Men i 1969 vart helsa hans snøgt ringare. Då han vart sjuk fekk Sentralkomiteen i partiet dei beste folka og hjelperådene til å ta seg av han. Dag og natt var lækjarar og professorar hjå han. Kadrane og folket saman med venene våre over heile verda vona han skulle friskna snart. Likevel kom ei *særmelding* med syrgjeleg nytt om morgonen den 4. september 1969, frå eit sammøte med Sentralkomiteen i partiet, Det faste utvalet for nasjonalforsamlinga, Regjeringsrådet og presidiet i Sentralkomiteen for Den vietnamesiske fedrelandsfronten: President Ho Chi Minh var avliden klokka 09.47 den 3. september 1969 etter eit svært alvorleg hjarte-attakk, syttini år gamal.

Ved dette tunge tapet for heile nasjonen sende Sentralkomiteen i partiet ut eit opprop som ba heile partiet, hæren og folket tøyma sorga og snu ho til revolusjonære storverk, og marsjera uredde fram og gjera skyldnaden sin for verkeleg å syna kor glade me var i president Ho Chi Minh, og kor

takksame me og var. *Samandrag av livssoga åt Ho Chi Minh og Oppropet frå Sentralkomiteen i partiet* hjelpste oss til å skjøna heilt og fullt kor ovleg mykje han hadde gjort. Det synte oss kvar me skulle setja inn kreftene for å halda fram med det store arbeidet hans og gjera hugmålet og ynsket hans til røyndom. I *Oppropet* heitte det:

»Kamerat Ho Chi Minh var ein stor fedrelandsven og ein trugen læresvein av Karl Marx og Vladimir I. Lenin. Han heldt på viljen til urikkande strid mot imperialismen og vigde heile livet sitt til frigjering for arbeidarklassen, nasjonen og menneskeætta, for sjølvstende og fridom, for sosialisme og kommunisme. Han heldt oppe viljen til sjølvstende og sjølvråderett, han nytta marxismen-leninismen på skapande vis på dei konkrete tilhøva i landet vårt og maka ekte fedrelandshug og proletarisk internasjonalisme nært i hop. Han sto for ei sambinding av dei finaste tradisjonane i den vietnamesiske nasjonen og den grunnleggjande revolusjonære ideologien i vår tid, marxismen-leninismen.

Livet hans er eit lysande føredøme på revolusjonær djuvskap, stridande solidaritet, einfelt liv, smålæte, trott, sparsemd, rettvise, ærlegdom, offervilje for allmenninteressene og fullstendig sjølvgløyming. Han har vore nært knytt til den strålende framgangen i den vietnamesiske revolusjonen heilt sidan partiet vårt vart skipa, og namnet hans personifiserer den mest ærerike bolken i saga om den vietnamesiske nasjonen.»

Ei nemnd for statsgravferd vart oppnemnt, med Le Duan, fyrstesekretær i Sentralkomiteen i partiet, i brodden. Nemnda fastsette at det skulle haldast sju syrgjedagar (4.–10. september) over heile landet, og at gravferda for president Ho Chi Minh skulle haldast etter dei mest høgtidssame seremoniane våre.

Heile folket vårt, frå nord til sør, frå deltaet til fjellområda var skaka i djup sorg, utan omsyn til alder, nasjonalitet eller religiøs tru. I si *Siste helsing* sa Sentralkomiteen i partiet:

»Nasjonen, folket og landet fødte president Ho Chi Minh, den store nasjonalhelten, og for dette har han kasta glans over dei.»

President Ho Chi Minh hadde vekt opp att dei åndelege verdiane i den vietnamesiske nasjonen. Arbeidet hans for å berga nasjonen hadde sopt vekk all skamma og krenkinga frå nær eit hundreår med nasjonal trældom. Han var faneberaren i frigjeringa for det arbeidande folket. For fyrste gong i vietnamesisk soge har folket i den nordlege helvta av landet vårt utrydja alle former for underkuing og utbytting og byggjer sosialismen. I han finn me eit stort revolusjonært arbeid sameint med store dygder.

Syrgjereseremonien for president Ho Chi Minh byrja med stor høgtid om morgonen den 6. september i Ba Dinh-hallen. Han låg på paradeseng i ei glaskiste, kledd i den vanlege einfelde og falma khaki-dressen. Gummisandalane som hadde reist med han på langs og på tvers av landet låg no som ein heilag leivning i ein glaskasse ved fotenden. Endelause rader med folk gjekk framom dag og natt, med andlet som synte djup sorg. Utsendingar frå alle nivå, greiner og krinsar kom frå alle kantar av landet for å syna han den siste æra. Mellom dei var utsendingar frå den djerne storstridsfronten, som hadde med seg dei djupe kjenslene folket i sør åtte for president Ho Chi Minh. Det var utsendingar for dei mange dusina av nasjonale minoritetar som lever på vietnamesisk jord, alle takka dei han varmt for at han har støypt nasjonalt samhald i den samse striden for sjølvstende, jamstelling og fridom. Dessutan var det utsendingar frå viet-

namesarar i andre land, som alltid har tankane sine vende mot fedrelandet.

Meir enn førti utanlandske utsendingslag for sentralkomitear i kommunistparti og arbeidarparti og folk og regjeringar i broderlanda og veneland kom for å vera med i jordferda åt president Ho Chi Minh og dela sorga i partiet og i folket vårt.

Minnetilskipingar for president Ho Chi Minh vart høgtidssamt haldne i Hanoi og alle andre stader i nord. I kvart einaste regjeringskontor, i kvar heim, hengde dei biletet hans på heidersplassen. Midt i krigselden hadde landsmennene våre i sør minnetilstellingar på ymse vis. Om morgonen den 8. september 1969 heldt Sentralkomiteen i Den sør-vietnamesiske nasjonalfronten for frigjeringa ein høgtidssam minneseremoni i motstandsbasen saman med Den vietnamesiske alliansen av nasjonale, demokratiske og fredshuga krefter, Den provisoriske revolusjonære regjeringa i Republikken Sør-Vietnam og Regjeringsrådet.

Trass i motstand frå fienden fann innbyggjarane i områda USA-marionettane kontrollerte sine eigne måtar å syrgja over president Ho Chi Minh.

Landsmennene våre i sør syrgde då vonene om ein dag å kunna helsa han velkomen i Sør-Vietnam vart knuste. I djup kjærleik og takksemd lova dei fjorten millionane at dei fullt og fast ville slåst vidare, vinna over all motgang og alle offer og gjera skyldnaden sin som »massingveggen rundt fedrelandet»: Å slå dei amerikanske åtaksmennene og lakeiane deira.

Saman med folket vårt synte heile den progressive menneskeætta godhugen sin for president Ho Chi Minh og kor dei sakna han. Meir enn 22 000 helsingar og brev frå 121 land vart sende til Hanoi for å syna medhug i sorga, med partiet, nasjonalforsamlinga, med regjeringa, og med Den viet-

namesiske fedrelandsfronten og med folket. Helsingane kom mellom anna frå statsleiarane i sosialistiske statar og mange andre statar, leiande organ i kommunistparti og i arbeidarparti, masseorganisasjonar i ymse land og internasjonale demokratiske organisasjonar, og frå demokratiske og progressive einskildpersonar.

Dei sosialistiske statane og ti nasjonaliststatar heldt syrgjetid eller nasjonale gravferdsseremoniar for president Ho Chi Minh. Til minne om han vedtok mange regjeringar å kalla offentlege anlegg og stader opp etter han, til dømes skular, fabrikkar, gater, og torg. Den 6. september 1969 sette Den palestinske demokratiske folkefronten for frigjering i gang ein offensiv kalla Ho Chi Minh for å feia bort israelske åtaksmenn. Ei mengd masseorganisasjonar i ymse land kalla seg opp etter han. Mange kommunistparti og arbeidarparti rekrutterte ein »Ho Chi Minh-flokk» av medlemer, studerte testamentet hans og gav populære framstillingar av verket og skriftene hans. Ute i verda kom folk frå ymse nasjonalitetar og politiske syn og synte president Ho Chi Minh den siste æra ved ambassadane og dei diplomatiske stasjonane våre i utlandet, dei skreiv kondolansar og underteikna syrgjeprotokollen. I mange land heldt innbyggjarane masse møte, minnehøgtider eller gjekk i tog og bar biletet hans. I Sambandsstatane og mange vest-europeiske land skapte folket minnehøgtider til ære for president Ho Chi Minh om til demonstrasjonar mot åtakskrigen dei amerikanske imperialistane førte i Vietnam.

Dette er vitnemål om dei fine, djupe og alvorlege kjenslene folka i verda har for president Ho Chi Minh, om hjartevenskapen med folket vårt, og om den verdfulle politiske stønaden heile den framstegsvenlege menneskeætta gjev den rettvise striden

nasjonen vår fører mot dei amerikanske imperialistiske åtak.

Desse djupe kjenslene har samanheng med at det store revolusjonære arbeidet president Ho Chi Minh gjorde er nært knytt til det partiet, folket og den vietnamesiske nasjonen har utretta, når dei no slæst djervt og vinn ærerike sigrar, og på dette viset set lysande føredøme for nasjonal frigjering, sjølvstende, fridom og sosialisme. President Ho Chi Minh vert og æra for store tilskot til verdsrevolusjonen og den kommunistiske rørsla og arbeidar-rørsla i verda, for dei gode eigenskapane sine, og dei gjæve og venlege kjenslene han åtte for brør og vener me har rundt i verda.

Livet hans, fullkome og reint, er eit sjeldsynt føredøme. Eigenskapane hans og arbeidsstilen er føredøme for korleis ein revolusjonær stridsmann skal leva og arbeida. Laget hans, dei gode eigenskapane og det revolusjonære arbeidet er vel vyrde endå til av fiendane hans.

Minnehøgtida for president Ho Chi Minh vart halden på vyrdeleg vis på Ba Dinh-plassen i Hanoi, den 9. september 1969, med over 100 000 menneske til stades. Kamerat Le Duan, fyrstesekretær i Sentralkomiteen i partiet las *Siste helsing* frå Sentralkomiteen og *Testamentet* etter president Ho Chi Minh.

Då han for frå oss let president Ho Chi Minh etter seg eit historisk testament. Det inneheld dei siste tilrådingane hans og syner kor høgt han elska og kor fast han leit på partiet, på folket og dei komande ættledene. Testamentet speglar ei sterk ansvarskjensle og stor omtanke for framtida åt nasjonen, lægeret vårt og menneskeætta.

Testamentet gjev eit oversyn over dei strategiske oppgåvene for den vietnamesiske revolusjonen, peikar på dei avgjerande problema som partiet og

folket må få tak på for å fullføra det revolusjonære verket. Styrken det inneheld kjem klårt fram i den jernharde faste viljen til å slåst til siste slutt for nasjonal frigjering og for å samla landet att. Det er ikkje noko tilfelle at det opnar med desse orda: »Endå om striden folket vårt fører mot amerikansk aggresjon og for å berga nasjonen kan lyta gå igjennom fleire prøvingar og offer, kjem me til å vinna full siger.»

Aller fyrst understrekar han kva partiet gjer til å sameina, organisera og leia heile folket i sigerrik strid. Han rår til at me må halda på tradisjonen med *einskap* i partiet. Denne skal byggja på »å oppretta breitt demokrati og praktisera *kritikk og sjølvkritikk* regelbunde og alvorleg». Partiet vårt sit med makta, og kvar kader og partimedlem må vera »heilt gjennomsyra av *revolusjonær moral* og syna trott, sparsemd, ærlegdom og rettvise. Han må ofra seg heilt for allmenninteressene og vera heilt utan eigenkjærleik. Partiet må halda seg heilt reint og syna seg verdig oppgåva som leiar og trugen tenar for folket.»

Han hadde alltid »fostringa av komande revolusjonære ættleder» i tankane, og la særleg vekt på å øva opp og utdana ungdom til å ta over etter oss, både som »raude» og »ekspertar» i den sosialistiske oppbygginga.

Han synte stor tiltru til djervskapen i folket, motet, brennhugen og trotten, og minna oss om at partiet »må arbeida ut effektive planar for økonomisk og kulturell vokster slik at dei stadig *gjer livet betre for folket*».

Når det gjeld striden vår for å berga nasjonen, mot den amerikanske aggresjonen, ser han for seg at han »kan koma til å vara lenge. Folket lyt gå gjennom fleire tynglser og offer.» Likevel legg han vekt på at »samen kva som hender må me halda fast

på avgjerda vår om å slåst mot dei amerikanske
åtaksmennene til me vinn full siger.

*Fjella våre vil alltid stå der, elvane våre vil
alltid vera der,
folket vårt vil alltid vera der,
når dei amerikanske inntrengjarane er slegne,
skal me byggja landet vårt oppatt
ti gonger vakrare.*

Dette er alvorlege tilrådingar til partiet, og
ærlege oppmodingar til heile partiet, hæren og
folket om å gå inn i kappestrid for fedrelandet, slå
dei amerikanske åtaksmennene heilt og byggja
sosialismen i Nord-Vietnam på vellukka vis. Det
gjeld å få i stand eit fredeleg, sameina, sjølvstendig,
demokratisk og velståande Vietnam, og vera med
på striden folka i verda fører for fred, nasjonalt
sjølvstende, demokrati og sosialisme.

Til siste slutt kjende han seg ansvarleg både for
den kommunistiske rørsle og arbeidarrørsle i verda
og den store sosialistiske familien. Han rår til at
partiet må »gjera sitt beste for å vera med så det
monar på å byggja oppatt samhaldet mellom
broder-partia, med grunnlag i marxismen-
leninismen og den proletariske internasjonalismen,
på eit vis som høver både med vit og kjensler».

President Ho Chi Minh for frå denne verda med
lett hjarta. Han hadde ingen ting å angra, for heile
livet hadde han eigna seg heilt åt det som tente
folket, og hadde gløymt seg sjølv fullstendig, eit
einfelt og sparsamt liv, Han trega berre at han ikkje
hadde kunna tena fedrelandet, revolusjonen og
folket endå meir. Då han for frå oss let han etter
seg sterke kjensler, »grenselaus kjærleik til heile
folket, partiet og hæren, til ungdomen og borna».

Testamentet hans er eit dokument med sterkt
samanfatta og prinsipielt innhald, eit vitskapleg og

marxist-leninistisk syn på verda og eit kommunistisk livssyn. Sterkt konsentrert ber det i seg tankane åt president Ho Chi Minh, eigenskapane hans og arbeidsmåten. Det set opp eit lysande føredøme me skal fylgja alltid. Det snertar fiendane våre og, og gjer dei ottefulle. Dei vonar å finna kløyving og forvirring i partiet og i folket. I staden møter dei ein jernvoll skapt av ein nasjon der kjærleik og takksemd til president Ho Chi Minh har utvikla ein underfull styrke, ein nasjon som fullt og fast vil halda saman og slåst for å oppfylle dei ukrenkjande ynskja hans.

Siste helsing frå Sentralkomiteen i partiet byrjar med sorgtunge ord:

»Vår høgt elska og æra president Ho Chi Minh er ikkje meir!

Dette er eit uhorveleg tap! Sorga vår kjenner ingen grenser! »

I nærvære av ånda åt president Ho Chi Minh, på vegner av heile partiet, folket og hæren, svor kamerat Le Duan desse fem eidane:

1. For all framtid å bera den nasjonale sjølvstendefana høgt lyfta, å slåst mot og slå dei amerikanske åtaksmennene, å frigjera Sør-Vietnam, verja Nord-Vietnam og samla landet att slik at ynsket hans vert oppfylt.

2. Å halda fram med å eigna all vår styrke til å gjera til røyndom det høge idealet med sosialisme og kommunisme han sette opp for arbeidarklassen og folket, for såleis å nå velstand for landet og lukke for landsmennene våre.

3. Med all vår hug og styrke, å vaka over samhaldet i partiet slik me ville passa på vårt eige auge, å auka stridsstyrken i partiet, kjernen i nasjonal einskap, og tryggja full siger for den vietnamesiske arbeidarklassen og nasjonen.

4. Stadig å auka dei reine internasjonalistiske

kjenslene president Ho Chi Minh synte, gjera vårt beste for å retta oppatt og utvikla samkjensla og einskapen i det sosialistiske lægeret og mellom broderpartia bygt på marxismen-leninismen og proletarisk internasjonalisme, å styrkja venskapen og samhaldet mellom dei indokinesiske folka, å gje heilhjarta stønad til den revolusjonære rørsla hjå alle folk, å gje eit aktivt tilskot til striden folka i verda fører for fred, nasjonalt sjølvstende, demokrati og sosialisme.

5. Heile livet skal me læra av eigenskapane og arbeidsmåten hans, me skal dyrka revolusjonære eigenskapar, djervt skal me trassa motgang og offer, me skal herda oss til stridsmenn som er trugne mot partiet og folket, verdige til å vera hans kameratar og læresveinar. Heile folket og ungdomen fylgjer føredømet hans og lovar å gjera sitt beste for herda seg til nye menneske, som skal verta herrar i landet, styra det nye samfunnet og bera den uovervinnelege fana hans vidare til det endelege målet.

Heile Ba Dinh-plassen, heile Hanoi by ljoma av rop fulle av jernvilje: »Me sver!» Desse lovnadene gav atterljom over heile landet, og gav ord til den faste viljen i heile nasjonen til å *snu sorg til styrke* for å stri mot og slå dei amerikanske åtaksmennene og lakeiane deira.

Med å gjera dei fem eidane ville heile partiet, hæren og folket gjennomføra *det heilage testamentet etter president Ho Chi Minh* og halda fram med det store arbeidet hans. I *Siste helsing* sa Sentralkomiteen i partiet:

»President Ho Chi Minh er ikkje meir! Men han let etter seg ein sær sars dyrverdig arv. Dette er Ho Chi Minh-bolken, den mest lysande i den ærerike saga om nasjonen vår. Dette er fridoms- og sjølvstende-bolken for fedrelandet, den sosialistiske bolken i landet vårt.»

Endå han hadde fare frå denne verda let han etter seg dei kreftene som tryggjer full siger for den vietnamesiske revolusjonen. Han let etter seg ei leiargruppe som han forma og ol fram, nære våpenbrør og dugande læresveinar. Han let etter seg ein sær s verdfull teoretisk og ideologisk skatt, arbeid som summerer opp dei rike røynslene frå den vietnamesiske revolusjonen i det siste halve hundreåret.

President Ho Chi Minh vil alltid leva i hjarto hjå folket vårt og hjå folka i verda. Han vil leva i all framtid i det revolusjonære arbeidet åt folket vårt og folket i verda!

Med grenselaus sorg innser heile partiet og folket endå klårare at det er deira plikt å arbeida for å kunna fortена arbeidet åt president Ho Chi Minh: »Å samlast tett rundt Sentralkomiteen i partiet, å ha fast vilje til å handla etter testamentet åt president Ho Chi Minh, å halda oppe og auka striden vår mot amerikansk aggresjon, for å berga nasjonen, frigjera Sør-Vietnam, verja Nord-Vietnam, gå frametter mot å samla landet att, setja fart i den sosialistiske oppbygginga i nord og gjera vårt for det revolusjonære arbeidet åt arbeidar-klassen og folket i verda.»¹

Etter at president Ho Chi Minh var borte, vedtok Politisk utval i Sentralkomiteen i partiet å organisera ein kampanje for å få folk til å studera og handla etter testamentet hans. Meininga var å få folket vårt til å innsjå endå klårare kor uhorveleg mykje han hadde gjort og dei gode og reine revolusjonære eigenskapane hans. Slik skulle dei gjerast meir byrge, få meir tiltru og sterkare vilje til å halda fram med det revolusjonære arbeidet hans.

For å syna at me står fast på å handla etter

1) Direktiv frå Politisk utval i Sentralkomiteen i partiet, 29. september 1969.

Testamentet åt president Ho Chi Minh og styrkja rekkjene av kommunistar som kjempar under den ærerike fana hans, vedtok Politisk utval i Sentralkomiteen i partiet den 6. mars 1970 å setja i gang *ei rørsle for å gjera partimedlemene betre og ta opp ein Ho Chi Minh-flokk med nye medlemmer*. Etter vedtaket i Sentralkomiteen i partiet får organisasjonane for ungdom, pionerar og born her i landet den æra å bera namnet åt president Ho Chi Minh. Dette gjer ungdomen byrg, men på same tid er det eit stort ansvar: Ungdomen lyt gjera sitt beste for å føra det store arbeidet til onkel Ho vidare på ein verdig måte.

Dei væpna styrkane og folket i Sør-Vietnam snudde sorga til revolusjonær gjerning. Dei lova å styrkja eige samhald og setja til for å utrydja dei amerikanske imperialistiske åtaksmennene og lakeiane deira, knusa den amerikanske planen om å »vietnamisera«¹ krigen, frigjera Sør-Vietnam og samla fedrelandet att.

I nord snudde folket sorga til revolusjonær gjerning. Dei arbeider seg fram i kappestrid for fedrelandet, aukar produktiviteten og arbeidseffektiviteten og verjer og byggjer sosialismen i nord. Dei strir jamsides landsmennene i sør mot amerikansk aggresjon, for å berga nasjonen og oppfylle plikta som det store baklandet for den store djerve kampfronten.

Når me kjenner uendeleg sorg og saknad etter avferda åt president Ho Chi Minh, lat oss stå fast på å gjera alvor av det høgaste ynsket hans: *»Lat heile partiet og folket slå kreftene tett saman, byggja eit fredeleg, sjølvstendig, demokratisk og velståande Vietnam som er samla på nytt, og gje eit verdig tilskot til verdsrevolusjonen.»*

SLUTNING

President Ho Chi Minh ofra heile livet til den revolusjonære saka for folket vårt og folka i verda. Den store sigeren i den vietnamesiske revolusjonen er knytt til eit liv fullt av hardt arbeid, motgang og offer, det uvanleg gode og ærefulle livet åt president Ho Chi Minh. Han var den store nasjonalhelten, den høgt elska og æra leiaren for den vietnamesiske arbeidarklassen og nasjonen. Han var ein eineståande krigar og ein framståande stridsmann i den internasjonale kommunistiske rørsle og den nasjonale frigjeringsrørsle. Til byrgare me er av president Ho Chi Minh, til byrgare er me av det ærerike partiet vårt, den djerpe nasjonen vår og det trottige og uredde folket vårt.

Dei gode tankane hans og dei personleg eigenskapane vil for all ettertid lysa opp vegen der me djervt skal gå fram.

Me høgtidar 80-årsdagen for fødselen åt president Ho Chi Minh. For å syna kjærleiken og takksemnda vår må heile partiet, hæren og folket gjera seg ut om å læra av tankane hans, av dei personlege eigenskapane og arbeidsmåten. Dei må gjera etter det heilage testamentet hans og gjennomføra dei fem eidane frå Sentralkomiteen i partiet.

Me lovar å styrkja samhaldet oss imellom, gjera oss meir revolusjonært årvake, gjera alt me kan og

vinna over alle vanskar, gå støtt frametter på den revolusjonære vegen president Ho Chi Minh har streka opp, og føra den framgangsrike striden vidare for å oppfylle det gjæve idealet og ynsket hans.

*Æveleg takksemd til den store presidenten vår,
Ho Chi Minh!*

*Lat oss leva, stri, arbeida og studera etter føre-
dømet hans!*

HO CHI MINH: «INGENTING ER MER VERD ENN FRIHET OG UAVHENGIGHET»

Krigen kan komme til å pågå i fem år, ti år, tjue eller mer. Hanoi, Haiphong og andre byer og landsbyer kan bli ødelagt, men det vietnamesiske folket kommer ikke til å la seg skremme. Ingenting er mer verd enn frihet og uavhengighet. Så snart seieren er vunnet kommer vårt folk til å gjenoppbygge landet. . .» Med disse ordene uttrykte Ho Chi Minh det vietnamesiske folkets ukuelige kampvilje i det berømte oppropet fra 17. juli 1966. 30. april 1975 var landet frigjort. USA-imperialismen og dens lakeier hadde lidd et sviende nederlag. Det vietnamesiske folket har slåss for frihet og uavhengighet i tiår på tiår.

Vi gjengir her en oversikt over denne heroiske historia som avisa Klassekampen laget etter den store seieren 30. april 1975.

1858—1975: En oversikt over det vietnamesiske folkets seierrike kamp

»Vietnam har en 4 000-årig historie. Det vietnamesiske folket har en tradisjon av beslutsom kamp mot grusomme herskere i sitt eget land og mot fremmede angripere. I kampen for å bygge opp og forsvare sitt land våknet folkets nasjonale bevissthet». (Fra Vietnams Arbetarpartis historia, Utgitt av DFFG, Stockholm 1971)

De franske kolonistene kommer

1858–1884: De franske kolonialistene trenger seg inn i Vietnam. Den føydale godseierklassen, under ledelse av Nguyen-dynastiet, kapitulerer. Folket reiste seg gjentatte ganger til opprør mot angriperne og hjemlige forrædere. Enkelte steder fortsatte kampen helt inn i dette århundret.

Under de franske imperialistenes herredømme ble Vietnam til et koloniale og halvføydalt land, hvor to grunnleggende motsigelser dominerte: Motsigelsene mellom Vietnam og den franske imperialismen og motsigelsen mellom det vietnamesiske folket, særlig bøndene, og de føydale godseierne. Bare når disse motsigelsene ble løst, kunne det vietnamesiske samfunnet utvikles.

Men alle tidligere anti-franske bevegelser hadde mislyktes. Hvorfor? Det vietnamesiske folket manglet en politisk linje som kunne anvendes på den nye historiske epoken, imperialismens og den proletariske revolusjonens epoke. Denne politiske linja ga marxismen-leninismen.

Arbeiderklassen blir ledende

Etter oktoberrevolusjonen i 1917 ble den vietnamesiske arbeiderklassen den eneste klassen, som kunne oppnå det politiske lederskapet i nasjonen, fordi den ble utsatt for en tredobbelt undertrykking av imperialismen, føydalismen og det hjemlige borgerskapet. Den utgjorde den mest framskredne produktivkrafta, fordi den var sysselsatt i fiendens økonomiske sentra.

Desember 1920: Nguyen Ai Quoc (Ho Chi Minh) deltar i stiftinga av Frankrikes Kommunistiske Parti (PCF) som delegat fra Indokina. Kongressen beslutter å søke medlemskap i den Kommunistiske Internasjonale (Komintern).

1925: Vietnams Revolusjonære Ungdomsforbund stiftes av Ho Chi Minh og andre patrioter. Hovedformålet med denne organisasjonen var å tilegne seg marxismen-leninismen, anvende denne teorien i den patriotiske kampen og forberede danninga av Vietnams Kommunistiske Parti.

1928–29: Arbeiderbevegelsen vokste voldsomt i styrke, og stilte både økonomiske og politiske krav. Samtidig var bevegelsen blant bøndene og småborgerskapet meget stor.

Kommunistpartiet opprettes

3. februar 1930: Ho Chi Minh leder en kongress i Kowloon (Hong Kong) som beslutter å opprette Vietnams Kommunistiske Parti (Seinere omdøpt til Indokinas Kommunistiske Parti, nå Vietnams Arbeiderparti).

Mai–september 1930: Partiet starter en aktiv revolusjonær bevegelse over hele landet, som munner ut i Nghe Tinh-sovjetopprøret i Nghe An-provinsen. Dette er første gang i nasjonens historie at det blir oppretta ei statsmakt som virkelig tilhører arbeiderne og bøndene.

April 1931: Indokinas Kommunistiske Parti blir anerkjent som avdeling av Komintern.

Massebevegelsene øker

Juni–desember 1936: Under partiets ledelse bryter streikebevegelsen ut i en mye større skala enn tidligere. I august streiker arbeiderne ved Michelin-plantasjen i Dau Tieng, i november streiker 6 000 kullgruvearbeidere i Cam Pha.

29.–30. mars 1938: Sentralkomiteen i partiet oppsummerer massebevegelsene og stiller oppgaver for å utvikle bevegelsen videre framover. Dette møtet avslører trotskistenes reaksjonære karakter og fastslår nødvendigheten av å bekjempe dem.

23. september 1940: Bac Son-opprøret. Den første gerilja-enheten under partiets ledelse blir dannet. Samme dag okkuperer de japanske fascistene Indokina. De franske kolonialistene kapitulterer uten kamp.

8. februar 1941: Ho Chi Minh vender tilbake til Vietnam.

Viet Minh blir stifta

Mai 1941: Forbundet for Vietnams Uavhengighet (Viet Minh) blir stiftet. Dette var en bred nasjonal enhetsfront som hadde som formål å kjempe for Vietnams fulle uavhengighet.

7. mai 1944: Viet Minhs hovedkvarter sender ut ordre om opprør.

22. desember 1944: »Vietnams propagandaenhet for nasjonal frigjøring» blir grunnlagt. Dette blir utgangspunktet for Vietnams Folkehær.

Mars 1945: Partiets politbyrå beslutter å starte en mektig bevegelse mot de japanske fascistene for nasjonal frigjøring og for å forberede det væpna opprøret. Den 11. mars bryter Ba To-opprøret ut.

August 1945: Folkeopprør som seirer i hele Vietnam, i Hanoi den 19., i Hue den 23. og i Saigon den 25. august.

DRVs uavhengighetserklæring

2. september 1945: På den provisoriske regjerings vegne, leste Ho Chi Minh opp den Demokratiske Republikken Vietnams uavhengighetserklæring i Hanoi.

6. mars 1946: Foreløpig kompromiss med de franske kolonialistene undertegnet med det formål for øye å konsolidere og utvikle motstandsbevegelsen.

24. november 1946: Franske krigsskip bombarderer Haiphong. 6 000 ble drept.

22. desember 1946: Sentralkomiteen i partiet slår fast linjene for hele folkets motstandskrig mot de franske kolonialistene. Det er nødvendig å trekke hele folket med i motstandskrigen, som må være langvarig og stole på egne krefter.

14. juli 1949: President Ho Chi Minh undertegner dekretet om reduksjon av jordleia og overdragelse til fattige bønder av jord som var blitt konfiskert fra franske kolonialister og vietnamesiske forrædere. Dekretet skapte stor entusiasme og oppmuntret bøndene til å bidra enda mer aktivt til motstandskampen og til å øke produksjonen.

Januar 1950: Kina, Sovjetunionen og folkedemokratiene anerkjenner den Demokratiske Republikken Vietnam (DRV) diplomatisk.

USA-«rådgiverne» kommer

19. mars 1950: Store demonstrasjoner i Saigon i protest mot et amerikansk marinebesøk. Fra tidlig dette året tok USA til å sende militære «rådgivere» og militærhjelp til franskmennene.

Februar 1951: Indokinas Kommunistiske Parti endrer navn til Vietnams Arbeiderparti på partikongressen.

Desember 1953: Beslutningen om å gå til offensiv mot den franske befestningen Dien Bien Phu blir tatt.

Dein Bien Phu!

7. mai: Dien Bien Phu blir nedkjempet av den vietnamesiske folkehæren. Over 16 000 fiendesoldater blir drept eller tatt til fange. Foruten Folkehæren, ble 200 000 sivilforsvarsmenn og -kvinner mobilisert og utførte over 3 000 000 dagsverk for Dien Bien Phu-fronten. Titusenvis av ungdommer ryddet nye veger fram til fronten sammen med ingeniørbrigader fra folkehæren.

Geneve-konferansen

20. juli 1954: Genevekonferansen om Indokina avsluttes. Den franske regjeringa går med på å gjenopprette freden i området. Frankrike og de andre deltakende landa anerkjenner Vietnams, Laos' og Kambodsjas sjølstendighet, enhet og territoriale integritet.

De franske troppene dras tilbake fra Indokina. Frie valg skal holdes over hele Vietnam i juli 1956, men dette blir sabotert av USA og Ngo Dinh Diem, den USA-innsatte fascistdiktatoren i den sørlige delen av Vietnam.

September 1955: Vietnams Demokratiske Front dannes. Den skal samle folket rundt et program for fred og gjenforening av hele Vietnam. I den nordlige delen av Vietnam gjennomføres jordreformen. To millioner familier ble tildelt jord.

USA og Saigon deler landet i to

Oktober 1956: Den såkalte »Republikken Vietnam» utropes. Dermed delte USA og Saigon landet i to og brøt sjølve det sentrale punktet i Geneve-avtalene, som fastslår at Vietnam er ett land.

1954–59: I de sørlige delene av landet i de første fem årene etter Geneve-avtalen ble 189 000 mennesker tvangsflyttet, 800 000 fengslet, 600 000 torturert og 90 000 myrdet. Ansvarlig: Det USA-støttede Diem-diktaturet. Terroren tvang folket til å velge mellom utryddelse eller væpna motstand.

Januar 1959: Viktig konferanse av sør-vietnamesiske revolusjonære. Konferansen slår fast at Diem-regimet er et reaksjonært og krigersk styre som har forrådt de nasjonale

interessene. Det er nødvendig å anvende revolusjonær vold for å bekjempe kontrarevolusjonær vold, og gjøre opprør for å føre statsmakta over til folket. Nå var tidspunktet for å gripe til væpna kamp sammen med politisk kamp for å føre folkebevegelsen framover.

1959–60: Spontane opprør mange steder i Sør-Vietnam.

FNL blir danna

20. desember 1960: Sør-Vietnams Nasjonale Frigjøringsfront (FNL) dannet av representanter for ulike klasser, partier, religiøse grupper og de nasjonale minoritetene. Kongressen vedtok et handlingsprogram. Hovedinnholdet: Styrte det kamouflerte koloniveldet og Diems diktatur, for å bygge et uavhengig, demokratisk, fredelig og nøytralt Sør-Vietnam, og å arbeide for landets fredelige gjenforening.

Begynnelsen av 1961: Folkets frigjøringshær ble organisert. Den er delt opp i sjøforsvarsstyrkene, som er et slags heimevern, de regionale styrkene for både geriljakrig og større operasjoner, og den regulære hæren.

Tidlig i 1963: Slaget ved Ap Bac. Her viste frigjøringshæren for første gang at den var i stand til å overvinne en militært overlegen fiende som gjorde bruk av stridsvogner og helikoptere.

1. november 1963: Fascistdiktatoren Diem er ikke lenger et nyttig redskap for USA-imperialismen. USA får i stand et militærkupp og Diem blir myrdet etter ordre fra den amerikanske spionorganisasjonen CIA.

»Tonking-bukt-episoden»

August 1964: USA fabrikerer »Tonkingbukt-episoden», og bruker den som et påskudd til å bombe en rekke havnebyer i den nordlige delen av Vietnam.

1964–65: FNL og frigjøringshæren vinner den ene seieren etter den andre i Sør-Vietnam. 80 prosent av landet er befrikket. I desperasjon starter USA-presidenten Johnson bombekrigen mot Nord-Vietnam den 7. februar 1965 mens tusenvis av amerikanske kamptropper sendes til Sør-Vietnam.

Ho Chi Minhs opprop

17. juli 1966: President Ho Chi Minh uttrykte klart det vietnamesiske folkets besluttomhet om å slå tilbake USAs angrep fullstendig i et opprop som ble offentliggjort denne dagen: *»Krigen kan komme til å pågå i fem år, ti år, tjue eller mer, Hanoi, Haiphong og andre byer og landsbyer kan bli ødelagt men det vietnamesiske folket kommer ikke til å la seg skremme. Ingenting er mer verd enn frihet og uavhengighet. Så snart seieren er vunnet, kommer vårt folk til å gjenoppbygge landet. . .»*

Tet-offensiven

30. januar 1968: Tet-offensiven starter over hele Sør-Vietnam. Inne i sjølve Saigon erobrer en avdeling fra frigjøringshæren den amerikanske ambassaden og holder den i mange timer mot ville angrep.

1. november 1968: USAs president Johnson tvinges til å innstille bombinga over Nord-Vietnam. Over 525 000 amerikanske tropper står ennå i Sør-Vietnam.

»Vietnamisering»

Våren 1969: Nixon tar over som president. Han trekker gradvis ut de amerikanske bakketroppene som et ledd i »vietnamiserings-strategien». Denne går ut på å bruke asiater til å bekjempe asiater, mens USA skulle levere våpen og utstyr. En viktig grunn til dette er agitasjon og mytterier innen den amerikanske hæren i Sør-Vietnam, som er lei av krigen.

PRR blir danna

6. juni 1969: FNL, Alliansen av nasjonale krefter, demokratiske krefter og fredskrefter og andre organisasjoner danner den Provisoriske Revolusjonære regjering (PRR) som straks blir anerkjent av et 20-talls land. Dette tallet øker stadig i de kommende åra. Statsminister blir Huynh Tan Phat. For-

mann for PRRs rådgivende forsamling er Nguyen Huu Tho, som også er formann for FNL.

3. september 1969: President Ho Chi Minh dør.

Januar–Februar 1971: Saigon-hæren invaderer Laos, men blir slått tilbake med store tap.

Mars–april 1972: Frigjøringshæren starter ny offensiv og vinner store seirer. USA gjenopptar bombingene av Nord-Vietnam og legger ut miner i nord-vietnamesiske havner.

Desember 1972

Desember 1972: B-52-fly blir satt inn i en desperat terrorbombing av Nord-Vietnam i et forsøk på å knekke de progressive kreftene i Vietnam. Uten resultat.

Parisavtalen

27. januar 1973: Avtalen om opphør av krigen og gjenopprettelsen av fred i Vietnam blir undertegnet i Paris (Paris-avtalen). Helt fra starten av blir denne avtalen sabotert av Saigon-juntaen med USAs godkjenning.

29. april 1973: De siste amerikanske kamptropper blir trukket ut av Vietnam. Imidlertid er det igjen over 20 000 »sivile» amerikanske rådgivere for Saigon-hæren som blir betalt over det amerikanske forsvarsbudsjettet.

1973–75: I de to åra etter Paris-avtalen ble inngått gjennomførte Saigon-sida over 500 000 brudd på våpenhvilen, nærmere en million mennesker ble sperret inne i konsentrasjonsleire og »strategiske landsbyer» og 200 000 politiske fanger ble holdt i fengsel i strid med avtalen.

Fra Phuoc Binh til Saigon!

6. januar 1975: Provinshovedstaden Phuoc Binh blir frigjort. Dette er den første i rekken av store seire i år.

11. mars 1975: Ban Me Thuot frigjort. Juntalederen Thieu beslutter i desperasjon å oppgi det sentrale høylandet.

26. mars: Hue frigjort.

29. mars: Da Nang frigjort.

4. april: Cam Ranh frigjort.

16. april: Phan Rang frigjort.

21. april: Xuan Loc frigjort.


26. april: PRR sender ut en oppfordring til folket i de områdene som ennå er kontrollert av Saigon-juntaen om å gå til opprør, knuse juntaens krigsmaskin og opprette folke-makt i sine områder. Saigon-administrasjonen er et undertrykkingsredskap for USA-imperialismens nykolonialisme, og må avskaffes, het det videre.

— Erklæringen blir etterfulgt av folkeoppstander og mytterier i Saigon-hæren.

30. april: Saigon blir frigjort!



Truong Chinh's klassiske bok om folkekrigen i Vietnam. 136 sider, Kr. 24,50



VÅR EGEN JORD

Noveller fra Vietnam.

Fortellingene i denne boka forteller om hvor det vietnamesiske folket har hentet sin styrke fra, hva som har gjort det i stand til å drive en av verdens største undertrykker- og utbyttermakter bort fra sin jord.

155 sider, Kr. 36,—

Ho Chi Minh- ein stor revolusjonær


Denne boka fortel livshistoria til Ho Chi Minh, leiar-
en for den vietnamesiske revolusjonen og den
første presidenten i Den demokratiske republikken
Vietnam.

Dette er ei historie om korleis kommunistpartiet i
Vietnam vart skapt og korleis det endra heile
gangen i frigjeringskampen mot kolonialisme og
imperialisme. Det er historia om ustanskelege sigrar
for eit lite, fattigt folk i Sørøst-Asia, og om det eine
nederlaget større enn det andre for fransk kolonial-
isme, japansk fascisme og amerikansk imperial-
isme.

Boka gjev god hjelp til å forstå kva slag oppgaver
folka som kjempar mot imperialismen i den tredje
verda strir for å løysa.

Ho syner og korleis vietnamesarane har nytta den
marxist-leninistiske læra om folkekrigen, det ein-
aste dugelege våpenet som finst mot aggressive
imperialismakter.

Ho Chi Minh vart fødd 19. mai 1890. I 1920 var han
med på å skipa Det franske kommunistpartiet, og
han kjempa saman med dei kinesiske kommunist-
ane i Kanton frå 1924 til 1927. Han leidde arbeidet
med å skapa Vietnams Kommunistparti, som vart
skipa i 1930. Etter augustrevolusjonen i 1945, vart
Ho Chi Minh president i Den demokratiske repu-
blikken Vietnam, og han leidde heile det vietnam-
esiske folket i motstandskampen mot fransk kolo-
nialisme fram til 1954 og mot USA-imperialismen
frå 1965. Ho Chi Minh døydd 3. september 1969,
halvanna år etter den store Tet-offensiven, som var
innleiinga til det endelege nederlaget for USA-im-
perialismen.


Oktober